

# Jubileumskrift

Stord Idrettslag 1914 – 2014

## Jubileumsskrift for Stord Idrettslag 1914 – 2014

### **Ansvarleg redaktør:**

Lars Mugaas

### **Skribentar:**

Arnulf Agasøster

Svein Andersland

Olav Andersen

Kjetil Djuve

Harald Haugen

Jonny Huse

Henning Rikheim Iversen

Harald Karlsson

Magne Klementsén

Erling Laukhammer

Magne Jostein Mikkelsen

Atle Bjørn Mæhle

Edvard Sternhoff

### **Foto:**

Tor Resser

Jarle Kaldråstøyl

Jorunn Lillebø Gjerstad

John Kvarme

S. Kannelønning

Jan Ove Sagenes

Aud Vatne Lundes

### **Takk til:**

Bladet Sunnhordland for bruk av biletmateriale.

Ole Kannelønning for tilgang til S. Kannelønning  
sitt arkiv på Sunnhordland Folkemuseum.

### **Stord 2014**

Grafisk arb.: Byrået Design & Profilerung

Trykk: Bladet Sunnhordland



# Forord

**Idrett er noko langt meir enn trening og prestasjonar. For meg, og mange meg, som fekk idrett i blodet tidleg i barneåra, betydde den sosiale fellesskapen og klubbmiljøet like mykje, ja, kanskje meir enn dei sportslege prestasjonane. Rett nok var utfordringa i trening og spenning framføre konkurransane sjølve drivkrafta for innsatsen vår, men den venskapen som utvikla seg mellom oss, har halde ved lag langt opp i alderdommen og vil vara livet ut.**

Gjennom historia til Stord idrettslag finn me mange slektsnamn som går att i lagsoga oppover i åra, heilt fram til vår tid. Det er tydeleg at besteforeldre og foreldre, søsken, tanter og onklar har hatt innverknad på etterkommarane sitt val om å vera med i idrettslaget i ei eller anna gruppe, der dei har funne venskap og interesse. Det har vore, nærast ei "farleg" reise, å skriva soga om Stord idrettslag gjennom 100 år. For det første har det ikkje vore råd å skaffa fram dokumentasjon frå starten i 1914 og til 1934. Frå dette siste årstalet har me funne både styrereferat og referat frå årsmøta fram til 1970 åra. Idrettslaget tok då til å trykkja årsmeldinga, men ingen har teke arkiveringsansvar frå denne tida og til no. Til 50-årsjubileet i 1964 vart det sett ned ei nemnd som skulle skriva soga fram til då. Men det vart ikkje gjort. Eg har vore så heldig at eg har fått tak i bilete frå den første tida 1915- 1920-talet. Det er mange som har bilete, både frå eldre og nyare tid, men det er å få tak i dei. No er punktum sett.

Det har vore vanskeleg, tykkjer eg, å nemna namn, for då er det så veldig lett at nokon som skulle vore med, ikkje er der, og såleis set ein seg sjølv for hogg. Men den kritikken må ein alltid tola når ein stikk handa bort i eit så vidfemnande og noko "lausrive" stoff som dette er. Styret sa straks frå om at me ikkje skulle gje ut noko bok, så kor skulle grensa gå for kor mykje innhald me skulle ha med. Me har måtta giera visse sprang i soga. Likevel, eg vonar de som skal til å lesa dette heftet, vil finna det interessant å sjå kva som har skjedd oppover i lagsoga til Stord Idrettslag, og kva tankar leiarane i dag har om notid og framtid. Når det gjeld historia til dei ulike gruppene, må desse også sjåast på med "milde" augo. Det ville føra alt for langt å skriva ei djuptgåande utgreiing om kvar gruppe. I dette skriftet vil de finna noko av historia om skigruppa. Dei har skriva og dokumentert sitt eige virke i heftet "Skisport i havgapet", ført i pennen av Atle Bjørn Mæhle. Heftet kom ut hausten 2013. Det må du lesa.

Det har gjort eit uvanleg, stort inntrykk på meg når eg har gått gjennom så mykje historisk stoff, og sjå kva alle dei personane har gjort som har vidd fritida si til Idrettslaget over mange samanhengande tiår. Det gjeld formenn/leiarar, styremedlemmer i alle grupper, dommarar, oppmenn, komitemedlemmer til stemne og festar og andre dugnadspersonar. Det er ufatteleg mange som har vore innom laget og gjort dette arbeidet, og lagt til rette for at barn, ungdom og vaksne har fått utfalda seg i leik og idrett. Ein fantastisk innsats. Når idretten blir meir profesjonell, er det lett å missa tankane om kven som i røynda står bak resultatata. Til slutt vil eg takka alle som har hjelpt til, slik at dette skriftet er blitt ein realitet. God lesnad.

**Lars Mugaas**  
hovudredaktør

# Gode Idrettsvenner



**Stord Idrettslag fyller i år 100 år. Me er i høgaste grad ein vital og oppegående hundreåring. Aldri har det vore større aktivitet og medlemsmasse enn no. Stord Idrettslag har som målsetjing å tilretteleggja for gode oppvekstvilkår gjennom ei meningsfylt fritid for alle i kommunen vår.**

Våre ti ulike idrettsgrupper viser godt att på resultatlistene både lokalt og nasjonalt. Det er med stor glede me registrerer jamn og god auke i medlemstallet mellom dei yngste. Utfordringa vår er, og har vore, å oppretthalda gode tilbod til ungdommen etter kvart som dei vert eldre. Det vert prioritert å få fleire av desse med i ulike verv i Idrettslaget som trenarar, dommarar, oppmenn og styremedlemmar. Når me ser attende på desse 100 åra er det mange positive særtrekk med laget vårt. Eg vil i denne sammenhengen trekka fram to av desse;

Godt kameratskap går att i soga vår. Det å ha eit sosialt fellesskap og trygge nettverk er viktige trekk ved idrettslaget vårt. Dette har me mange gode døme på, både før og no. Årelangt - for ikkje å seia livslangt - venskap oppstår ofte gjennom idretten. Dugnadsånd er og ein av dei viktige pilarane i idrettslaget vårt. Me skil her mellom anlegg og drift. Det har vore mange og store anleggsprosjekt oppgjennom åra.. Her må me trekka fram Turnhallen, Åsbanen, Stordhuset, Skianlegget på fjellet, Helsesportløypa i Prestegardsskogen, Idrettsparken på Vikahaugane og fleire fotballbanar i kommunen.

I samarbeid med næringslivet og Stord kommune har me skapt store verdiar som kjem lokalsamfunnet til gode. All dagleg drift i idrettslaget vårt er tufta på dugnad. Me har alltid hatt mange eldsjeler som jobbar år etter år for at born og unge skal få ein trygg og god arena for fysisk aktivitet. Me har fleire hundre trenarar og oppmenn som stiller opp kvar veke, og me har og etter kvart vorte svært gode på store arrangement.

Me er no inne i ein periode med god kontinuitet i dei ulike gruppestyra våre, noko som er svært viktig for arbeidet vidare. Eg er stolt og takksam på vegne av hovudstyret for all denne innsatsen som vert vist.

Jubileumsåret vert naturleg nok eit spesielt år, med mykje aktivitet i Idrettslaget. Desse aktivitetane har krevd mange timar med mykje arbeid for mange av våre ressurspersonar. For at me skulle koma i mål med dette arbeidet, vert det i 2013 organisert inn ein hovedkomité og tre underkomitéar med særskilte arbeidsoppgåver.

Hovedkomitéen har hatt det overordna ansvaret med koordinering av alle aktiviteter. Komitéen har vore sett saman av Magne Jostein Mikkelson, Harald Karlsson, Lars Mugaas, Thomas Heggøy, Runar Øvrebø, Henning Nordfonn og Anne Berit T. Sjø.

Historiekomitéen har vore leia av Lars Mugaas. Han har hatt støtte frå dei ni idrettane som er representerte i Idrettslaget med å finne historisk innhald til Jubileumsskriftet – men Lars Mugaas skal ha ei stor takk for den fantastiske innsatsen han har lagt ned for å få fram historia til Idrettslaget på ein måte som gjer oss alle stolte. I samarbeid med bladet Sunnhordland presentrer med alle idrettane i laget dette året. Her har Henning Iversen vore koordinator.

Festkomitéen har hatt tre arrangement gjennom året; Aktivitetsdagen for dei yngste på skeisebanen i januar, Jubileumsfesten på Stord Hotell og Ungdomsballet i Idrettshallen 29. mars. Komitéen har vore leia med stø hand av Harald Karlsson. Harald Karlsson har og vore arkitekten bak Sponsorlauget, ein konstellasjon av lokale verksemdar som har gjort det mogleg å feira jubileumsåret på ein så storslagen måte. Sponsorlauget er sett saman av SKL, SparebankenVest, Fronta, Wärtsila, Kværner, Apply Leirvik og Advantec.

Aktivitetskomitéen med Runar Øvrebø i spissen, har jobba hardt med å få på plass viktige og store arrangement gjennom jubileumsåret. NM i Terrengløp i april, NM i Turn i september og Vestlandsmeisterskap i Orientering i august er tre gode døme på dette.

Me kan alle saman vera stolte av IDRETTSLAGET VÅRT.

Eg er overtydd om at Stord idrettslag også i framtida vil spela ei aktiv rolle for å utvikla lokalsamfunnet vårt på ein god måte. Endå ein gong takk til små og store, unge og eldre for innsatsen som dagleg vert lagt ned for Stord idrettslag.

Helsing,  
**Magne Jostein Mikkelson**  
Leiar, Stord Idrettslag



## Kjære jubilant, flaggskipet Stord Idrettslag!

Det finnes vel knapt den Stordabu som ikkje ein eller annan gong gjennom livet har vore i kontakt med Stord Idrettslag. Om det er som utøvar, føresett, trenar, dugnadsmedspelar eller som tilskodar. Det er difor Stord Idrettslag betyr så mykje for oss alle. Det er difor denne kjære 100- åringen har overlevd i 100 år, og er sterkare og meir vital enn nokon gong. Alle har eit lite eigarforhold til laget, det er ein del av folkesjela til Stordabuen, ein del av oss. Mange, mange timar er lagt ned i dugnadsinnsats på mange nivå, og folkehelseaspektet, som er eit moderne begrep, har fått fotfeste gjennom aktiviteten i laget gjennom alle desse åra. Laget har fremma samhold og bredde, toppidrettsutøvarar og sportslege prestasjonar frå dei yngste til dei eldste.

Det har vore slit og sveitte, glede og tårer, men alltid har engasjementet og samholdet vore grunnlag for vidare innsats frå dei som har gått i bresjen for vidareføring av laget. I dag kan ein sjå tilbake på ei imponerende merittliste. Laget har fått fram nokon av våre fremste ambassadørar, og dei som har reist ut for å presentera Stord med SIL på ryggen, har gjort Stord kjend vidt i kring. Enkeltpersonar og lag som i Stord Idrettslag sin regi har gjort glimrande prestasjonar på idrettsarenaen, har gjeve sunne og gode førebilete for våre born og unge. Imponerende arrangement har funne stad, og laget har vore den fremste motoren for å bygge opp svært mange av våre sportslege arenaer.

Me er svært takksame for den jobben som er gjort gjennom desse 100 åra innan alle delar av laget. Kvar og ein som har hatt ei rolle, kan med visse seie at dei har teke del i denne historia som også har forma store delar av Stordsamfunnet sin kulturelle arena. De kan alle vera stolte over flaggskipet Stord Idrettslag!

Beste helsing  
Liv Kari Eskeland  
Ordførar

# Slik tok det til

*Aar 1914, den 30. mars holdtes efter indbydelse av, del interesserte møte i Ungdomshallen på Leirvik til mulig dannelse av et idrettslag.*

*13 mand var tilstede.*

*Efter en del disput enedes man om at faa laget i gang, og valgte en arbeidskommitte paa 3 mand, herrer Enholm, Kattetvedt og Frugaard, som fik i opdrag at samle medlemmer, og paa bedste måte bekjendtgjøre en generalforsamling til val av styre mv.*

*Formannen i Ungdomslaget, herr O. Høyland var paa opfordring tilstede.*

*Han oplyste at laget kunde gjøre regning paa gratis lokale og lys i Ungdomshallen.*

*Kaptein Holgakker erklærte sig vilig til at lede gymnastikken*

*Møtet hevet.*



*Aar 1914 den 5. april avholdtes, efter bekjendtgjørelse fra arbeidskomiteen, den første ordinære generalforsamling.*

*Tilstede var 20 medlemmer. Man besluttet enstemmig at gaa i gang med paatenkte lag og kalde det Stord Idrættslag.*

*Man besluttet at vælge en bestyrelse paa 3 medlemmer.*

*Formand, viceformand og kasserer, to supplanter og en revisor.*

*Til formand valgtes herr Leif Tonning med 8 st.*

*Til viceformand og sekretær valgtes o.r.sakfører Christensen.*

*Til kasserer valgtes Harald Frugaard med 6 st.*

*Supplanter blev : A Lillebø og W. Engelsen, og revisor Tøttland.*

*Som kontingent fastsettes 2 kr. pr aar som betales forskuddsvis med 50 øre pr. kvartal. Dessuten 50 øre i indskrivning.*

*Bestyrelsen fik i opdrag at fremkomme med forslag til love for laget.*

*Man besluttet indtil videre at holde gymnastikk 2 ganger i uken, hver mandag og fredag kl 8 ½ til 10.*

*Møtet hevet.*

*Leif Tonning, formand*



# Historiske bilete



**Herretropp, omlag 1915.** Øvste rekke frå venstre: Hovland, Engelsen, Øyvind Thu, Alf Lillebø, Jens Frugård, Hans Jæger, Thonning, Willem Engelsen, Magnus Jansen. Andre rekke i frå venstre: Bjarne Dahl, Ole Naustvåg, Stavland, Lekven, Torgeir Tveten, Erik Laukhamar, Jørgen Nysæter. Første rekke frå venstre: Bertinus Larsen, Johan Kattatveit, Ole Vik, Alfred Risan, Sverre Tøssda og Willemann Jansen.



**Frå 50-årsfesten i Turnhallen 1964.** Frå høgre: ukjend, Sverre Tesdal, Halvdan Hystad, Cesilie Mugaas, Magne Mugaas, Merethe Fadnes, John Fadnes, Birger Heiberg Andersen. Framfor senen til høgre: Onar Onarheim, Anna Lillebø, Alf Lillebø (skjult), ein av stiftarane av laget.





Dei ulike turnpartia 1952.



**Dametropp 1917.** Her kjenner me ikkje mange.

Bakre rekkje nr. 2 f.v.: Malene Kattetveit (Frugård), nr. 5 Synnøve Kattetveit og nr. 6 Anna Kattetveit (Berger) alle søstre. Første rekkje nr. 1 f.h. Karoline Tvedten (Kråkenes)

# Lagsmerke



Stord Idrettslag sitt lagsmerke er teikna og utforma av stordabuen Lauritz Nygård Johannessen frå Stord. Kjend også som "far" til maleren til Bjerke. Kva tid han laga Idrettslaget sitt merke, veit me heller ikkje noko om, men ein trur neppe det var laga før i førstninga av 1930-åra.

Opprinneleg var merket utforma med bokstavane ST&I omkransa av 4 F-ar i sølv emalje. Symbolikken i merket med dei 4 F-ar, skriv seg frå turnsporten der Friedrich Jahn frå Tyskland, også kalla "Der Turnvater Jahn", far til turnsporten, sette opp 4 F-ar som stod for Fri, Frisk, Fro, Freidig.

Utformaren av merket har teke utgangspunkt i "ordspråket" turnsporten hadde, og som i så måte kunne vera dekkande for all idrett.

Diskusjonen i Idrettslaget kom opp i 1960-åra om endring av lagsmerket der bokstane skulle bytast ut med namnet STORD. Dette vart vedteke, men samstundes fekk merket ei litt anna form. Namnet vart liksom skråstilt, og noko endring i endane på F-ane ut i frå det opprinnelege merket. Sidan har det visse justeringar.

Opphavsmannen til merket, som levde på den tida, skal ha blitt arg når laget gjorde endringar på eit åndsverk, utan å ha henta inn løyve frå formgjevaren. Men merket vart verande slik det er i dag med namnet STORD. Det er fleire lag i landet som ber initialane ST&I eller SIL, så slik sett var det rett å gjera ei slik endring.

I ei tevling i slutten av 1930-åra om kven som hadde det finaste idrettslagsmerke i landet, fortel soga, utan at det kan dokumenterast, at vårt lagsmerke vart kåra som nr 2 i tevlinga. Det skulle visst vera eit lag frå Oslo som strauk av med første plassen i utforming. Me lever godt i den trua at soga er sann. Merket er fint, og kvar lagsmedlem kan stolt bera det på lagsdrakta og som brystnål.




# Stord Idrettslag si fane



Alt i 1947 tok dei til med å skaffa ei fane til Idrettslaget, og 17. mai 1948 vart den første fana avduka. Laget arrangerte fellesfrukost på Grand Hotell, og i samband med denne vart fana avduka. Me har ikkje noko bilete av denne fana, men på 1960-talet vart ei ny fane avduka. Denne fana vart laga av Asbjørn Nygård sen., bror av han som forma lagsmerket. Det er denne fana me har hatt fram til no i 2014, men tida og bruken har fare ille med ho. "Fanevakt" i dei siste 30-40 åra har vore Kristian Lunde. Han har alltid hatt kontroll over kvar fana har vore, og saman med kona, Aud, har dei halde fana i orden. I alle desse åra har Kristian gått i spiss og bore fana for Idrettslaget i 17. mai-toget gjennom Leirvik, ein idrettsprestasjon i seg sjølv.


No til jubileet vert det avduka ei ny fane som har fått denne utsjånad som bilete viser. Fana er lik den andre, men S.T.& I er bytt ut med STORD i merket.



Kristian Lunde

# Heidersmerke

I 1936 tenkte styret i Idrettslaget at dei skulle få laga eit diplom som eit heidersteikn til personar som hadde merka seg ut, og lagt ned eit verdfullt arbeid i idrettslaget. Styret løvde kr.10,- til å få laga eit diplom. Ragnar Lien, mangeårig instruktør i turngruppa, laga diplommet. Denne vart delt ut til personar før krigen. Kor mange som fekk denne utmerkinga er uvisst. Ingen er bokført, men Magne Mugaas har hatt eit eksemplar hengjande i trappeoppgangen i huset sitt. Denne fekk han , den 28. desember 1937. Underskrive av formann John Fadnes og sekretær Reidar Hystad. Diplommet hadde den utforminga som bilete viser.





Vidare veit me at Harald Nordenborg vart første æresmedlem i laget, men dette er heller ikkje bokført nokon stad kva for årstal han fekk utmerkinga.

I førstninga av 1960-tallet vart det sett ned ei gruppe som skulle komma med framlegg til heidersteikn i bronse, grad I, sølv, grad II og gull, grad III, Grad I fekk grøn farge, grad II blå farge og grad III vinraud farge. Når ein vert heidra som æresmedlem, får ein diplom og eit kunstverk der det står inngravert på ei sølvplate festa til bilete, namnet på mottakaren, æresmedlem, og kva tid vedkommande fekk utmerkinga. Det skal arbeidast ut eit merke som liknar dei andre heidersmerka, som er knytt til æresmedlemskapen og.



Ved 50-årsjubileet i 1964 var desse heidersmerka for første gong delte ut på jubileumsfesten i Turnhallen. Då måtte ein ta att for alle åra, både frå før og etter krigen.

For å finna fram til personar, som bør påskjønast, er det gruppene som må komma med innstillingar på personar. Årsmøtet i hovudlaget vel ei heidersnemnd. Etter forslag frå gruppene kjem heidersnemnda med si endelege innstilling til styret. Det er hovudstyret, saman med heidersnemnda, som innstiller personar til å bli heidra som æresmedlem.

# 1914 - 1920

Vi ser at personane som tok initiativet til starten av Stord Idrettslag, var guttar som heldt til i Leirvik, og som brukte Hagerupsbakkane til leikeplass og Åssletto. Det var, som me kan lesa ein annan stad i heftet: Herrane Enholm, Kattetvedt, Hans Frugaard, Leif Tønning, o.r.sakfører Christensen, Alf Lillebø, Wilhelm Engelsen og Tottland som tok initiativet til å skipa eit idrettslag på Stord. Skipingsdagen var 30. mars 1914.

Det var initiativrike unge, idrettsinteresserte menn som sette seg føre å starta eit idrettslag, ein organisasjon som kom til å veksa etter som interessa for idrett auka. Ideen fengde, og 5. april 1914 var første årsmøtet. 20 personar vart registrerte som medlemmer. Dette talet gjekk sakte oppover til 200 medlemmer framover til slutten av 1930-talet.

**Føremålsparagrafen lydde slik: "Til lagets program henlægges al idræt for så vel sommer som vinter, alt efter styrets bestemmelser." Seinare vart denne endra til: "Lagets formål er å virke for utbredelse av idretten på Stord så vel sommer som vinter." Laget har vore tru mot føremålet sitt og har etter kvart teke opp i alt 10 grupper som representerer ulike idrettar.**

## I starten

Stord var eit bondesamfunn, og i Stord kommune budde det på denne tida om lag 3000 menneske med nokså spreidd busetnad. Bondegutane kunne driva med gardsarbeid å utvikla kroppen sin der til gangs arbeid. Å arbeida i skogen og på garden gav nok av kroppslege utfordringar, meinte mange, også fleirtalet av dei som sat i kommunestyret rista på hovudet når dei høyrde at leiken skulle organiserast i

Turnstemne på Ås 1920.  
Troppoppvisning.  
Instruktør Karl Lekven.



eit eige lag. Difor finn ein ikkje bondegutar så tidleg med i idretten her, og slik var det nok rundt om i landet også på den tida. Skigåing- og skihopping vart nok eit meir landleg fenomen også knytt til gardane og bakkane som eigna seg til skileik, vil ein tru. Men skiaktiviteten var og knytt opp til nytten ein hadde av å komma seg til skule, for å handla eller ein skulle i skogen på vedhogst vintersdagen.

Slik idretten og idrettsrørsla vaks fram, var det først i byane det tok til. Der var det særiddrettsklubbar som vart starta opp, gjerne rundt i bydelar som reine turnforeiningar, fotball-, friidrettsklubbar, skiklubbar, bokse- og bryteklubbar, orienteringslag o.s.v.

Fleiriddrettslaga vart meir eit landsfenomen, der dei same personane var med i ulike idrettar, og der det ikkje var grobotn for eit eige særiddrettslag innan ein idrett.

## Dei første åra: Den første gruppa

Gymnastikk og turn, men også ein spe start av boksing og bryting var med i starten, men desse to siste aktivitetane vart berre eit blaff.

Det er stort å lesa kor lite fordommar det var i storbonden, Ola Høyland, som på vegne av Stord ungdomslag, gav lovnad om gratis hus og ljøs til trening i Ungdomshallen 2 gonger i veka. Det var raust gjort både av han og Ungdomslaget, for det var vel ikkje så sprek økonomi korkje i Ungdomslaget eller hos dei som skulle starta opp.

Kva for oppgåver kaptein Holgaker hadde i Stordsamfunnet har vi ikkje greidd å finna ut. Han hadde kapteins grad, og alle som hadde militær utdanning, hadde fått opplæring i gymnastikk, gjerne med våpenbruk. På skipingsmøte sa han seg villig til å leia gymnastikken 2 gonger i veka. Det var andre som tok over leiinga av gymnastikken seinare, også dei hadde ei eller anna militær grad. Her kan me nemna kaptein Lekven, og sersjant Ragnar Lien som begge to gjorde framifrå stort arbeid innan gymnastikkinstruksjonen i laget. Karl Lekven vart tidleg me før 1920-åra, og stod på framover i lang tid. Ragnar Lien stod på i ein 10-årsperiode fram mot krigsutbrotet. Men gymnastikklærer Samnøy ved Stord offentlege lærarskule på Rommetveit, var også ein dyktig instruktør som tydelegvis var inne ei tid då Lien hadde andre oppdrag. Samnøy seier etter nedskrivne protokoll at han skal hjelpe laget i ei vanskeleg tid, men har det elles travelt i si lærargjerning. Innan laget har det vore vanskeleg å finna protokollar frå starten i 1914 og fram til 1934. Me trur nok at det er skrive punktleg opp, men protokollane vart ofte tekne med heim til den som var sekretær, og etter at bøkene var utskrivne, vart dei som oftast liggjande hos dei som sist hadde dei. Det var ikkje andre stader å leggja desse når bøkene var utskrivne. Såleis har dei blitt liggjande og sidan komne bort. Ein annan tanke som slår ein, er at dei tenkte i alle høve ikkje 100 år framover i tid og at dei protokollane skulle bli så interessante for ettertida. Det er ein protokoll, Medlemsfortegnelse for Stord Turn-og Idrætslag frå 1919 og 1920 som syner oppteikning over dei som var med på gymnastikken og det var medlemsmassen den gongen, dette er berre ei medlemsregistrering, ikkje referat av noko slag. Men den syner det interessante at allereie i 1920 hadde damene sitt eige gymnastikkparti, og i 1924 er det notert opp eit pikeparti. Herrepartiet talde 63, damepartiet talde 38 og passive medlemmer 36. Pikepartiet talde 15 Til saman var dette eit medlemstal på 152. Dei passive medlemmene kan me lesa av namna

at fleire av dei hadde starta eiga forretning i Stord . Dei passive betalte kr 1,- per år. Aktive medlemmer betalte kontingenten for kvart kvarttal. Etter å ha røkja litt etter hjå næraste slekta av Alf Lillebø, så var han aktivt med i gymnastikk og turn, og sidan han var med å stifta laget, er det all grunn til å tru at han var formann i turngruppa i åra framover. Me er så heldige å ha fått tak i eit bilete av etterkomarane av Alf Lillebø. Dette er teke ein gong kring 1914-1916.

Kva bakgrunn dei kvinnelege instruktørane hadde for å kunna ta på seg eit slikt oppdrag, veit me heller ikkje. Dei kan ha hatt lærarutdanning. Men det syner seg at nokre av dei mannlege instruktørane også instruerte damene. Lat oss stansa litt opp med turnidretten for det var tydeleg at mange som var med i friidrett, på ski, i orientering og fotball var med på turn.

Denne idretten kom til Noreg så tidleg som i 1851 med austerrikaran Josef Stockinger. Han hadde vore i Tyskland og lært turn og sett ideane til ”Der Turnvater Jahn” som sette turnsporten i system. Her starta kjennskapen og sidan kunnskapen om turn som vart ei utviding av gymnastikkprogramma der apparatøvingane kom i tillegg. Me kjenner til at turnidretten hadde slege rot på lærarskulen på Stord. I 1869 kom det inn i fagplanane at kroppsoving skulle vera eit obligatorisk fag for seminaristane. I 1870 stod gymnastikksalen på lærarskulen ferdig, og dette staselege bygget er i bruk den dag i dag. Studentane ved skulen hadde store turntroppar med mange gode aktørar. Lærarkandidatane kom frå byar både frå austlandet og her vestfrå , og fleire av desse hadde lært seg turnøvingar i turnforeiningar på sine heimstader.

Sidan gymnastikk og turn var den første og den dominerande idretten i idrettslaget, skifta laget tidleg namn etter stiftinga til å heita Stord Turn- & Idrætslag, forkorta til S.T. & I. Kva årstal dette var, har me ikkje funne fram til. Dette namnet har laget hatt heilt fram til 1998, berre ordna på rettskrivinga i idrettslag. På årsmøte dette året vart det vedteke at laget skulle heita Stord Idrettslag. I dag kan ein så spørja seg om det heiter Stord idrettslag eller Stord Allianseidrettslag. Det siste namnet har ikkje vore til drøfting på noko årsmøte, men faktumet er at det er eit allianseidrettslag anno 2014.

Ein laus, liten, handskriven, lapp dukkar opp mellom nokre av protokollane som er tilgjengelege. På denne står det: Magnus Jansen kom heim frå Amerika hausten 1914 og vart vald til formann i 1915 og sat til 1917. Han fortel at det hadde vore turntrening på Stord så tidleg som i 1898 både for vaksne og born. Treninga vart leia av brørene Arne og Fredrik Riis, søner av sakfører Riis. Den gongen var mellom andre Johannes Larsen med som aktiv turnar. Han nemner og at det var både Skyttarlag og Ungdomslag på denne tida. Dette ser ut til å vera i trå med det som er skrive om lærarutdanninga at ein har vore kjend med denne idretten så tidleg.

## Fotballstarten

Me veit det ikkje heilt sikkert, men i følge Halvdan Hystad, er det all grunn til å tru at det var engelskmenn som sette fart i fotballen på Stord. Det hadde seg slik: I 1919 var det ei mengd med engelske minesveiparar, 68 i talet, som vart liggjande for anker på Leirvik hamn i lang tid . Dei leigde ei slette av Torgeir Tvedten. Her spela dei turneringar både serie- og cupfotball. Dette såg gutane frå Vikjo og dette sette kveik i dei til å prøva fotballspelet.



Kring 1920 kom Harald Nordenborg til Stord. Han kom frå Levanger og hadde spela fotball i fotballklubben Sverre. Han vart tilsett i Sunnhordland Privatbank. Han trefte tidleg ho som vart kona hans, Ingrid Folgerø. Dei gifte seg i 1924, og sidan vart han buande på Stord. Det vart ei lukke for mange, ikkje minst for idretten både på Stord og i Sunnhordland. Han var ein svært entusiastisk og drivande kar. Han fekk sær mykje å seia for utviklinga av fotballsporten, men var også aktiv innan turn. Starta og bygde opp Sunnhordland Fotballkrets, skipa 1932 og sat som formann der i fleire år, og i idrettslaget. I mange år var han aktiv fotballdommar, faktisk også fleire år etter krigen.



Harald Nordenborg

Halvdan Hystad, medeigar og redaktør av Bladet Sunnhordland, også han mangeårig aktiv i fotball og formann i idrettslaget og styremedlem i ein periode på 11 år fortel: Nordenborg laga til eit landslotteri til inntekt for utbygging av grusbane på Åssletta. Det må vera det underlegaste lotteriet i Noregs land, fordi det blei aldri trekt. Ein mann frå Verdal skreiv etter trekningsliste i 2 år, til slutt truga han med å melda saka til politiet. Då fann Nordenborg på den geniale ideen å skriva til han at han var den lukkelege vinnar av ei sylvskei. Sidan høyrde dei aldri meir gjete han eller andre. Me fekk inn 10.000, kr. Lodda vart selde av ymse idrettslag i heile landet.

Økonomien i idrettslaget var ikkje rar. Dei øvde inn skodespel som dei spela for fulle hus fleire gonger. Eit av spelstykkane heitte "Gamlekarane på Storebø" Dei arrangerte basarar med skytebane, luftgevær, lykkehjul og innslag med turnoppvisning av både damer og herrar. I 1935 søkte dei saman med Ungdomslaget om å driva lydfilmkino. Herradstyret ville setja ned ein komite som kunne finna fram til ei løysing der desse to laga samarbeidde om kinodrifta. Etter ei tid fekk dei avslag på søknaden. Heradet hadde planar å driva kinodrift sjølv.

## Friidrett

Det er tydeleg at friidrettsøvingar, der det var løp-, hopp- og kastøvingar, var komme tidleg i gong utan å vera skikkeleg organisert. Ungar og ungdom var på Åssletta og leika, hoppa, slo ball (langball),kasta på stikka og mange andre aktivitetar.

Når friidretten vart organisert som friidrettsgruppe veit me heller ikkje sikkert, men det er grunn til å tru at gruppa kom i gong som fast gruppe i mellom 1920 og 1930. Skulane hadde også kroppøving med øvingar i løp, lengde- og høgdehopp og kast med liten og stor ball.

**Handball** vart det også spela ute på grusbane. Første gong me finn hanballkampar som vart spela på idrettsplassen, og er refererte i protokollane, er i august 1940, men Det var nok eit eige lag som kalla seg Stord handballag som gjekk inn i idrettslaget i 1939. Dei skulle administrerast av turngruppa. Det var ein uteidrett den gongen. Så kom krigen og aktiviteten vart det ikkje den store farten i etter krigen. Nokre prøvde å få i gong handballen, men å spela handball på grusbane, var lite tiltrekkjande. Fart i handballen vart det ikkje før idrettshallen på Vikahaugane kom i 1965.

**Sykkelkonkurransar** vart arrangert på Syklingens dag, ein dag i august eller september. Her var det klassar for spesialsyklar og allminnelege tursyklar, skriv dei i referata. William Ingebrigtsen, som blant anna selde DBS-syklar, hadde sett opp ein vandrepokal til vinnaren i turklassen.

**Skigåing** (langrenn) Inga skigruppe. All skisport vart arrangert av Stord skilag som hadde stått fram som eige lag, men i konkurransar er det medlemmer av ST&I som er med og gjer det framifrå godt. Det er langrenn både med start i Leirvik og i fjellet alt etter så mykje snø som låg. Arne Berger, som no har streka 90 år, aktiv i turn, ski og orientering, fortel: Eg hugsar me gjekk skirenn med start frå Leirvik skule, gjennom skogen i Landåsen, over Stuva, rundt Ådlandsvatnet med innkomst på Torget. Arne hugsar også godt kløyvinga i norsk idrett der arbeidarrørsla hadde sitt eige landsomfattande idrettsforbund AIF. Det var lagarbeidaridrettslag både i Leirvik og på Litlabø. Til og med Sagvåg er nemnt ein stad i eit referat at der var eit arbeidaridrettslag.

**Symjing**, 1000 m hamnesymjing, sjå nærare omtale sidan

Det var berre 3 grupper i idrettslaget fram til 1945 Det var turn, fotball og friidrett. Dei andre idrettane som er nemnde, vart administrerte av dei 3 gruppene når arrangement skulle avviklast. Hovudstyret peikte ut kva gruppe som skulle ta seg av å ha ansvaret for gjennomføringa av arrangementet.

Det skulle vore svært interessant å sett protokollane frå den første tida, for dei styreferata som me har tilgang til frå 1934, er svært utførlege, så dei har nok hatt eit "mønster" å gå etter dei som tok over etter kvarandre som sekretærar.

## Stutt idrettshistorikk:

Me skal berre ta ein gløtt innom det som rørte seg i norsk idrett i 1910 - 1946. Norges Riksforbund for Idræt vart stifta i 1910. Riksforbundet blei i 1919 omorganisert til Norges Landsforbund for Idrett.

Som ei følge av dei tilspissa politiske og sosiale tilhøva i mellomkrigstida, blei Arbeidernes Idrettsforbund (AIF) stifta i 1924 som ein konkurrent til Landsforbundet. AIF tok klare nytteomsyn i sitt syn på idrett. Idrettsarbeidet skulle vera med å spreia politiske idear og skapa samhald. Forbundet var også kritisk til strenge amatørreglar, som dei mente favoriserte samfunnsgrupper med økonomisk handlefridom framfor arbeidarklassen. Eit av krava var derfor å få utbetalt tapt arbeidsforteneste innanfor amatørreglementet. Utover i 1930-åra vart det politiske aspektet ved idrett tona ned innan AIF, og ideane om å fremja folkehelsa og satsing på masseidrett, vart meir sett på dagsorden. AIF var pionerar både innan kvinneidrett og bedriftsidrett. Etter et vedtak av Stortinget i 1936 (idrettsforliket) måtte AIF og Landsforbundet godta kvarandre, og det blei arrangert såkalla forliksstemme med deltakarar frå begge forbund. I 1940 vart dei to forbunda einige om å slå seg saman, og under den tyske okkupasjonen gjekk begge forbund til idrettsstreik ( idrettsfronten).

Etter krigen, i 1946, blei Norges Idrettsforbund (NIF) offisielt stifta.



# 1920 - 1940



Tre pionerar som stod på i fleire tiår for idretten i Stord Idrettslag. Frå 50-årsjubileet. Utmerkingar frå Hordalnd Turnkrets.

Frå venstre: John Fadnes, Magne Mugaas og Tor Haugland.

Dei velskrivne protokollane og referata som er tilgjengelege frå 1934, viser stor aktivitet i laget, særleg innan turn, fotball, og friidrett, men også ski og orientering. Med vinter og snø var det naturleg at skigåing vart ein aktivitet.

Det var tidleg starta eit eige Stord skilag, men at orienteringsløp vart arrangert så tidleg, var interessant. Det første registrerte o-løpet som er protokollført, er 31. oktober 1937. Det er ikkje sagt noko om kva kart ein sprang etter og korleis ein fekk opplæring i denne sporten, men også her kan det vera at militært personell og ungdommar som hadde vore inne til militærtjeneste, hadde lært om bruken av kart og kompass. Resultatlistene viser også at desse karane hadde avtent verneplikta.



Bak f.v. Odd Haugli, Oskar Fadnes, Ove Sagenes, Finn Kattetvedt, Fritz Aas, Sigmar Karlsen, Gudmund Frugård og Hilmar Onarheim. Framme f.v. Per Sørheim, Einar Aas og Ludvig Yttredal

Denne tiårsbolken frå 1930-40 var ein framgangsrik og aktiv periode i laget. Fotballgruppa spelte kampar både mot Vard og Djerv 1919 frå Haugesund og mot fleire lag i Bergen, både ute og heime ved sida av dei ulike lokale laga i Sunnhordland som etter kvart var blitt skipa. Fleire gonger tukta dei gode lag som Vard og Brann i godt slag. Dei deltok etter kvart i Noregsmeisterskapen. Kom gjerne til 1. runde etter å ha spela seg gjennom 1. og 2. kvalifiserande runde. **Frøidrett:** Det er all grunn til å tru at frøidretten kom tidleg med som gruppe i Idrettslaget. Det var naturleg for unge å springa, hoppa og kasta. Men som før sagt veit me lite om kva som skjedde før me kjem til 30-åra, men me må tru dei var i gong alt tidleg i 1920-åra. Frå 1934 er dei nemnde som gruppe. I 1930-åra deltok fleire menn i krinsmeisterskapen i Hordaland. Frøidrettsgruppa gjorde opptakten til Sunnhordlandsmeisterskapen i frøidrett, første gong arrangert av Stord i august 1938. Dei arrangerte pokalkampar mot fleire lag i Hordaland, og resultatane var framifrå gode. Mange hoppa t.d. langt over 6 m i lengde. Fleire sprang 60 m under 7 sek. Dette står det respekt av når ein tenkjer på både banetilhøve og utstyr. Idrettsmerkeprøvar vart også avvikla av frøidrettsgruppa.

**Turngruppa** arrangerte i denne 10-årsbolken klubbmeisterskap, Hordalandsmeisterskap i apparatturn. Krinsstemne for heile Hordaland med fleire hundre deltakarar. Det viser seg at dei alt i 1920, tok på seg å arrangera krinsturnstemne for Hordaland, ei stor oppgåve for eit ungt lag med heller få medlemmer. Dei engasjerte turntrenarar frå Bergen til fleire helgesamlingar som inspirerte til vidare framgang og utviding av øvingsutvalet, og dei kom til å hevda seg svært godt. Referata fortel om kven som har delteke i konkurransane, plassering og resultat. Her viser namna at mange av personane var aktive både i turn, fotball, ski, frøidrett og orientering. Det var ikkje den same spesialiseringa då som no. Eit gjennomgåande trekk i denne 10-årsbolken er at dei var svært aktive med å arrangera klubbkonkurransar og pokalkampar mellom idrettslaget og andre lag frå ulike stader i Sunnhordland og Hordaland. Dette galdt alle gruppene i laget.





Bak f.v. Johannes Bjelland, ukjend, ukjend, Fritz Aas, Tor Haugland, John Fadnes, Magne Bruland, Håkon Gulliksen og Einar Aas. Framme f. v. Magne Mugaas, Instruktør Samnøy og Harald Nordenborg.

Etter kvar fotballkamp er laga førde opp frå mål til ytre venstre, ei vurdering av dommaren er og teke med, både med ris og ros. Likeeins kven som deltok i dei ulike stemna. Det er utførlege referat og resultat som verkeleg er imponerande t.d. innan friidrett, men å ta med alt dette ville nok føra oss langt ut på viddene i denne historiske kortforma.

I desse åra er det for det meste dei same personane som sit som formenn i gruppene og vekslar om å overta formannsjobben i hovudstyret. Fleire av desse sit gjerne i 10-12 år som gruppeformenn. Det gir stabilitet i laget med driftige og entusiastiske personar. Desse personane var svært aktive som leiarar. Harald Nordenborg, fotball, turn og formann i hovudlaget, Tor Haugland, friidrett, turn, formann i hovudlaget, brørene Halvdan Hystad, styremedlem og formann i hovudlaget og Reidar Hystad friidrett, sekretær og formann i hovudlaget, John Fadnes, styremedlem og formann i hovudlaget og gymnastikkinstruktør for gutar og herrar og mangeårig fotballdommar. Magne Mugaas, gruppeformann i turn og formann i hovudlaget og mangeårig turninstruktør og dommar i friidrett, Reidar Johannessen mangeårig sekretær og kasserar, Gudmund Frugård, fotball, Borghild Folgerø Yttredal, turn damer, Ludvik Yttredal, fotball og formann i hovudlaget, Ove Sagenes, formann ifotball, ski, turn, orientering, John Engelsen, friidrett, orientering og formann i laget, Amund Engelsen, friidrett, ski og formann i laget, Trygve Grøsvik, fotball, orientering, sekretær, kasserar og formann i laget og Per Sørheim, mangeårig friidrettsleiar. Samstundes var dei aktive innan ulike idrettar. Eit viktig poeng er å merka seg at damegruppa i turn hadde så brei plass i laget at dei fekk ein fast plass i hovudstyret. Såleis er det ei fjør i hatten til Idrettslaget som verdsette kvinnene så sterkt. Me ser av referata at dei også var svært aktive med i festkomitear der det var medlemmer frå begge kjønn og i skodespel og andre viktige arrangement for å dra inn midlar til laget. Les me andre idrettsforeiningar sine soger, kjempar kvinnene om å få plass i hovudstyra til langt inn i 1930-talet.

**Symjing.** Dette var ein aktivitet som låg til hovudlaget, men inga aktiv, organisert trening. Dei ulike gruppene fekk tildelt ansvaret for å arrangera, 1000 m hamnesymjing. Denne gjekk frå Naustneskaaien og til Flumerke der moloen er i dag og tilbake til startstaden. Dei kjempa om ein vandrepokal som var sett opp av Bergen Svømmeclubb. Pokalen måtte vinnast 3 gonger for å få han til odel og eige. Det var ikkje, som tidlegare nemnt, noko aktiv symjegruppe, men dette var eit årvisst arrangement så sant det var temperatur i sjøen.. Seinare vart denne konkurransen flytta til Sponavikjo. Konkurransen har vore årviss også etter krigen og, men dei siste tiåra har ikkje denne konkurransen vore arrangert. Kven som til sist vann pokalen er uvisst. Desse har vunne:

1936 – Jakob Baugstø

1937 – Søren A. Grov

1938 – Magne S. Hystad

1939 – Benny Rongved

1945 – Hjørdis ”Diddi” Risan

1947 – Odd Gulliksen

1948 - Hjørdis ”Diddi” Risan

1950 – Odd Gulliksen

1959 – Ove Sandnes

1963 – Gunnar Sævig

1975 – Madel Kjellsby Grov

1976 – Einar Matre

Der stoppa det opp st.

## Medlemsmøte – arrangement

Dei var svært flinke til å sveisa medlemmene saman og kalla ofte inn til medlemsmøte med lagssaker, mat og dans. Haustfestar, årsfestar, julefestar og skotårsfestar er godt referete, både kven som utgjorde festkomite, festtalarar til damene og herrane og kven som stod for musikken. Dessutan hadde dei ein redaksjonskomite til desse festane som hadde som oppgåve å skriva i ei uhøgtideleg bok som heitte ”Frispark”. Eit av desse eksemplara er tekne vare på og for dei som kjenner personane det er skrive om, vert det ”frisparka” til mange både kvinner og menn i og utanfor idrettslaget. Her var det ikkje mangel på gjøndring.

Klubbhus på Ås vart bygd i 1938 i søndre svingen. Byggenemda fekk i oppdrag om å fullføra det mest nødvendige og levera oppgjer for omkostningane, april 1939.

# 1940 - 1945

Mørke tider rådde i Europa, og 9. april 1940 veit me Noreg vart hærteke, først dei store byane og etter kvart rykte hærmakta utover landet. Den 13. mai 1940 skriv referenten i Idrettslaget at alle stemne og arrangement vert sløyfa grunna situasjonen i Noreg. Men like fullt er det liv i Idrettslaget fram til hausten. Den 18. august vart det arrangert Stordstemne saman med Litlabø Arbeideridrettslag. Det var 110 deltakarar 4 fotballag 4 handballag og friidrettsutøvarar i ulike øvingar. Det var defilering frå Mølla gjennom Leirvik. Stord og Sagvåg Musikklag spela. 400 tilskodarar. Regnbyger. Stort arrangement Her dukkar handballen opp for første gong som konkurransetidrett. Dette ser ut til å vera for menn.

I februar 1940 får Stord Turn- og Idrettslag følgjande brev i høve krigen i Finland som lyder slik:

Kontoret har som oppgåve å rettlede våpenføre menn som har bestemt seg for å reise til Finland som frivillige soldater. Hverving drives ikkje. Foruten Bergen har kontoret som område Hordaland fylke og Sogn og Fjordane fylke.

Når interesserte spør sig for på annet hold, f.eks ved militære kontorer og avdelingar, utskrivningmyndigheter, skytterlag, idrettsforeningar, er det ønskelig at vedkommende blir henvist til oss. Idet vi anmoder om Deres velvilje i så henseende, tillater vi oss å vedlegge en del avtrykk av vårt avertissement.

Ærbødigdt  
For FRIVILLIGKONTORET FOR FINLAND  
G Trumpg

Dette skrivet ser ein ikkje har vore realitetshandsama i styret i Idrettslaget.

## Stord Turn- & Idrettslag innstiller all aktivitet

Idrettslaget dreiv aktiv idrett fram til styremøte 24.september 1941.

Sitat frå styreprotokollen:

”Samtlige styremedlemmer møtte unntatt fru Borghild Yttredal. Møtet ble holdt på foranledning av NS-krinsfører Sverre Tveito. NS var misfornøyd med lagets idrettsarbeid. Det ble forlangt at mer aktiv idrett måtte drives. Kontingent skulle betales til det nye forbundet og konkurranser skulle avholdes. Hvis det ikke ble tatt hensyn til disse forlangende, ville laget, i følge ny forordning, bli oppløst, eiendom inndradd, og det ville bli forbudt å drive idrett på stedet. På grunn av krigssituasjonen anser styret seg ikke i stand til å sette i gang aktiv idrett. Det ble bestemt å kalle inn til ekstra årsmøte, mandag 6.10. 1941, for å klarlegge saken for samtlige medlemmer og høre om det var noen som var villige til å overta ledelsen av laget under de nåværende forhold.”

Slik situasjonen var blitt, var det ingen som ville driva idrettsarbeid etter desse premissa. Dermed var det slutt med aktiv idrett på Stord administrert av Stord Turn- & Idrettslag. Formann i laget var då Reidar Hystad.

## Illegal idrett

Men det vart spela illegale fotballkampar både i 1943, den 6. september mot Brann 2-2 og 6. og 7. november Brann - Stord 2-1, 1-2, og i 1944 vart det spela i alt 9 kampar mot Brann, Litlabø, Uskedalen, Florvåg, Brodd (Bergen), Ori on (Bergen), og Halsnøy. Også skirenn vart arrangerte oppover på Vatnabakkane og skogane rundt. Å bruka ski vintersdagen var vanskeleg å stoppa av den framande militærmakta.

# Turnhallen i Leirvik

## Ei stor og viktig sak for Idrettslaget i 1930 åra

Ungdomshallen vart for liten. Han var sprengd. Tilstrøyminga til turnpartia var stor både av barn og vaksne. Så store at dei måtte setja inntaksstopp på ulike parti. Mange namn går att i ulike idrettar. Difor vart liksom gymnastikk- og turntrening, haust- og vinteridretten som også gjorde dei betre trente til å gå både på ski, driva friidrett springa o-løp og sparka fotball. Det var liksom innandørstreninga, samstundes som dei vart allsidige idrettsutøvarar, og som på toppen av det heile, hadde det moro. Fleire aktive fotballspelarar er også med i klubbkonkurransar i turn, i skikonkurransar og o-løp. I referata er dei førde opp med poengsummar og plasseringar. Vidare er dei førde opp på fotballaga som har spela kampar både mot lag frå Bergen og Haugesund. Når så mange søkte til turntreninga, var saknet stort etter ein større hall.

I 1934 tok laget opp spørsmålet om å byggja ein turnhall, men saka vart ikkje protokollført i styreprotokollane i ST&I før i november 1935, for som det står: ”Det vart ført forhandlinger med badesaksnevnden foranlediget av en av bygdens fremste menn, for det var bare løse forhandlinger i starten.” Dette vart eit langvarig og seigt arbeid, men dei som ivra sterkest for dette, gav ikkje opp. Styret i ST&I hadde nemnt opp følgjande medlemmer til å driva turhallsaka framover. John Fadnes, Tor Haugland, Halvdan Hystad og Magne Mugaas, og dei sat i nemnda til hallen var ferdig.

Det var ei kommunal nemnd som vart kalla Badesaksnevnden. Me har røkt etter, men ikkje funne noko konkret funn om denne nemnda og kva mandat dei hadde. Det var truleg ei nemnd som skulle arbeida for å få til eit kommunalt folkebad. Denne nemnda førde idrettslaget forhandlingar med og med sorenskrivar Wiesner med lovnad om tomt, for den tomten som dei såg seg ut, var i ytterkant av sorenskrivargarden, og såleis statleg eigedom. Wiesner var til Oslo i departementet og kom heim med grønt ljøs om at staten var villeg til å selja tomt til dette føremålet. Etter det ein finn ut frå protokollane, vart prisen sett til kr 1100.

I styremøte 20.12.1936 fekk styret lagt fram kontrakt til kjøp av tomten til Turnhallen. Formannen i Idrettslaget, Halvdan Hystad, fekk fullmakt til å skriva under på kjøpekontrakten. Den 2. februar 1937 skulle ein betala første avdraget på kr 500,00 som vart finansiert slik : Dei 4 i nemnda lånte kr 100 i Stord Sparebank og kr. 400,00 av rektor ved Stord lærarskule, Severin Eskeland, som såg svært positivt på Turnhallsaka. Dette var eit prosjekt i samarbeid med Stord kommune med Idrettslaget som ein svært aktiv pådrivar, då som no, når ein skal få til eit nytt idrettsanlegg i kommunen. Merkeleg nok: Først i januar 1939 vart den formelle kjøpekontrakten underskriven. Sitat: Formannen og viseformannen får fullmakt til å underskrive kjøpekontrakten mellom Justisdepartementet og Stord Turn- & Idrettslag på ”Turnhalli” gnr. 27, br.nr. 259 i Stord ang. samtykke til overdraging av parsellen til Stord kommune.





Dette bilete tek me med for å visa kvar Turnhallen i Leirvik vart bygd, til venstre for bilen. Bilete er truleg frå starten av 1930- åra. Kanskje ei 17. Maifeiring

Alt i 1935 vart det tinga teikningar. Økland & Son på Rommetveit vart kontakta. Først tenkte dei seg ein hall liknande den ærverdige gymnastikksalen på lærarskolen. Storleiken skulle vera 30 x 12 m. Kostnadoverslaget var kr 32020. dette var utan innreining. Dei gjekk bort frå bygging i tre. 17. august 1937 skriv formannen i laget til arkitekt Leiv Tvilde på Voss. Han var interessert i saka, og alt i oktober same året, hadde Tvilde teikningar klare og huset skulle først opp i betong. Pris kr 78000,-. Teikningar med prisoverslag vart sende over til den kommunale nemda som vidare skulle komma med innstilling til heradstyret. Der Turnhallen skulle byggjast, stod støtta av Baard Haugland som vart avduka i 1938. Støtta vart flytta dit ho står i dag i nordre kaisving.

Bygginga av Turnhallen tok til i 1939 og hallen vart teken i bruk kring hausten 1940 til idrettsaktivitetar, kino, danse-tilstellingar, og etter krigen også som arena for skodespel, revyar, basarar og anna møteverksemd. Tidleg i 1941 la Idrettslaget ned all idrettslege aktivitetar. Hærmakta brukte også Turnhallen til kinoar, særleg mynta for sine eigne soldatar. Etter krigen vart det opna kommunalt folkebad i kjellaren med inngong frå Borggata. Der var det tilgong på dusjar og badstove, og ei avdeling med karbad. Denne kommunale drifta fall bort når fleire og fleire bustader fekk bad. I nye bustadhus vart det påbode med bad.

Turnhallen, som låg og ligg sentrelt øvst i Borggata i Leirvik, var storstova i Stord kommune i mange år fram til me fekk den første Idrettshallen på Vikahaugane, ferdig hausten 1965, og Stord Kulturhus, som vart offesielt opna 17. nov. 1978. Men etter omfattande ombygging, er framleis Turnhallen ein viktig og sentral møtestad for pensjonistar og andre foreiningar i Stord kommune.



# Fred

**Krigen var slutt. 8. mai 1945 kunne me feira fridommen. Idretten kunne starta oppatt. Første styremøte vart halde allereie 28.05.45. etter at dei største fredsfeiringane var unnagjort.**

## **Følgjande møte:**

John Fadnes, formann

John Engelsen, varaformann og sekretær

Trygve Grøsvik, kasserar

Tor Haugland, formann i turn

Per Sørheim, medlem i friidrett

Reidar Hystad, medlem i friidrett

Gerhard Haugland, formann i fotball

Dagfinn Vatne, formann i friidrett

Borghild Yttredal, formann dameturn

Harding Skogvold, Litlabø Idrettslag i høve stemne på Idrettens dag som skulle arrangerast, den 3 juni.

## **Saker som stod på dagsorden var:**

Idrettens dag 3. juni

Kontingent for passive medlemmer.

Tvungen legeundersøking og legekort for idrettsutøvarar.

Fotballen orienterte om at treninga starta 29.05 45

Friidrettsstart 28.05.45

Formannen i damegruppa melde om at handballtreninga skulle starta 30.05

Første årsmøte etter freden skulle avviklast, fredag 28. september 1945.

Me ser at dei som hadde site ved styringa før krigen, var parat til å ta tak i idrettsarbeidet igjen.

## **Ein song som gjekk på tonen Jippi, Jai, Jai, truleg dikta av Reidar Hystad:**

Ytterst ute i Hardangerfjord

ligg ei vene øy som heiter Stord.

Der er spretne jenter og spreke gitar  
som har eit Turn-og Idrettslag.

Giv akt og still opp,

få idretten på topp,

for no kan me driva på som før,

og me håpar og spår,

at me alle andre slår,

Og me fram med sigersfana går.

I desse strofene ligg det eit opprop til alle jenter og gitar om å få fart på idrettsrørsla att.

Me ser i referat at alle ledd i Idrettsrørsla var raskt intakt etter krigsslutt. Fleire skriv frå Idrettsforbund og særkrinsar om ulike arrangement vart sende ut til alle lag og organisasjonsledd.

Til styremøte, den 23. juli låg det føre eit framlegg etter forhandlingar som hadde vore i forkant om at Arbeidernes Idrettslag, skulle innlemast i Stord Turn- & Idrettslag. Før krigen hadde det vore eit Arbeidernes Idrettslag både i Leirvik og på Litlabø. Idretts-Norge var delt i to forbund, eitt Arbeidernes Idrettsforbund og Landsforbundet for Idrett i Norge. Straks etter krigen gjekk dei to forbunda saman til Norges Idrettsforbund.

I styremøte 24.10. 45 låg det føre brev frå Orienteringskrinsen om samarbeid. Idrettslaget vedtok å melda inn 30 medlemmer i o-krinsen. I same møtet vedtok styret å melda 100 personar inn i Rogaland skikrets. Dermed vart det organisatorisk oppretta ei orienteringsgruppe, og ski og skeiser gjekk saman i ei gruppe. Dette sette fart også i desse idrettsgreinene. Ski og skeiser var avhengige av gode, kalde snø- og isrike vintrar. Orienteringsløparane måtte i gang med å få betre kart. Tyske kart i målestokk 1:50.000 var ikkje enkelt å leggja postar etter, og heller ikkje detaljerikt nok å finna fram på.

## Fredsmarsjen

3. oktober arrangerte idrettslaget Fredsmarsjen. Det var eit arrangement som gjekk over heile landet hadde eit konkurranseelement Det låg nettopp i å få massen med. Det var også ein landskamp mellom Sverige og Norge, om kven som kunne stilla flest deltakarar. Norge vann denne kampen. 554.000 hjekk fredsmarsjen, og me slo Sverige, som berre klarte å samla 160.000 deltakarar. Men ordet Fredsmarsj hadde nok ikkje same tyding for svenskane som for oss. Marsjen her i Leirvik

gjekk frå Vadbakken til Valvatna, med retur til Vadbakken. 230 gjennomførte marsjen den første gongen, men liknande arrangement vart organisert i Sagvåg også. Denne massemonstringa var skapt av ei felles glede over den etterlenkta freden og frigjeringa, men som også var eit idrettsarrangement som viste at alle personar, kvinner og menn i alle aldrar og barn var med foreldra sine og gjekk til glede for fridomen, og at me no var klar til å marsjera framover i ei ny og byggjande tid for all aktivitet.

Mange kjenner nok att den kjende visa som re-vystjerna, Lalla Carlsen, song: "Vi gikk og gikk og gikk og gikk.". Ein ting skal me hugsa i denne samanhengen. Det var ikkje rare skotøyet dei hadde, skeivslitne på hælane med hol midt under i det tynne "læret" som var att, overlæret på mange skor var laga av fiskeskinn. Skospararar framme på skorene og bak på hælane var svært slitesterke. Dei var laga av jarn, også tå- og hæljarn vart



brukte. Det fanst ikkje joggeskor med demping, god støtte for hæl og ankel, nei det var å ta til takke med det ein hadde av brukande skor. Eit spesielt merke var utforma som kvar deltakar mottok etter målpassering.

## Idretten skyt fart

Mange av dei som hadde drive aktiv idrett før krigen, og som var ”godt vaksne” når krigen tok til, tapte 5 gode år av idrettslivet. Likevel var dei ivrige å starta oppatt og delta i konkurransar i alle idrettsgreiner. Fleire som deltok var langt over 40 år, og oppnådde likevel framifrå resultat, men fleire såg at dette ikkje var framtidsretta for idrettslaget.

Yngre utøvarar vart dregne med utan at det enno var noko organisert satsing på barne- og ungdomsarbeidet med omsyn til konkurransar. Turngruppa gav tilbod til både jenter og gutar, og denne gruppa fekk stor tilslutnad, ja, det var nesten slik at alle skulle innom turngruppa, men det var ikkje konkurranseretta. Mange av dei som var med i denne gruppa, vart samstundes interessert i anna idrett, og eigentleg var det eit fint grunnlag dei fekk med seg.

Idretten spreidde seg. Fleire frå Kårevik- /Eldøyområdet kom med. Sameleis frå Rommetveit og Grov før Idrettslaget Trott på Rommetveit vart skipa (1947). Såleis auka medlemstalet i Stord og både fotball, friidrett, orientering, ski og skei-sing fekk større og større oppslutnad.

Alt 16. september 1945 avvikla ein Stordmeisterskap i friidrett. Øvingane var 60m, 800 m, lengdesprang, høgdehopp, kule, dikos og 4 x 60 m stafett, og den 21. september arrangerte dei 10000 m løp frå Leirvik skule til Valvatna og tilbake. Dette vart vunne av Tor Kårevik med Dagfinn Sagenes hakk i hæl. Desse kom til å prega langdistansane ein del år.

I 1949 feira laget 35-årsjubileum og i det høve hadde laget vitjing av ein dansk fotballklubb, Roskilde Boldklub af 1906. Dei hadde også ei jubileumsturnering mellom Varegg, Vard, Solid og Stord.

Men korleis kunne fotballen gjera framsteg. Hugs, det var rasjonering i lang tid etter krigen. Såleis var det svært vanskeleg å få tak i fotballar. Korleis skulle ein drillar inn teknikk for eit heilt lag med berre ein ball. Ein prøvde å skrapa saman dei ballar som var å finna. Lars Mugaas fortel. Eg hadde fått ein fotball av ein onkel på Voss i starten av krigen. Far min hadde passa på ballen så ikkje bløra skulle møyrna. I 1945 kom Gudmund Frugård, Lilte Gudmund som han vart kalla, og lånte ballen. Han var då formann i fotballgruppa. Eg skulle få ny når fotballgruppa fekk løyve til å kjøpa nye ballar. I 1948-49 fekk idrettslaga kjøpa 5 ballar til kvart lag. Det var enno rasjonering på fleire forbruksvarer, fotballar vart gjerne rekna som luksusvarer.

Dette seier noko om kva vilkår fotballen hadde å starta opp med. Spelarane sleit også med ein dårleg grusbane på Ås. Vidare kan ein tenkja seg kva for fotballskor dei hadde tilgjenge til. Men du verden for ein entusiasme det var for å stilla lag og vera med både i krinskampar og NM-cupen.

Vidare dette året, 1949, arrangerte dei Sunnhordlandsmeisterskapen i friidrett og hadde ein pokalkamp i friidrett mot Bergens Turnforening. I Norgescupen i turn, ei ny konkurranseform, møtte Stord, Viking frå Bergen og blei slått ut. Her var nokre av turnarane nærare 50 år, imponerende.

Friidretten tok til å bløma. Med Erling Jensen i brodden må me nemna løparar som Werner Hagerup, brørene Alf og Arvid Olsen, Sigurd Kallekleiv, Øivind Berger, Leif Ingebrigtsen, Torgils Jansen, Tor Kårevik og Dagfinn Sagenes. Innan kastøvingane, kule og diskos dukka brørene Ove og Aasmund Sandnes opp. Dei kom frå Nord-Norge og slo seg til her. Også Reidar Onarheim var habil i kule og diskos.

#### **Sjå berre på desse klubbrekordane i løp frå 1949.**

100 m	Werner Hagerup	11,3 sek
200 m	Erling Jensen	23,8 sek
400 m	Arvid Olsen	52,0 sek
800 m	Arvid Olsen	1,58,8 min
1500 m	Arvid Olsen	4,05,0 min
110 m hekk	Werner Hagerup	17,5 sek

### **1950 –talet og vidare**

Dette tiåret vart som ei ”konsolideringstid” for ST&I. Sjølv om ein var godt i gong var det viktig med ei ungdomssatsing. Frå om lag 1950- talet starta laget med betre organisert ungdomsarbeid. På eit medlemsmøte etterlyste Johann Belsvik ei breidare satsing på ungdom innan fotball, og formannen i hovudstyret, John Fadnes, var av same meining, og styret i fotballgruppa tok ”ballen” og starta juniorlag. Skulle det bli framgang, måtte ungdommen med. Det var ikkje berre å starta nye lag, ein skulle ha trenarar og.

Ei eiga ungdomsgruppe, som ikkje var knytt til noko bestemt gruppe, vart oppretta. Om dette var etter ”direktiv” frå Idrettsforbundet, finn me ikkje noko svar på, men alt kan tyda på det. Korleis denne gruppa skulle organiserast, og kva dei skulle driva med, liksom på sida av dei andre gruppene som tok tak i barn og unge, vart eit dilemma for dei som tok på seg denne oppgåva som leiarar. Skulle det vera ei gruppe der dei unge skulle få kjennskap til dei ulike idrettane laget, eller kva? Øivinn Berger vart første leiar. Det vart noko friidrett skriv han i årmeldinga, men ikkje den store tilstrøyminga av ungdom. Tanken bak denne ideen var sikkert god, men når det ikkje var nokon definerte mål for gruppa, var det ikkje lett for ein leiar å ta føringa. Sidan kan me lesa frå årsmeldingane for hovudlaget at ungdomsgruppa ikkje har levert årsmelding. Etter nokre få år fall denne gruppa bort. Innan turngruppa, med Tor Haugland som leiar, Eyvind Haugland som nestleiar, og John Fadnes, Magne Mugaas, Bertinius Larsen, Martin Tvedt og Åshild Nitter som instruktørar, gjorde dei grep der dei bygde opp ei imponerende, stor og aktiv gruppe. Framstormande, gode gute- og juniorturnarar kom til å dominera denne sporten i mange år framover innan Hordaland og på landsplan. Krinsmeistarar i gute- junior- og seniorklassen kom årleg som resultat av kyndig instruksjon og strukturet, tilrettelagt trening.

Såleis kan me skyta inn at Stord sine første noregsmeistarar kom i turn, lagturn i 1960, ved brørene Leif og Kristian Lunde og Lars Mugaas, og sistnemnde kom til å debutera på landslaget i 1963. Det er vanskeleg å måla kva det fekk å seia for andre i laget, men kanskje det gav kveik i ungdommar både innan turn og i andre grupper til å bli så god at ein kunne komma på eit landslag. Ein hadde i alle høve vist at det gjekk an, og fått ein viss målestokk. Ikkje lenge etter kom Jarle Nilsen med på juniorlandslaget

til Nordisk meisterskap i 1964, og vart i 1965 norsk meister i kl. C. Sidan vart det 3 NM i lagturn for gitar, 8-mannslag, også i denne perioden.

I denne samanhengen fortel Lars ei lita historie knytt til dette å komma på landslaget. Eg hadde hevda meg godt i fleire konkurransar rundt om i landet og fekk varsel frå uttakingskomiteen for landslaget at eg måtte senda inn ulike mål av meg så skulle eg få tilsendt landslagsdrakt med flagg og det heile. Pakken kom, og mor mi sat og løyste kryssord då eg la pakken frå meg på eit bord. Ho spurde: ”Kva slags pakke e da du har fått?” ”Det er landslagsdrakta”, svara eg. ”Ja, nøgla (spons) før båt”, var svaret, og så gjekk ho vidare i kryssordproblema. Ho hadde med andre ord ikkje tru på at drakta kom i bruk av meg.

## Framgang/ Utdanning (skulering)

Framgangen innan idretten på denne tid, kom som resultat av fleire ting. I ulike grupper hadde me eldsjeler som var levande interesserte i at ungdommar skulle få læra og utvikla seg innan idrett. Har ein ikkje desse drivkreftene, kjem ein ingen veg. Det er mange som skulle hatt elsjelprisen. Trenarar vart henta inn utanfrå til helge- og vekessamlingar, både til inspirasjon og læring av teknikk og treningsmetodar både i friidrett, fotball og turn. Dei ulike særforbunda sende ut trenarar som skulle læra opp trenarar på lokalplanet. Det var ingen på denne tid som hadde ”profesjonell” trenarutdanning eller høgare idrettsutdanning her på Stord. Treningsopplegg vart presenterte frå dei ulike forbunda både i form av publikasjonar og gjennom forbunda sine blad. Instruktørarane i gruppene sette seg inn i stoffet etter beste evne og nyttiggjorde seg dei. Fleire fekk tilbod om å reisa på landomsfattande treningsleiar. Dette utvida ”horisonten” til utøvarane. Dei fekk læra og samstundes sjå kva nivå ein sjølv stod på. Det gav inspirasjon til vidare og meir systematisk trening. Trenarar fekk tilbod om å vera med på leiarsamlingar. Leiarane hadde og stor nytte av nytenking om korleis ein skulle leggja til rette og setja mål for vidare framgang.

Stabilitet i leiar- og trenarapparat har vist seg svært viktig for framgang. I slutten på -60-talet og byrjinga av 1970-talet sette Norges Idrettsforbund i gong eit stortstilt utdanningsprogram saman med alle særforbunda. Det var eit samanhengande opplegg frå A-B-C-D-kurs. A-kurset er eit generelt kurs som er grunnkurset. Då vart ein kalla treningsleiar. Med fullført A-kurs gjekk ein så vidare innan ”si” idrettsgrein med spesialutdanning med B-kurs som lagsinstruktør, C-kurs som krinstrenar og D-kurs på elitetrenarnivå. B, C og D-kursa var det særforbunda som hadde ansvaret for å utarbeida og gjennomføra.

Dette vart ein veldig fin reiskap for mange som ville engasjera og oppgradera seg som instruktørar og trenarar, og gav idretten eit stort løft framover. I desse kursa fekk ein opplæring i anatomi, rørslelære, styrke- og kondisjonstrening og sjølv sagt mykje instruksjonsmetodikk med progresjonsmessig oppbygging av øvingar og rett blikk på korleis korrekte øvingar skulle vera. Særleg er dette viktig i alle tekniske, samansette øvingar innan ulike idrettar.

Mange ungdomsskular, bl.a. Stord ungdomsskule, gav i alle år, så lenge ordninga med valfag eksisterte, tilbod om A-kurs. Fleire hundre elevar har teke dette eksamensprovet med seg ut i livet, og mange som me kjenner til, har gått vidare i



utdanningssystemet innan idrett. I dei seinare åra har desse siste kursa B, C, D-kursa, fått namn som trenar 1, 2 og 3. og innhaldet har nok endra seg etter som idretten har gjort store framsteg saman med nyare og betre utstyr.

Vidare fekk Stordsamfunnet fleire unge som gjekk ut av Statens Gymnastikk-skole og seinare Norges Idrettshøgskole i Oslo som lærar i Stordskulen. Eittårige Idrettsliner vart oppretta på høgskular rundt om i landet, også på Stord lærarhøgskule, og fleire søkte desse linene, både lærarar og andre studentar.

Sidan kom idrettslinene ved dei vidaregåande skulane som eit landsomfattande tilbod, ei 3-åring vidaregåande utdanning med hovudvekt på idrett ved sida av allmenne fag. Denne utdanninga gjev full studiekompetanse ved opptak til universitet og høgskular. Ei slik line fekk me ved Stord vidaregåande skule frå hausten 1996, og Stord Idrettslag var ein sterk pådrivar, saman med Stord kommune, for å få på plass denne lina på Stord. Søknaden til denne lina har alltid vore stor, og har etter kvart fått høg status blant ungdommar frå heile Sunnhordland. Her får elevane som vil spesialisera seg tilbod om det, eller som gjerne dei fleste gjer, går på breiddeidrett. Alle elevane her får ei omfattande og god utdanning. Me ser fleire av desse elevane engasjerer seg både som aktive utøvarar og instruktørar i vårt idrettslag.

## Blømingstid for idrettslege prestasjonar og framgang

### Medlemstalet – Organisering av laget

Fleire og fleire ha søkt til idrettslaget. Medlemstalet har gått veldig opp, særleg innan tilbodet til barn og ungdom, og i slutten av 1980-talet passerte Stord idrettslag 1000 medlemmer. No i 2014 er medlemstalet om lag 2400 med unge og vaksne. Så kan me spørja oss om laget er blitt for stort, og storleiken på laget kan kanskje skræma dyktige leiarar til å ta på seg leiarverv av eit så stort lag. Me snakkar endå om eit frivillig arbeid som krev uvanleg mykje tid og krefter for å kunna løysa alle dei ulike oppgåvene og problema som dagleg dukkar opp.

Ser me attende i tid då det var færre medlemmer, var det t.d. råd til å samla lagslemer på tvers av gruppene til medlemsmøte der ein tok opp emne av felles interesse og i eit sosialt fellesskap. Dette er heilt uråd i dag. Grunnen er todelt. Gruppene er blitt så store at dei er som lag i laget. Me opplever at det stiller i høgda frå 30-50 personar på eit årsmøte for heile laget som har over 2000 medlemmer, og i alle høve over 1000 vaksne. Heilt sikker fleire er til stades på eit gruppeårsmøte. Mange dyktige formenn dreiv laget framover i denne etterkrigsbolken der stadig nye krav til leiing, trening og anlegg kom på dagsorden. Me nemner Trygve Grøsvik, Amund Engelsen, Svein Barmen, Johann Belsvik, Eyvind Haugland og Gudmund Sørensen. I ein periode der Idrettslaget vaks i medlemstal, var det ikkje alltid like lett for valkomiteen å finna ein som ville ta på seg leiarskapen av laget. Eyvind Haugland tok ein ny periode etter at han gjekk av i 1979, kom han tilbake i 1984 og sat til 1986. Det talar for seg sjølv at han gjorde eit formidabelt arbeid for laget. Han vart også heidra for sin innsats med æresmedlemskap i Stord Idrettslag. I 1987 tok Harald Karlsson over som formann i Idrettslaget. Han hadde bakgrunn frå idretten, kjende godt laget, og som industrileiar, var han oppteken av organisasjonsutvikling. Til denne tid hadde ordninga i styresamansetjing vore ; formann, nestformann, kasserar, sekretær og to styremedlemmer i tillegg til alle gruppeleiarane i Idrettslaget.

Harald fortel: ”Då eg tok over som leiar på årsmøtet i 1987 hadde eg tenkt gjennom korleis vårt idrettslag burde drivast for å utvikla laget framover og i takt med tida me levde i.

Eg ville såleis leggja om til ein «Konsernmodell» der styret i laget skulle konsentrera seg meir om dei overordna sakene og ikkje idretten direkte. Det vart difor valt eit eige styremedlem som skulle ivareta det idrettslege og vera bindeleddet mellom gruppene og hovudstyret. Dermed fall alle gruppeleiarane ut av styret. Dette ville eg gjennomføra for bl.a. å styrka arbeidet med leiarutvikling og anleggsutvikling/-utbygging slik at me i framtida kunne ha nok leiarar både i hovudlaget og i gruppene.

Etter mitt syn var det stor trong for å skulera framtidige leiarar både i praktiske og teoretiske oppgåver slik at det vart lettare for personar å ta på seg verv i laget. I tillegg skulle hovudstyret ta på seg arbeidet innan kretsapparatet og vera aktive og synlege i den lokale idrettspolitikken opp mot politikarar/rådmenn/lokale selskap mv.

Idrettslaget hadde også teke på seg store oppgåver med å driva Litlabøleiren som var eit sameige mellom Rogaland og Hordaland Idrettskretsar og Stord kommune. Leiren var ein kombinert arena både for idrett og kommersielle aktørar som gjestarbeidarar ved verfta i kommunen. Denne oppgåva vart, i dei påfølgjande åra, ein økonomisk suksess som la grunnlaget for både ferdiggjering av Stordhuset og andre idrettsutbygningar.

Drifta av Stordhuset, både som lagshus og garderobebygg for Åsbanen og forsamlingshus, skulle også vera hovudstyret sitt ansvar.

Me hadde sjølv sagt også jamlege møte direkte med gruppene, men då var nødvendigvis ikkje heile hovudstyret med, men desse vart alltid leia av leiaren sjølv”.

I Harald Karlsson si styringstid, 1987 -1995, vart laga mange, visjonære planar om anlegg, mykje av det som vart planlagt, blei gjennomført.

Denne konsernmodellen har vore styringsverktøyet for nye formenn og styre heilt fram til no. Før 2003 då Henning Iversen tok over som leiar i laget, var Hans Aaserud, Jarle Myklebust og einaste kvinna som til denne tid har vore leiar i Idrettslaget, Marit Sætre Cruckshangs. Henning Iversen kom til å sitja som leiar like til 2011. Det var ofte stormfulle tider under hans styringstid ikkje grunna han, men saker han måtte rydda opp i. Henning stod i den eine ”stormen” etter den andre.

Handballgruppa satsa veldig i eliteserien ved kjøp av spelarar og hadde store reiseutlegg. Såleis kom dei opp i ei svært vanskeleg, økonomisk krise, ei gjeld på over 1 mill.kr. Hovudlaget var/er økonomisk ansvarleg for alle gruppene, og måtte trø til med lån til gruppa. Det tok til å murra i dei andre gruppene. Kva ville skjje med deira gruppeøkonomi? Det var harde tak. Henning og nestformann Magne Jostein sette stillingane sine til disposisjon når ulike, kontroversielle framlegg kom på bordet under eit årsmøte med nokså høg temperatur. Heldigvis stod både Henning og Magne Jostein opp for Idrettslaget. Det skal dei ha stor ros for. Det er ikkje til å stikka under ein stol det faktum at Idrettslaget den gongen kunne ha stått utan leiarskap, og kva det ville ha ført med seg, er det ingen som kan svara

på. Dette var ei vanskeleg tid. Det vart snakka i korridorar og i møterom. Kva skjer med Idrettslaget? Ville Idrettslaget bli splitta opp i ulike spesialidrettslag, og bli radert ut som Stord Idrettslag?  
Resultatet vart eit allianseidrettslag.

Kva er så eit allianseidrettslag?

**Dette er henta frå Norges Idrettsforbund:**

”Utgangspunktet for en alliansestruktur av idrettslag har ofte vært et fleridrettslag som har delt seg opp. Selve allianseidrettslaget kan ha skilt ut alle sær-idrettsgruppene eller bare en eller noen, slik at det er sær-idrettsgrupper igjen i allianseidrettslaget. Det er viktig å merke seg at alle idrettslagene i alliansestrukturen er egne rettssubjekter og prinsipielt frittstående idrettslag. Dette er viktig også å merke overfor utenforstående slik at det ikke kan være tvil om hvilket idrettslag som for eksempel har det økonomiske ansvaret i de enkelte tilfelle. Det bør være en avtale som binder sammen idrettslagene i strukturen. Idrettslagene vil ofte ha felles identitet med emblem, farger, drakter og liknende. Noen ganger tilhører klubbhus og andre fellesaktiva i allianseidrettslaget. Alle medlemmene i idrettslagene som er organisert av allianseidrettslaget er også medlemmer i allianseidrettslaget og kan delta på årsmøtet.”

Til årsmøtet i Stord Idrettslag i 2008, blei det sett fram forslag om å greia ut å omdanna Stord Idrettslag til eit allianseidrettslag. Etter eit grundig ordskifte vart dette vedteke.

Det blei sett ned eit utval leia av Tjrerand Espeland. Utvalet skulle klarleggja fordelar og ulemper med ei slik organisering, og utvalet skreiv ein utførleg rapport som blei gjennomgått i styret.

I tillegg hadde styret i Stord Idrettslag møte med både Åsane og Fyllingen Idrettslag, som begge var organisert som allianseidrettslag.

Deira erfaring var ikkje utan vidare positi, og signala var klare på at ein måtte lykkast med å skape ei god og allmenn klubbkjensle for å lykkast.

Bakgrunnen for forslaget om å danna Idrettslaget om til eit allianseidrettslag, var risikoen som låg i solidaritetsansvaret som dei enkelte gruppene hadde i forhold til underskot i handballgruppa, sjølv om det i prinsippet var hovudlaget som stod ansvarleg i første omgang. Satsinga i eliteserien i handball hadde kravd store økonomiske utteljingar.

Etter ei nøye vurdering la styret fram forslag til årsmøte for 2009 om å organisera fotball, symjing og orientering som egne klubbar i allianse med Stord Idrettslag frå 01.01.2010.

Det blei og gjort vedtak om at Handball elite skulle skiljast ut som eige lag frå og med 01.01.2011 med den føresetnad at elitesatsinga hadde ein positiv eigenkapital. Med intens jobbing i handballgruppa utover i 2010, var det klart at ein positiv eigenkapital var på plass og Handball elite vart eigen klubb i allianse med Stord Idrettslag. Denne organiseringa inneber at hovudlaget, Stord Idrettslag, ikkje lenger heftar ved og har noko økonomisk ansvar for Fotball elite, Symjing, Orientering eller Handball elite. Me ser at dei gruppene som Fotball og Handball elite som satsar ”profesjonelt” krev store ressursar. Når Symjing og Orientering gjekk ut, låg nok



meir den tanken bak at her er det best å berga dei kronene som stod på konto til eige bruk, og at dei ikkje gjekk i eit stort underskotsluk. Med dette som bakteppe, er i røynda Idrettslaget eit anna lag enn det frå førstninga var, og me må vel innrømma at det er blitt Idrettslag i laget, der dei gruppene som er nemnde ovanfor, er blitt sjølvgåande lag.

No i ettertid veit me at når Åsbanen vart seld til så høg pris som 15 mill. kroner, vart det ein annan kvardag for idrettslaget. Men for å bruka eit gammalt uttrykk. ”Det er hol og ha dei i”. Laget har investert både i hus og banar og såleis teke vel vare på verdiane som låg i Åsbanen og i salet av Stordhuset. Her har både dei styrande i laget og utanforståande hjelparar vore særst gode i å handtera sala av desse objekta. Sjå også kva Henning Iversen og Magne Jostein Mikkelsen fortel om investeringar under emne Anleggsutvikling.

Magne Jostein Mikkelson overtok leiarjobben i Idrettslaget i 2012. Han såg at det var nødvendig å trekkja gruppeleiarane nærare med i styremøta igjen, også med tanke på å halda ein god kontakt med dei som er allianselag. Dette trur me er klokt, slikt at både dei som er ”utanfor” og dei som framleis er innanfor, kjenner ei tilknytning til hovudlaget, Stord Idrettslag. Idrettslaget har også hatt fleire grupper, som sidan starten på 1980- talet har gått ut av laget eller har rett og slett gått inn. Me nemner:

**Turgruppa** som vart oppretta i førstninga av 1970-talet etter initiativ av Leif Sæterdal. Han kom frå eit rikt idrettsmiljø i Fana Idrettslag, var svært god på ski og i orientering og lika seg i skog og mark og i fjellet. Denne gruppa organiserte turar på kryss og tvers i Stordafjellet. Men også andre kommunar vart vitja. I 1978 skriv mellom anna Oddvin Grindevik som leia gruppa då at dei hadde vore på Tysnessåto. Han håpa at denne turen ville bli årviss. I 1979 har Jarle Hevrøy teke over og han skriv at dei har vore på tur til Melderskin, ein noko krevjande tur med sterke oppstigningar. Også denne turen ville han vona, vart årviss. Slik levde gruppa til ho vart oppløyst på førstninga av 1990-talet. Stord Turlag vart skipa og desse ville gjerne knyta seg nærare Turistforeininga.

**Basketballgruppa** som hadde store ambisjonar om å byggja opp eit basketballmiljø på Stord. Gruppa var svært aktiv nokre år, men dette er ein idrett som også krev ein dyktig instruktør, og som igjen krev mykje detaljtrening av utøvarane. Dei engasjerte trenar frå Bergen, men det krov mykje både av trenar og gruppa. Ved sida av dette sette det store krav til leiarar og å få nokon til å ”dra lasset”. Innan frivillig arbeid, er det til slutt dette det ofte strandar på. Det går igjen i alle grupper.

### **Badmintongruppa**

Ei annan gruppe var badminton, også ei vanskeleg idrettsgrein. Etter berre få år som medlemmer, søkte dei seg ut av Idrettslaget og trekte nærare racketmiljøet som eigen klubb.

### **Handikapgruppa**

På slutten av 1970- talet oppretta Stord idrettslag ei handikapgruppe. Her skulle dei som hadde eit eller anna fysisk handikap få utfalda seg etter deira føresetnader. Gruppa kom til å leva sitt eige liv med trening på Nysæter ungdomsskule. Som lag greidde nok ikkje det å gi dei den hjelpa dei ofte hadde bruk for. Fleire av oss

funksjonsfriske burde nok ha stilt opp og vore hjelparar i treningsarbeidet. Fleire av dei funksjonshemma datt ut av ei heller talmessig lita gruppe. Det gjorde at gruppa, som idrettsgruppe i Idrettslaget, gjekk inn i førstninga av 2000- talet. Ser me på ein person som Tommy Urhaug, olympisk meister i bordtennis, er han godt integrert i Stord Bordtennisklubb.

Me vil no sjå nærare på utviklinga i dei ulike gruppene i Stord idrettslag.

# Fotballgruppa

frå 1919 til 2014

Me har vore inne på det tidlegare om korleis fotballen fekk fotfeste på Stord alt i 1919. Denne leiken med ballen saman med kameratar og konkurranse mot andre lag Banetilhøva på Ås var vanskelege. Fast, hardt grusdekke, ja, einskilde plasser stakk berget fram under eit tynt gruslag. Det var kvar dagen for dei som skulle spela fotball. Lite tilgang til ballar var det og. Me kan kanskje laga oss eit bilete. Dersom me skulle læra ein skuleklasse matematikk og hadde berre tilgang til ei lærebok som elevane skulle få låna ei kort stund kvar medan dei var på skulen, ville det nok vore vanskeleg med lærdom. Slik var det å læra seg teknikk innan fotball også, når ein berre hadde ein ball tilgjengeleg. Det er ikkje skrive noko om kven som var trenar for laget, difor trur me det har vore ein av spelarane som organiserte treninga med at dei spela fotball mot kvarandre, og det var treninga, stort sett. Det vart sagt at ”heimemålet” til Stord var det sørlege målet som låg rett utanfor klubbhuset. Det seier kanskje noko om at dei spelte mykje mot eitt mål, kva veit me.

Me har tidlegare nemnt Harald Nordenborg, og kva han fekk å seia for fotballen både i Stord og i Sunnhordland. Det å komma med i seriespel og NM-cupen var viktig for treningsiver og vidare framgang. Når me les namna på dei som var på laget i dei ulike kampane som vart spela heilt fram til krigen tok til, så var det gutar/menn frå Leirviksområdet. Fleire av dei som miste krigsåra, starta oppatt etter



Fotballkamp på Ås.

Frå v. Tor Torgersen i mål, Bjørn Skorpen, Finn Aasheim (målmann), Leif Ingebrigtsen helit til høgre, til høgre for ballen, Johannes Belsvik. Spelara midt i bilete er ukjend.

krigen og. I heile tiårsbolken frå 1930 – 1940 var det stor aktivitet. Ein spelar som kom utanfrå, var svensken Sture Gustavsson. Han var murar av yrke, og kom til å slå seg ned på Stord. Han var ein ypparleg spelar som heilt sikkert hadde med seg tips frå heimlandet sitt. Magne Mugaas kom frå Voss i 1924. Han stod i mål og spela ute på banen. Før han kom til Stord, hadde han vore med å stifte Voss fotballklubb i 1921, og dei hadde nære band til Brann i Bergen og fekk ”låna” trenaren deira til helgesamlingar. Kanskje han tok med seg visse tips derfrå. I alle høve fotballen hadde fått skikkeleg tak i stordgutane. Dei stilte opp i Hordalandsserien der nettopp Voss var ein hard konkurrent å slå. Vidare deltok dei i NM- cupen. Ein av dei lengste turane vart til Egersund. Det vart tap 1. runde. Elles var det mange kampar både lokalt og mot Haugesundslag og Bergenslag. I 1930-åra går dei same trufaste namna att. Ove Sagenes, Finn Botnen, Ludvik Yttredal, Per Sørheim, Gerhard Haugland, Fritz og Einar Aas, Per Olsen, Kåre Naustdal, Odd Haugli, Leif Lillebø, Gudmund Frugård, Erling Jensen og Finn og Henry Kattetvedt. Ein mangeårig leiar for fotballgruppa i -30-åra var Wilhelm Lie. Fleire av desse tok til og spelte nokre år også etter krigen. No vart det spela noko illegal fotball under krigen og. (sjå seinare i heftet). Ser me på spelarnamna, me som kjenner familiane og miljøet, ser me søner og andre etterkomarar uti slektene, at dei har vore sterkt representerte i gruppa. Me nemner namn i nyare tid i dette høve, Jan Ove Sagenes(Ove Sagenes), Tor ”Bassen” Haugli (Odd Haugli), Øyvind Aas(Fritz Aas), Hans Aas(Einar Aas), Arne Lillebø(Leif Lillebø) alle A-lagsspelarar i Stord.

Yngre spelarar kom til, juniorlag vart organisert og treninga vart meir systematisert. Hans Gravdal sette fart i organiseringa, medan seniorane trente seg sjølv utan noko fast leiing Lars Sele, Laksevåggut, var både spelar og leiar i gruppa, før ungguten, Johannes Belsvik, aktiv spelar, tok på seg jobben som leiar. Fleire ballar vart kjøpte inn så det vart framgang i det tekniske spelet. Det var enno ikkje skikkeleg struktur på treningane som uvikla spelarane og kvaliteten på spelet. Her måtte det ein trenar inn. På dette tidspunktet kom Oddvar Hansen frå Brann inn i juli månad 1956, og trente laget 6 kveldar. Han hadde litt av kvart å fara med som gav nyttig inspirasjon til spelarane, og kvaliteten på haustkampane var merkbart betre, skriv formannen i årsmeldinga dette året. I all ballidrett er det vanskeleg å måla kvaliteten på resultatata. Ein har ikkje målband og stoppeklokke. Marginane er små når det gjeld uavgjort og siger i mange kampar. Innsatsen i treningsarbeidet og innstillinga til det ein driv med, er også svært viktig i fotball som all anna idrett. På ein fotballbane skal 11 personar fungera saman i alle lagdeler.

Det kom til å gå mange tiår før Stord kom med på ”fotballkartet” i Norge. Lenge hadde ikkje lag frå Sunnhordland fotballkrets noko høve til å kvalifisera seg for spel utanfor kretsen. Det skjedde først seint på 50 tallet (eller rundt 1960) at vinnarlaget i kretsen fekk spela kvalifisering mot to lag frå Rogaland om retten til opprykk til 3. divisjon. Det var stort sett Odda og Stord som kivast om å få denne retten her frå Sunnhodland. På siste halvdel av 60 talet var Otto Ulriksen leiar i fotballgruppa, og han skulle bety mykje for utviklinga i stordfotballen. Etter fleire mislykka forsøk på å kvalifisera seg til 3. divisjosspel på 60 -talet, lukkast det endeleg for Stord å rykka opp hausten 1970.

Når ein så endeleg hadde nådd målet, var det viktig å førebu seg til spel i 3. divisjon, og Otto meinte at å knyta til seg ein spelande trenar var rette vegen å gå. Saman med Erling Laukhammer, som no var vald inn i fotballstyret som kasserar,

lukkast det å få Brannspelaren, Egil Austbø til Stord, og med Leif Ingebrigtsen som hjelpetrener. Det skulle visa seg at steget frå 4. divisjon i Sunnhordland til 3. divisjon var stort. 1971 sesongen blei ein kamp for å berga plassen. Etter denne sesongen overtok Erling leiarvervet i fotballgruppa. Trenerane heldt fram, og med stabil spelargruppe blei 1972 – sesongen ein fin opptur. Cupeventyr (sjå eigen omtale av E. Sternhoff), og 2. plass i 3. divisjon. Også i 1973- sesongen gjorde laget det godt i 3. divisjon. For 1974 sesongen blei haugesundaren, Harald Bersaas trener, og med same stabile spelargruppa, lukkast laget å vinna 3. divisjon. Den gongen var det kvalifiseringskampar for å rykka opp i 2. divisjon. Diverre tapte Stord begge kampane mot Varegg frå Bergen. I denne perioden hadde me ein mann som hevda seg så godt at han blei teken ut til Presselaget i kamp mot Landslaget. Presskampen var ein testkamp om våren. Når Landslaget var teke ut, tok sportsjournalistane ut dei nest beste i landet, Presselaget. Her kom Einar Rykkje med som spiss.

Bersaas heldt fram som trener også i 1975 sesongen, men no kom nedturen, og laget måtte gå den tunge vegen ned i 4. divisjon igjen. På ny skulle Otto Ulriksen bli viktig, men no som trener for laget. Opphaldet i 4. divisjon blei kort med nytt opprykk etter 1976 sesongen. Laget spela no i 3. divisjon fram til 1979, men så blei det på nytt nedrykk til 4. divisjon, og det skulle gå fleire år før laget på ny kunne feira opprykk til 3. divisjon. Eit særtrekk for denne perioden var at trenarar, enten dei kom frå eigne rekkjer eller utanfrå, stort sett berre blei verande eit år, og då er det vanskelig å få stabilitet og framgang.

## Brede Skistad epoken, - ein utviklande periode

Etter 1984 sesongen, der laget kom på 5. plass i 4. divisjon, tok styret kontakt med Brede Skistad om å bli trener for Stord. Han takka ja, og blei verande i 5 år. Han fekk med seg Otto Ulriksen som hjelpetrener dei to første åra. Seinare var Magnar Aaland, Leif ”Dikki” Stensohn og Einar Eilertsen hjelpetrenerar i denne perioden. Det skulle visa seg at stordfotballen fekk ein etterlengta opptur i denne perioden. Spelarane måtte driva eigentrening i kondisjonstrening, slik at fellestreningane kunne nyttast til spel og speleforståing. Han såg det som si oppgåve å utvikla kvar enkelt spelar i gruppa. Dei måtte bli betre på sine svake sider, og bli endå sterkare på det dei var gode på. Dersom dette lukkast, ville laget oppnå resultat. Spelargruppa likte dette, og han fekk rett. Første året i 1985 blei det opprykk til 3. divisjon. 3. plass i 1986, 2. plass i 1987 og opprykk til 2. divisjon som då var nest høgaste nivå i Noreg i 1988.

I 1989 hevda Stord seg godt i 2. divisjon og leia divisjonen etter halvspela serie. Men til slutt blei det 6. plass. Etter denne sesongen takka Brede for seg etter 5 flotte og lærerike år i Stord og for stordspelarane..I dei åra Brede var trener, var det ein stabil spelarstall med få utskiftingar. Spelarar i A-stallen som var med på opprykk i 1988 var: Jørgen Belt, Børre Pedesen, Arild Sirnes, Bjørn Are Njøs, Vidar Sætrevik, Tor Jansen, Robert Delis, Asbjørn Lunde jr., Kjell Arne Halleraker (kaptein), Heine Alsaker, Morten Tislevoll, Roger Alsaker, Øyvind Mellemstrand, Lars Arne Nilsen, Jan Helland, Atle Tungeland, Jørgen Hammersland, Kjetil Alsaker, Alf Bjelland, Holger Iversen og Leif A. Steinsbø.

For 1990 sesongen blei Roland Sandberg tilsett som trener. Det var komne til ein del nye spelarar, men stamma i laget frå tidlegare år, var intakt. Det skulle visa seg at 2. året i ny divisjon skulle bli vanskelig for laget, og det enda med nedrykk.



Magnar Aaland tok over på hausten 1990 som trenar, etter Sandberg som blei løyst frå kontrakten, og Magnar heldt fram dei neste to sesongane som trenar. Han har også vore trenar for A- laget fleire andre periodar, og mange år som trenar for juniorlaget saman med Tore Atle Sørheim, og desse ”parhestane” har vore trenarar for laget i år 2014. Laget rykte opp til 2. divisjon hausten 2013.

## Oppretting av ungdomsavdeling

Når Erling overtok som leiar i 1972 var det vanleg med eit fotballstyre på 3 personar: Leiar, kasserar og styremedlem. Ungdomsavdeling var det ikkje, men ein hadde juniorlag, gutelag og smågutelag med sine trenarar som også stort sett var oppmenn. Skulle leiinga i fotballgruppa kunna fylgja opp den sportslege aktiviteten, måtte leiinga styrkjast. Styret vart derfor utvida til 6: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og 2 styremedlemmer.

I senioravdelinga hadde ein A-laget, rekrutteringslag, jr. lag og nytt var det at damefotball kom på programmet i Stord.

40 Stordspelarar i kamp i kvite drakter.



F.h.: Robin Øvrevik, Jørgen Tesdal og bakerst Tore Kannelønning.

Når Otto gav seg som leiar etter 1971 sesongen, tok han fatt som trenar for smågutelaget i 1972. Dette var første året Norway Cup vart arrangert, og han reiste med laget til Oslo. Det var nok første gong eit aldersbestemt lag fekk dra så langt på turnering. Etter kvart fekk me på plass eige ungdomsstyre i denne perioden, og aktiviteten vaks kraftig med gutelag på fleire nivå og litt seinare jentelag. Hans Hauan var første leiar i ungdomsavdelinga.

I 2002 kom det til ei kunstig samanslåing av to fotballag. Namnet blei Stord/Moster. Mange publikumarar rista på hovudet og spurde kva dette var. ”Skipingsmøte” var 18.12.02. Alt i 2003 og 2004 vann denne samanslutninga 3. divisjon. Det vart 8.plass i 2005, men 13. plass og nedrykk til 3. divisjon i 2006. Etter denne





Bak fra venstre: Hamse Mohammed, Martin Vedå, Simen Lande, Jon Tømmervik, Birk Nysæther, John Ryan Antonio Castillo, Ivar Olsen, Håvard Handeland, Kevin Larsen, Lars Helge Aamot  
 på kne fra venstre: Jonas Aase Hvalryg, Anders Kristiansen, Shaker Hamaide, Marius Lunde, Andreas Fadnes, Jonas langeland, Petter Neset, Steffen Larsen

sesongen vart laget oppløyst, og skifta namn til Stord/Sunnhordland, og ikkje lenge etter kom Sunnhordland Toppfotball A/S som ikkje har med sjølve leiinga av fotballen å gjera. Men for å komma inn i seriesystemet att, måtte gjelda frå Stord/Moster-perioden betalast ned. No er Sunnhordland Toppfotball A/S med og skaffar midlar til å utvikla betre Stordlag. Leiinga av klubben ligg til Stord Fotball. Ved sida av å ”byggja” topplag, sette Stord Fotball i gong eit viktig utviklingsprosjekt med å starta ein Talentskule (2008), og Akademiet som er tilbod til dei i aldersgruppa 12 -16 år som vil satsa ekstra på å bli betre fotballspelarar. Sidan er ”Jentespranget” eit prosjekt innan Stord Fotball. I desse prosjekta deltek det barn/ungdomar frå Stord , Fitjar, Solid, Trott, Bremnes og Moster. Dette vil heilt sikkert gje resultat.

## Damefotball

Om kring 1979-1980 var det sterke krefter som ville starta opp med kvinnefotball. Kvifor skulle ikkje damene også få vera med i kampen om lærkula, i eit utfordrande seriesystem? Gruppa kom i gong, men det var ikkje lett korkje i starten eller vidare. I enkelte årsmeldingar frå fotballgruppa er ikkje damelaget nemnt med ei linje. Bjørn Skogvold var ein av dei første trenarane for damene. Det gjekk sakte men sikkert framover med utvikling av spelarar og fotballforståinga. Dei hamna midt og nederst på tabellen, men som det står i ei tidleg årsmelding om gruppa i 1983: ”Me skal vel ikkje vera 100% nøgde med sluttresultatet i serien, men me kjempa bra og bevarte humøret, så me håpar å komma sterkare tilbake neste år. Av dei 15 seriekampane me spela hadde me 1. siger, 2 uavgjort og 12 tap.” I slutten av 1980-talet var fleire gode sesongar.

For sesongen 1991 les ein frå årsmeldinga at dei har som mål å spela seg opp i 3 divisjon, noko som seier oss at nivået var komme på eit høgare plan, og i 1993 ser me at Margunn Stautland og Toril Møklebust er med på krinslaget, og



Bak fra venstre: Anette Juvik, Karina Myhre, Andrea Mellemstrand, Margrethe Torsnes, Fay Lindseth, Emilie Eriksen, Anna Valvatna, Serina Eide, Emilie Forså, Amalie Størdal  
Framme fra venstre: Veronika Misini, Helene Eriksen, Kristin Skumsnes, Linnea Hovland

at Margunn er aktuell for ungdomslandslaget. Det er tydeleg at det var kvalitetar i damelaget. I 1995 tok dei steget opp i 2. divisjon, og hadde som mål å bita seg fast i denne divisjonen i 1996 sesongen. Damene gjorde det svært bra og bomma på opprykk med minste margin. Dette skriv referenten. I 1998- sesongen gjorde dei ein ”midt på tre-sesong, og er no inne i eit generasjonsskifte. Så kom eit skifte i 2000. Jentefotballen er på frammarsj, men damefotballen er fråverande. I 2003 hadde damelaga i Stord, Solid og Trott så få damer i kvar sin stall at det kom til eit samarbeid for å få fram eitt godt lag, og gje tilbod til dei som ville satsa. Me fekk namnet SST- damer som er ei forkorting av namna Solid, Stord, Trott. Etter 2012 sesongen stod SST- damene utan trenar etter at Sturla Aakre takka nei til eit nytt år. Ein prøvde raskt å få plass ny trenar, men den eine etter den andre takka nei. Samtidig som denne prosessen gjekk sin gang, var Stord Fotball ute etter ny

Emil André Natterøy  
Flister og Åsmund  
Eikeland Hansen.



dagleg leiar som og skulle ha ansvaret for junior herrar. Det kom da et forslag om at denne personen og kunne gå inn som dametrenar. På denne tida følte ein heller ikkje at SST- samarbeidet fungerte som det skulle, og ein såg då at dette samarbeid gjekk mot slutten. Grappa i Stord hadde nok jenter, og økonomisk såg det ut til å kunne løyse seg. Harald Kristiansen blei tilsett som dagleg leiar, og samtundes skulle fungera som trenar for junior herrar og damer 1. Samarbeidet mellom desse tre klubbane vart, av ulike årsaker, løyst opp vinteren 2012/2013. Stord hadde fått fram mange jenter som stod klar til å ta fatt på damelag. Stord Fotball kunne stilla med eige damelag og juniordamelag. På papiret hadde ein mellom 40 og 50 spelarar tilgjengeleg, og Stord Fotball kunne i 2013 melda på to damelag og eitt damejuniorlag til seriespel. Det var lenge uvisst om damelaga fekk spela i 3. eller 4. divisjon. Det enda med 4. divisjon, medan Solid/Trott «stakk av» med plassen i 3 div. Det var to 4. divisjonspuljer, der Stord stilte med eitt damelag i kvar pulje. Det eine laget enda på 3. plass i si pulje. No vert det interessant å sjå korleis det vil gå i jubileumssesongen 2014.



# Da cupbomben smalt på Stord

Stord – Viking.  
Her er det press på  
Vikingmålet.



”95 prosent av det norske folk er opptatt av fotball. De fem prosentene som sier at de ikke bryr seg, de lyver”, pleidde den legendariske generalsekretæren i Norges Fotballforbund, Nicolai ”Nicken” Johansen, å si med et smil. Også på Stord ble interessen for fotball tidlig vakt, og så tidlig som i 1918 var fotballsporten blitt en del av Stord Turn og Idrettslag. Men det var med respekt å melde sjelden stordabuen klarte å få fram de store overskriftene for sine bragder på fotballbanen. Det var helst turnsporten, med Lars Mugaas i spissen, som stjal overskriftene for sportslige prestasjoner.

Men utover 1960-tallet begynte det å bli litt mer fres over fotballen, forteller Erling Laukhammer som bare var 17 år gammel da han ble valgt som kasserer i Fotballgruppen i 1962. På slutten av 1960-tallet spilte vi kvalifiseringskamper om opprykk til 3. divisjon mot Rogalandslag, og i 1970 lyktes vi endelig med opprykk. Nå besto laget av en blanding av unge talentfulle spillere fra egen ungdomsavdeling, og spillere som Olav Sæbø og Knut Rørvik fra Trio, samt Elling Hetland fra Bjoa og Per Ivar Ertresvåg som kom fra Skjold for å gå på lærerskolen på Stord. Året etter kom Terje Hammersland fra Varegg, og Karl Johan ”Kolto” Pedersen fra Haugar, som hadde fått seg arbeid på Stord verft.

## Otto Ulriksen og Egil Austbø

Otto Ulriksen var den store ildsjelen i fotballgruppen på den tiden, full av ideer og pågangsmot. Selv ble jeg valgt inn i styret igjen på årsmøtet i 1970, sier Laukhammer som sammen med Otto Ulriksen dro til Bergen for å overtale Branns Egil Austbø til å bli spillende trener i Stord i debutsongen i 3. divisjon 1971.

Det var Otto som var initiativtaker til å få Egil Austbø til Stord. Det var ikke helt vanlig med spillende trener på den tiden, men Otto hadde klart for seg at dette var veien å gå. Det var to fluer i et smekk: både en dyktig spiller og en god trener, mente han.

Egil, den gangen 24 år, ble med oss til Stord for å se på forholdene og hilse på spillerne. Han likte det han så og hørte. Vi skulle ha tre treninger i uken, minst en av disse under Egil som fikk med seg Leif Ingebrigtsen som hjelpetrener. Men før vi kunne skrive kontrakt med ham måtte Idrettslagets formann, Eyvind Haugland, godkjenne opplegget. 17. desember 1970 ble kontrakten underskrevet, og dermed begynte en ny æra for stord fotballen.

## Fart på treningene

Til tross for sin unge alder var Egil Austbø en mann som visste hva han ville. Sammen med hjelpetrener, Leif Ingebrigtsen, fikk han fart på treningene. Det ble innført disiplin i spillergruppen som fikk skikkelig kondisjonstrening, og et spillemøster som etter hvert gav resultater. Men vi sleit likevel med å berge ny kontrakt i 1971-sesongen, husker Erling Laukhammer som skulle bli mannen som overtok formannsstolen etter Otto Ulriksen foran 1972-sesongen. Siden ble Erling Laukhammer en drivkraft i fotballen på Stord helt fram til 1990-tallet.

## Bedre organisering

Egil hadde lært av 1971-sesongen som hadde gitt oss mange baklengsmål. Nå ble backrekken drillert i en bedre forsvarsorganisasjon, samtidig som Terje Hammersland ble en solid midtstopperforsterkning. Det gjorde susen. Mens vi slapp inn 23 baklengsmål i serien (14 kamper) i 1971, ble det bare 14 i 1972. Samtidig scoret vi 25 mål – flest av alle – i serien i 1972. Den endte for øvrig med at Stord ble nr. 2, bare slått av Vigrestad.

Selv spilte Egil Austbø sentral midtbanespiller i 4-3-3 systemet. Hans drivende, kraftfulle spill og presise langpasninger preget hele laget. Hvis noen av spillerne ikke gjorde jobben sin, nølte han heller ikke med å ta en ekstra løpetur for å informere ”synderen” om hva han mente, ler Erling Laukhammer som sammen med fotballpatriotene på øya gledet seg over fremgangen.

Helt på topp hadde vi karer som Einar Rykkje, Per Ivar Ertresvåg og Olav Sæbø. Einars scoringsteft, fart og løpsstyrke pleidde å slite ut motpartens forsvar, og den dribblesterke og fine tekniker Olav Sæbø var en fryd å se i aksjon. Per Ivar Ertresvågs styrke foran mål gjorde løperrekken komplett. Samtidig hadde vi en fin bredde over spillerstall. Det kom godt med da vi fikk skader på nøkkelspillere utover sesongen.

## Cupsuksessen

Ingen som opplevde cupåret 1972 vil noensinne glemme den fotballstemningen som rådde. Det var en cupsuksess som for alltid vil stå med gullskrift i lagets historie.



Det begynte med Os i 1. runde, fortsatte med seier over Varegg i 2. runde, før vi ble sendt til Florvåg (2. divisjonslag) med goalgetteren Trygve Johannessen (senere Viking og landslaget) som nøkkelspiller. Vi hadde aldri kommet lenger enn 1. runde tidligere, og her var vi altså klar for 3. runde. Tidligere i sesongen hadde en av spillerne ymtet frampå om Syden-tur for A-laget hvis vi slo oss fram til 3. runde. Det hadde jeg lovet, minnes Laukhammer som ble påminnet om dette på Florvåg.

Men det så ikke så bra ut for videre cupspill etter 1. omgang. Florvåg dominerte og ledet 2-0. Pausen ble imidlertid vendepunktet. Egil Austbø hadde innført en ordning med lunken, søt te til spillerne i pausen. Det var min jobb å sørge for at to termosier med te var klar. Jeg husker at jeg ryddet opp i garderoben da spillerne gikk ut til 2. omgang. Da jeg fant plassen min på laglederbenken etter noen få minutter sto det allerede 2-2. Snakk om ”te med noe godt i”-effekt! Siden scoret vi et mål til, og klarte å holde unna i noen dramatiske sluttminutter. Dermed vant vi 3-2 og var klar for 4. runde!

## Fortjent seier over Viking

Og så fikk vi altså Viking som motstander hjemme på Stord i 4. runde. Knappt noen trodde at vi kunne hamle opp med dette Viking-laget som hadde etablert seg som Norges beste lag under sagnomsuste Kjell Schou Andreassens ledelse. Tre år på rad ble de seriemestre (1972, -73 og -74), og laget hadde landslagsspillere nær sagt ”fra mål til ytre venstre” med Olav Nilsen og Svein Kvia i spissen. Til Stord kom ”siddisene” med det tyske storlaget Köln sin skalp i belte. Bare uken før hadde Viking slått tyskerne, med landslagsstjernen Wolfgang Overath som playmaker, 1-0 i Stavanger i en E-cupkamp.

Nå ventet 3. divisjonslaget Stord på blaserte Viking-spillere, som imidlertid fikk seg litt av en leksjon på Stord. Ca 4.000 elleville stordabuer, og sunnhordlendinger for øvrig, trodde knapt det de så. Helt uten respekt kjørte Stord Viking på defensiven. Der Wolfgang Overath hadde mislyktes med sine feterte Köln-spillere uken før, triumferte nå Stords ”Wolfgang Overath” – Egil Austbø – som løp, kjempet og inspirerte sine spillere til å prestere tidenes fotballbragd på Stord til denne dag. Selvfølgelig, nær sagt, var det Austbø som scoret seiersmålet på en heading etter frisparkinnlegg fra Jan Ove Sagenes. Målet kom allerede etter ca. 5 min. spill og ble kampens eneste. Målet sikret også Egil Austbø en plass for evigheten i Stord-idrettens historie.

Stord-seieren vakte oppsikt over hele fotball-Norge. ”Årets cupsensasjon” var et faktum – og det var helt fortjent. Det mest imponerende var spillet Stord leverte, sto det å lese i avisene etter kampen, noe Svein Kvia, Vikings elegante midtbanespiller, sa seg helt enig i. I dag var Stord rett og slett et bedre lag enn Viking, slo Kvia fast.

## Spillerne bak bedriften

Lagoppstillingen til Stord var slik: Leif Steensohn, Jan Ove Sagenes, Odd Edvardsen, Terje Hammersland, K.J. Pedersen, Elling Hetland, Egil Austbø, Knut Rørvik, Olav Sæbø, Per Ivar Ertesvåg, Sigurd Søreide.

Dessverre var Einar Rykkje og Bjørn Skorpen skadet. Det samme var Magnar Aaland. Men han kom inn de siste 20 minuttene med en polstret, gipset arm. Hans oppgave var å holde på ballen og det klarte teknikeren Aaland med glans, smiler Erling Laukhammer som aldri glemmer Viking-triumfen. Kjell Sverre Kannelønning kom også inn som innbytter på slutten av kampen.

## Tilgir aldri dommeren

Kvartfinaletrekningen gav som resultat at vi skulle møte Mjøndalen i Nedre Eiker. Vi følte oss på ingen måte slått på forhånd. Kunne vi slå ut serielederen Viking så kunne vi vel også slå Mjøndalen, var omkvedet på Stord og i hele Sunnhordland, minnes Erling Laukhammer. Sammen med spillere og ledere i laget fikk han nå oppleve ”Nickens” ord til fulle. Alle, absolutt alle, ville prate med spillere og ledere om kampen mot Viking, og den forestående mot Mjøndalen.

Det må ha vært langt over tusen stordtilhengere i Mjøndalen søndag 3. september 1972, og selv om vi tapte 1-0 så var det ingen sure miner. Men jeg kommer aldri til å tilgi dommer Kåre Lindboe, Vidar, for at vi ikke fikk straffespark da Knut Rørvik ble felt i 1. omgang, slår Laukhammer fast med ettertrykk.

Siden i 1. omgang hadde Per Ivar Ertesvåg en ball i stolpen, men så var det slutt for oss. I andre omgang var Mjøndalen det klart beste laget. Men det har sin forklaring. Mange av spillerne våre hadde valgt feil knotter, og på det harde banedekket gav det seg utslag i såre bein for flere av spillerne våre, slår Laukhammer fast.

Likevel. Vi hadde opplevd et cupeventyr uten like, og vi falt med ære. Så kan vi for all ettertid snakke om fotballens ”hvis, om og men”. Og straffesparket som vi skulle hatt!

## Brann cupmester

Nå endte cuphistorien i 1972 med at Mjøndalen trakk Rosenborg i semifinalen og tapte 2-0 på Lerkendal. Brann slo Sarpsborg 2-0 i den andre semifinalen, og trakk til slutt det lengste strået ved å slå trønderne 1-0 i finalen.

## Etterord

Det var hyggelig å bli spurt om å ”mimre” om tidenes fotballbragd på Stord, og bidra til jubileumsskrift som Stord Idrettslag gir ut i forbindelse med hundreårsjubileet. I mine 17 år som leder av sportsredaksjonen i Haugesunds Avis (1971-1988) hadde jeg gleden av å følge idretten på Stord, og ikke minst fotballen, på nært hold. Selv var jeg ung formann i Vard på den tiden, og i 1971 var jeg også blitt sport-sjournalist i Haugesunds Avis. I dag en umulig dobbeltrolle, men den gangen helt vanlig at avisredaksjonene rekrutterte sine sportsjournalister rett fra idretten. Det gjorde i alle fall at jeg fikk anledning til å følge fremgangen i Stord-fotballen på nært hold, og bli kjent med mange flotte utøvere og ledere.

Allerede det første året under Egil Austbø, i 1971, var det tydelig at noe var på gang. Selv satt jeg på laglederbenken til Vard da vi møtte Stod i 1. runde i cupen dette året. Vard hadde rykket opp i 2. divisjon og fått en fin start på sesongen blant våre nest-beste. Men mot Stord fikk vi virkelig kjørt oss, selv om det til slutt ble



**Cup-laget 1972**

Bak frå v.: Egil Austbø, Olav Sæbø, Einar Rykkje, Per Ivar Ertresvåg, Mangar Åland, Kjell I. Sæva-reid, Bjørn Skorpen, Elling Hetland, Knut Røyrvik, Trond Nyhammer.

Forann frå v.: Karl Johan Pedersen, Jan Ove Sagenes, Jarle Kaldråstøyl, Terje Hammersland, Odd Edvarsen. Leif D. Steenshon.

2-0 seier. Men en ufortjent seier var det. Jeg kan fremdeles huske hvordan trener Harald Bersaas (som ble Stord-trener og tok over etter Egil Austbø) og vi andre på laglederbenken diskuterte hvordan vi skulle klare å stoppe Egil Austbø, som dominerte på midtbanen. Kraftpluggen fra Bergen drev sitt Stord-lag fremover, og spillere som Einar Rykkje og Olav Sæbø m. fl. skapte virkelige problemer for oss. I 1972 fortsatte Stord-fremgangen – både i serien (Stord ble nr 2 til slutt), og altså med et gedigent cupeventyr.

Jeg husker godt da jeg i forkant av 4. rundekampen mellom Stord og Viking var i Stavanger og dekket Vikings Europacup -oppgjør mot Köln, et storlag i Bundesligaen den gangen. Til alles overraskelse vant Viking 1-0 (de tapte for øvrig returkampen 1-7). Etter kampen intervjuet jeg Kjell Schou Andreassen, og nevnte at neste oppgave ikke var tysk toppfotball, men lille Stord i 4. runde i cupen.

Hva tror du om den oppgaven? Med et underfundig smil kikket ”Schouen” på meg og sa: – Mener du at Stord holder samme nivå som Köln?

Nei, jeg mente ikke det. Men jeg hadde sett hva Egil Austbø hadde fått til med Stord-laget og visste at på en god dag kunne Viking – med litt undervurdering – få kjøre seg. Det fikk de til gangs!

Men Viking var store nok til å innrømme at de tapte fortjent, rett og slett for et bedre lag denne historiske fotballdagen på Stord.

Edvard Sternhoff



# Friidretten skyt fart

Etter at ulike personar hadde vore inne som leiarar i friidrettsgruppa, i periodar på to - tre år etter krigen, tok Øivinn Berger over som leiar i gruppa i 1959 og vart sitjande i mange år. Han var framleis aktiv som løpar, men såg at det var trong for ei fornying og ei meir systematisk, tilrettelagt trening både for jenter og gutar. Det vart organisert innandørstrening med vekt på rørsle, spenst og styrke ved sida av kondisjonstrening for løparar ute. Særleg fekk dette full uttelling i den første idrettshallen som vart opna offisielt i 1965. Han engasjerte tidlegare storløpar i Gular, Arne Hammersland til å instruera 5 helgesamlingar. Han såg også etter trenarar som kunne instruera i dei ulike tekniske øvingane som hopp- og kastøvingane. I hans formannstid kom også mange jenter/damer med i gruppa i 1960/-61.



Asbjørn Lunde.  
Ein allsidig, sterk friidrettsutøvar.

I denne tida dominerer, for å nemna nokre, Asbjørn Lunde, ein uvanleg velvaksen og allsidig friidrettsmann. Det viste han mellom anna då han vart nr 6 i noregsmeisterskapen i 10- kamp. For dei som ikkje kjenner programmet i 10-kamp, er dette øvingsrekkja, 100 m løp, lengdehopp, kulestøyt, høgdehopp, 400 m løp. Dette er første konkurransedag. Andre dag er det: 110 m hekkeløp, diskoskast, stavgang, spydkast og 1500 m løp. Eit uvanleg, hardt program å gjennomføra. Utallege Sunnhordlandsmeisterskap, i ulike disiplinar, sank han med seg før han slutta av karrieren. I denne tida var også ein frå same bygdelaaget som Asbjørn. Det



Frå Stordstafetten 1964

F.v Eina Berntsen, Gunnar Nitter, Hans Berland, Øivinn Berger, Asbjørn Lunde, Per Steinar Lunde, Hans Fosse og Reidar Heimvik.





var Arne Havro, ein framifrå god diskoskastar, som låg tett opp til 40 m(39,97m). Sidan kom Frode Ritland og Helge Heiberg Andersen. Begge passerte 40 m, kivast om kven som skulle ha klubbrekorden i diskos. Det enda med at Frode kasta 42,66 m. Frode sin rekord stod fram til sterke Harald Andersland frå Tysnes kom med i friidretts-gruppa og kasta 43,16 m.

Løparen Oddvin Grindevik må nemnast som ein veldig god mellomdistanse- og langløpar. Flink til dra opp farten og setja press på dei andre i feltet. Ove Grov i hopp og kast, flott idrettstype, men drog tidleg på skule. Johannes Vetås, sette nye og flytta sine eigne klubbrekordar år etter år i sprint.

På damesida gjorde Liv Ingrid Grov fine resultat. Såleis kan ein nemna at ho var første kvinne i Hordaland som støytt kula over 10 m (10,08). Krinsrekord i 1964. Fleire kvinner sette både Stord- og Sunnhordlandsrekordar. Her nemner me Åse Kannelønning i sprint og hopp. Åsta Madsen i kastøvingar. Tvillingane Marit og Berit Jensen oppnådde sterke resultat i sprint og hopp. I 1973 kom Arne Steinsvåg på banen i ei teknisk, vanskeleg sprintøving 110 m hekkeløp og

vann noregsmeisterskapen for junior. Veldig sterk prestasjon. I slutten av 1970-talet hadde gruppa ein spretten, ung mann med stor treningsiver. Jan Ove Sørheim hoppa over 2 m i høgde, Sunnhordlandlandsmeister i 1979 med 2,03 m, eit svært sterkt resultat. På 1980-talet kom ein unggut opp som ein god løpar, Lars Ove Strømø som sette flotte klubbrekordar og norske rekordar i juniorklassen på 1000 m og 1 eng. mil. Han hevda seg uvanleg godt i noregseliten, veldig gode tider på 800 m og opp til 5000 m., vart noregsmeister for junior. Han kom med på landslaget og representerte Noreg i Olympiaden i Seoul 1988.

I denne tida var Oddmund Roalkvam ein svært sterk terreng- og langdistanseløpar og med svært fine plasseringar i NM. Han var mellom anna på landslaget i maraton. Roalkvam utmerka seg også svært godt i orientering.

Oddmund var og deltakar for det norske landslaget og deltok i 4 VM i terengløp.

Den spreke Stordløparen har sidan halde formen vedlike og er stadig aktiv i ulike ekstremløp på ski og sykkel. Han har og vore leiar i Stord Friidrett i perioden 2006-2008.

Av kvinner på denne tida merkjer Anne Kari Kyvik seg ut som veldig god mellomdistanseløpar med sterke tider og lagsrekordar frå 400 m til 1500 m.

Gruppeleiaren, Øivinn Berger, kom fram med mange idear, og sette dei i verk. Han var ein handlingens mann. Såleis kom Stordleikane, ein friidrettskonkurranse for barn og ungdom, som samlar stor deltaking. Stordløpet, eit både elite- og mosjonsløp som starta ved Grov, gjennom skogane og med innkomst på Stord Stadion. I byrjinga av 1980-talet såg Øivinn at det måtte komma eit fast kunstdekke på stadion. Dette ivra han iherdig for og i 1984, nærare dagsett til opningsstemne, den 18. august kunne dei ta "Spurtan-dekke" i bruk. Han fekk sett i gong arbeid med å få laga ljosløype i Landåsen med innlagde trimstasjonar for styrketrening som vart svært populære. Fredsstafetten, ein stafett for jenter og gutar for barneskulane. Øyvinn var og med på å starta Parkløpet som sidan har blitt første styrkeprøva og opninga av friidrettsesongen om våren. Dette var i 1979. Han ivra og for at Stord måtte stilla lag i Holmenkollstafetten. I 1968 stod han i brodden for NM i friidrett Kl. B. Den gongen hadde Norges Friidrettsforbund 2 meisterskap Hovudmeisterskapen og NM Kl.B. I det heile kom Øivinn til å setja stor preg på friidrettsgruppa i lang tid framover, og kunne gi leiinga vidare til nye krefter som kunne byggja vidare på hans arbeid. For sitt uttrettelege arbeid for friidretten og Stord idrettslag, er han æresmedlem i Stord idrettslag og har fått Kongen fortenebmedalje i sølv for sitt lange og trugne arbeidet for idretten i Stord kommune. Etter 1985 gav Øyvinn "stafett-pinnen" som formann over til Ernst Arne Selevik. Han var blant anna med på å gje ut Stord Friidrett, ei innhaldsrik og flott klubb-avis. Deretter kom Øystein Fadnes i 1988 og var blant anna med å arrangerte elitestemnet Akerfestivalen og landskampen mellom Noreg og Sør-England i 1989.



Liv Ingrid Grov og  
Åsta Madsen.





Oddmund Roalkvam med Åge Bjelland bak.



Friddretts NM.  
F.v. Silje Nordtveit og Benedicte Øvrebo.0

Med sin store arbeidsinnsats overtok Eivind Steenstrup leiarvervet i 1990. Han jobba både seint og tidleg. Blant anna under Stordleikane stod han på både dag og natt Han var alltid ein dyktig og systematisk leiar. I 1993 sikra han klubben NM-terrengløp inne på Rommetveit, og i 1994 stod han i bresjen for NM-veteran på Stord stadion. Nils Hetleflåt, ein ung og uvanleg interessert friddrettsutøvar, hadde alt i Øivinn si tid vore med i styret. Han tok over i 1996 etter Eivind Steenstrup. Nils var både utøvande løpar, trenar og leiar av gruppa.

Starten på første Stord-  
løpet frå Grov.



Han heldt fram det gode grunnlagsarbeidet som dei tidlegare leiarane hadde lagt, Nils har vore i styret til Stord Friidrett sidan 1994 og har, i 20, år stått på både i styret, som utøvar og trenar. Han har blant anna blitt heidra som "Årets trenar" i 2002 av Hordaland friidrettskrins. Mange unge utøvarar har hatt Nils som trenar og inspirator. Utan Nils, ingen friidrett av den kvaliteten me har på Stord.

Roald Nordtveit og Oddmund Roalkvam tok over leiarvervet og gav klubben fin framgong på 2000-talet. I starten av dette tiåret kom, Torunn Hammersland, Stord IL's første kvinne, som vann noregsmeisterskap i friidrett for junior på 400 m hekk med tida 64,94 på Nadderud 9.august 2001, og ho representerte Noreg på juniorlandskamp dette året. Veldig stort.

Sidan 2009 har Runar Øvrebø vore styreleiar Han har store ambisjonar og mål for det vidare arbeidet for friidretten i Stord Idrettslag.

Det har verkeleg grodd godt i friidretten i Stord. Dei har fått fram mange god utøvarar som har sikra NM-medaljar for Stord. Sigurd Njerne viste fort sitt talent i lengde og tresteg. Etter sine ungdomsår gjekk turen til Bergen og Norna Salhus. Under kyndig leiing av trenar Åge Bjelland dukka Åshild Rygg, Henning Johansen og Celina Solend opp. Alle med flotte prestasjonar i høgde, tresteg og lengde. Alle har dei delteke og gjort det godt i senior NM og har og representert Noreg på juniorsida.



Tor Erlig og  
Harald Kårbo





Fv.: Lars Lunde, barnebarn av Asbjørn, i Fitjar-dalten.

Stord har i lang tid hatt gode tradisjonar i ka-støvingar. Oddvar Hårde var ein av dei som hadde god dreis på diskosen på slutten av 80 og 90-talet. Han var og eit svært dyktig stavgøppar. I nyare tid viste Benedicte Øvrebø, Hilde Nordtveit, Hilde Marie Sæverud, Kristin Sundsteigen og Ingvild Rønhovde musklar og sikra, i mange år, Stord NM-medaljar. Desse jentene pressa kvarandre og sette Stord friidrett på kartet gjennom lange kast og mange NM-medaljar. Alle desse jentene har representert Noreg på juniorlandslaget.

Stord har og i mange år fått fram mange og lovan-de løparar. Det starta med Oddmund Roalkvam og Lars Ove Strømø. I sporet etter desse har Tom Erling Kårbø og Harald Kårbø kome for fullt dei siste åra. Brørne Kårbø har med knallhard trening, kjempa seg inn på det norske landslaget. Det er særleg på hinder at Tom Erling og Harald har forsynt seg av NM-medaljar. Men under kyn-dig leiing av Nils Hetleflåt kjem det stadig fram nye løpartalent. Thomas Heggøy, Lars Lunde og Lars Føyen er nye kometar som Stord vil få mykje glede av i åra som kjem.

I 2013 fekk og Mari Aarskog Nesse sitt store gjennom-brot. Stille og roleg har Stord-jenta gjort store framsteg. Framtida er lys for Mari som alt har fått sin debut i senior NM. Jørund Løken, i spyd, er og ein utøvar frå Stord som fo rt kan kjempe seg inn i noregseliten. I fjor var lysluggen i støtet og sette fleire, nye personlege rekordar. Held han fram i same stilen, vil spydkastaren frå Hystad tevla med det norske flagget på brystet. Stord friidrett har i 2013 blitt peika ut som Necon klubb. Saman med ni andre klubbar, har Stord fått tett og god oppfølging og profilering gjennom året. Stord friidrett har som første gruppe i Stord-IL eit eige ungdomstyre som, gjennom sine leiarar, har teke eit stort ansvar. Både Sondre Egeli Øvrebø, Thomas Heggøy, Marthe Johanne Tangedal Mehus og Tuva Skulstad har teke eller gjennomfører Norsk Friidrett sitt Ung-leiar kurs.



Frå NM i terengløp 1993, f.v. Kristian Lunde, Gerhard Haugland, Eyvind Haugland, Ove Grov, Johann Belsvik og Erling Jensen.



Frå VIP- tribunen, NM terengløp 1993. F. h. Dagfinn Vatne, Erling Jensen, Per Sørheim, Eyvind Haugland, bak, Finn Nitter, Birger Heiberg Andersen, Sitjande frå bordet. Trygve Berger, Johann Belsvik og Gerhard Haugland

# Handball

Då den første Idrettshallen stod ferdig til bruk i 1965 kom handballen inn som ny gruppe. Gudmund Sørensen fortel til Tormod Valaker i boka "Håndballgleder i vest" Historien om håndballen i Hordaland. "Det var ingen enkel operasjon å starte håndballgruppe på Stord. Idrettslagets styre var redd for at konkurransen for turn og friidrett ville bli for hard for disse meir tradisjonelle idrettene, som stod godt sør og hadde landskjente utøvere. Turnere som Lars Mugaas får fremdeles gamle idrettshjerter til å ble i minneboken. Stordidretten var fundert nettopp på disse grenene, og da jeg på årsmøtet i 1965 tok opp om det var mulig å stifte en håndballgruppe, falt det ikke bare i god jord.



Gudmund Sørensen, stiftaren av handballgruppa.

Årsmøtet strakk seg nølende til et prøveår hvis jeg var villig til å stå for alt selv". Alle problem var langt frå løyste. Det var inga støtte til oppstarting av gruppa. Me måtte skaffa kvar krone sjølv. Når det var snakk om treningstid i Idrettshallen, kom me kun til om onsdagane då andre ikkje hadde treningstid.

## Interim-cup

I januar 1966 vart det danna eit interimstyre mellom Nord-Rogaland og Sunnhordland. Bak dette tiltaket stod eldsjelen Gudmund Sørensen og Kalle Mølstu frå Rival i Haugesund. Opningscupen vart avvikla 21. og 22. januar i Idrettshallen på Stord mellom Rival, Råmund (Idrettslaget på lærarskolen), Odde og Stord.. Stor tilslutnad av spelarar og publikum. Handballen på Stord var i gong.

## Årsmøtet 1966 og vidare utvikling

Til årsmøtet i 1966 var innstillinga frå styret i hovudlaget denne: Gjera handballgruppa permanent som gruppe i Idrettslaget, og å melda denne inn i Norges Håndballforbund. Einstemming vedteke. I denne perioden frå 1965 – 69, var Gudmund leiar av gruppa, trenar og spelar. I 1969 tok 17 år gamle Magne Jostein Mikkelsen, noverande formann i hovudlaget, over som grupeformann. Ung og ivrig, leiar, spelar og trenar. Gruppa var på "sporet". Gruppa ekspanderte, fleire og fleire kom med både dame-, jente- og gutelag. Interesse vart større og større.



Arne Steinsvåg, ei "kjempe" innan handballen på Stord. "Far" til Handballfestivalen





Fram mot 1989-90 hadde medlemstalet i handballgruppa vakse til 200 medlemmer fordelt på 12 – 13 lag. Å skriva saga til handballgruppa som til alle andre grupper, vil føra alt for langt her. Difor må me gjera fleire sprang i utviklinga.

Arne Steinsvåg hadde vore med på laget fram til 1976 då han drog til Elverum både for å spela handball på toppnivå, og ta vidareutdanning i kroppsoving. Han returnerte til Stord som lærar i 1983 og vart spelande trenar for herrelaget. Sidan tok han også på seg leiarvervet i gruppa. Dei ulike laga på herre- og damesida spela seg oppover i divisjonane. I 1983 vann herrane 4. div i Hordaland, men tapte knipe mot Jotun frå Sogn og Fjordane. Men i først i 1986 sesongen greidde herrelaget å ta steget opp i 3. divisjon. Denne gongen med Anders Titland som trenar. Også damelaget spela seg opp i 3.divisjon i denne perioden, men måtte ned att i 89/90 sesongen. 1995 opprykk til 1. divisjon, herrar, med spelande trenar Trond Botnen. Damelaget rykte opp i 1. divisjon i 1994, men dessverre gjekk dei raskt ned igjen. Trenar for desse var Ketil Arntzen som og fekk hjelp av sambuaren Hanne Hegh, kjend frå damelandslaget med mange landskampar.

Gruppa gjorde mange grep i denne perioden, der dei arrangerte trenarkurs, oppretta fleire både jente- og gutelag i fleire aldersklassar. Dette var også ei målmedviten satsing for å få fram rekrutteringa til laga oppover i alderstega. På det meste var det 20 lag i sving. Men mangel på hallar til alle laga var ikkje enkelt. Det er mange gode, dyktige leiarar som har gjort stor innsats i handballgruppa. Likevel må ein kunne nemna namn som Gudmund Sørensen, Magne Jostein Mikkelson, Arne Steinsvåg, Torgeir Tvedten og Svein Hatlevik. Desse har vore med frå gutedagane og spela handball, og etter kvart tok dei ansvar og sette mål for den framgangen som etter kvart kom, og den kom. I rundt 1990- åra dukka store talent opp innan handballen på Stord både på dame- og herresida. Torbjørn Iversen sette talentutviklingsarbeidet i system. Me nemner Anne Marie Nyhammer, Elin Eikeland, Silje Bolset, Håvard Tvedten, Tor Bjørn Andersen, Terje Tvedten og Bjarte Salomonsen. Både Silje Bolset og Håvard Tvedten har spela på landslaget i mange år og Håvard er framleis med i 2014. Han er ein ballsjonglør av rang, men



Opninga av ein av dei første Handballfestivalane. Ordførar, Werner Hagerup, talar.

det har ikkje komme av seg sjølv. Mange timar har gått med for festa teknikken dit han ville, eit resultat av beinhard eigentrening. Håvard var eit balltalent som nok hadde hevda seg i andre ballidrettar. Det vart handball. Følgjande var og inne på ungdomslandslag i denne perioden. Det var Gaute Epland, Bjarte Salomonsen, Cecilie Eriksen og Anders Langeland.



1. rekke frå v.: Bjørn Inge Vågen, Bjørn Lindgård, Østein Vegar Sørebo, Roald Lande, Sjalg Erdahl, Torleif Landa, Per Olav Lillebø. 2. rekke frå v.: Jan Stauss, Chistiand Valenza, Sigbjørn Almås, Åge Østensen, Terje Tveten. 3 rekke frå v.: Per Øyvind XXXXXXX, Steinar Horde, Trygve Dahl Olsen, Rune Loftheim, Håvard Tveten. 4. rekke frå v. Erik Bolset. Bakerste rekke frå v.: Jarle Sandven, Bjarte Buen, Thomas Nøking.



I årsmeldinga frå 1999 står det: ”1999 vart eit svært spanande år for Handballgruppa i Stord. Etter mange år med tung satsing, var draumen eit faktum. Eliteseriespel for herrane. Eit flottare punktum for sesongen kunne ein ikkje ha fått.” Trener for dette laget var svensken Thomas Franzen. I 2011 var det nedrykk til 1. divisjon, men i 2013 er dei atter tilbake i eliteserien. Denne elitesatsinga hadde kosta dyrt. Gruppa kom i store økonomiske vanskar. Kjøp av spelarar, lange reiser og vanleg drift, vart dyrt. Hovudstyret i laget måtte på banen. Det resulterte i at Idrettslaget måtte omorganisera til eit Allianseidrettslag der elitesatsinga blei trekte ut som eigne, frittstående grupper utan at hovudlaget hadde økonomisk ansvar for denne delen av t.d. Handball elite. Ein vil kunna lesa meir om Allianseidrettslaget annan stad i heftet.

### **Psykisk utviklingshemma kjem med i handballen:**

I 1990 sette handballgruppa i gong eit tilbod til psykisk utviklingshemma som fekk eit eige lag. Eit svært positivt tiltak. Dei fekk reisa og spela mot andre lag utanom øya, og gruppa eksisterer den dag i dag

### **Handballfestilvalen:**

Handballgruppa i Stord har også gjort seg kjende langt utover Noreg som driftig arrangør av Handballfestilvalen, som kvar pinsehelg samlar over 2000 deltakarar. I 2014 kan dette arrangementet feira 25 år. Eit anna arrangement som er retta meir mot det lokale miljøet er HAFO-cup, ei forkorting av handball og fotball, der laga spelar ein omgang med handball og ein med fotball. Dette er eit fint og veldig populært arrangement for barne- og ungdomsskulane, der det er reine klasselag frå skulane i Stord og Fitjar kommune. Handballgruppa har svært mange grupper og aktiviserer utruleg mange både barn, ungdom og vaksne av baa kjønn. Såleis har handballen fått eit sterk tak i lokalsamfunnet på Stord. Gruppa har også arrangert fleire landskampar i handball i Idrettshallane på Vikahaugane.

# Orienteringsgruppa

Orientering vart i utgangspunktet ein militær aktivitet. Speiarrørsla hadde også orientering som ei naturleg øving. Ein reknar gjerne 1897 som første året orientering vart gjort til sivil tevling, då med eitt løp i Bergensfjella, og eitt i Oslomarka. Dei første rapportar om o-løp på Stord finn me frå 1930-åra. 28. september 1945 vart Stord Skilag tatt opp som eiga gruppe i S.T.& I under namnet Ski- og orienteringsgruppa. Kjerneaktivitetane var langrenn og orientering, men dei organiserte også hopp- og slalåmrenn og skeiseløp.

## Etablering og utvikling

I 1945 hadde ein ikkje eigen O-leiar, men Birger Eldøen var o-sporten sin representant i gruppestyret. Først den 27. februar 1952 vart orientering skilt ut som eiga gruppe. Denne har levd vidare i ST&I og Stord IL fram til 2010 då hovudlaget vart omorganisert til eit allianselag og O-gruppa gjekk inn som medlem av dette. Om dette blir ei varig ordning, står att å sjå. Første formannen i O-gruppa var Leif Nilsen, og noverande formann er Henrik Ottesen.

Første løpet som er referert i årsmeldingsprotokollen for 1945-51, var eit treningsløp den 14. oktober 1945. Starten var på Saneset, innkomsten i Grimsåsen. Det starta 8 mann og 5 fullførte. Vinnar var Birger Eldøen. Veka etter, den 21. oktober vart det første ordinære o-løpet arrangert, med start på Stuastølen og innkomst i Pontaasen. Løypa var 6 km med 4 postar. Det starta 13 mann som alle fullførte. Vinnar vart Finn Kattetvedt. Fjerde mai 1947 var det første nasjonale o-løpet arrangert på Stord. Innkomst for alle løypene var på Rommetveit, og alle deltakarane fekk «bad og varm mjelk» på lærarskulen. Start i langløypa var ved Stua, kortløypa starta ved Dale og «dameløypa» ved Vatnabrua.



Her trengst det påfyll av veske

Det var sjeldan at alle løparane fullførte i denne tida, gjerne berre vel halyparten av dei startande. Karta på den tida var mykje dårlegare enn no. Dei første åra var 'tyskar-kartet' det vanlegaste, dvs. eit kart i målestokk 1:50 000, 30 m ekvidist., blå vatn, men elles i svart/kvit. Dessutan var løypene lengre og tyngre enn dagens. Vinnartidene låg ofte på 1,5 - 2,5 timar, og mange brukte 3-4 timar. Postane var ikkje teikna inn på kartet på førehand slik dei er i dag. Frå start sprang ein fram til eit kartoppslag der ein kunne teikna inn på eige kart kor første post låg. Om ein var heldig og fann første post, var der eit nytt oppslag for å teikna inn kor andre post låg, og slik vidare frå post til post fram til eit oppslag viste kor mål var å finna. Dei grove karta gjorde at det vanskeleg for løypeleggjaren å plassera postane korrekt. Det hende ganske ofte at postar var feilplasserte, så ofte at ein måtte laga reglar for annullering, t.d. «Alle løp med poster som ligger mer enn 50 meter feil, blir nå annullert.»

Rankingløpa har lange tradisjonar, heilt tilbake til 1948. Dette året vart det arrangert 11 løp, av dei var 5 teljande. Første vinnar av herreklassen var Tørres Dahle, i dameklassen Duttu Sagenes. Det året var det 33 deltakarar i herreklassen og 6 i dameklassen. Løpa vart arrangert på onsdagar utover 1950-talet, seinare har dei gått på tysdagar. Talet på startande var sjeldan meir enn 10-15 menn og 4-5 damer. Ingen klassar for gutar eller jenter. Med berre ei (lang!) løype kvar gong, var det berre vaksne menn og damer som kunne vera med. Då Magne Westerheim deltok som første «gutunge» (15 år) i 1953, måtte han starta i herreklassen. I 1954 etablerte Arne Berger eigen rekrutt-klasse, men framleis med berre ei løype. På første løpet 24.4. var det 2 deltakarar i denne klassen; Harald Haugen vann 5 sekund føre Ingvald Bore. I løpet av sesongen kom også Lars Kårevik og Jostein Bjelland med i rekruttklassen. Mellom dei mest aktive senior-løparane i denne perioden var Trygve Grøsvik, Leif Sæterdal, Dagfinn Vatne, John og Amund Engelsen, Ove og Dagfinn Sagenes og Leif Steensohn, i dameklassen Duttu Sagenes. Mot slutten av 50-åra auka det på med rekruttar. Rankingresultata for 1959 inneheld namna på 12 «Gjenter», 9 gutar 14-15 år og 10 gutar 12-13 år.

Deltakinga heldt seg på om lag same nivå utover 1960-talet. Gruppa hadde ca 60 medlemmer og av desse møtte frå under 10 til ca 50 på kvart løp. Rekrutteringa gjekk i bølgedalar. Kring 1970 debuterte fleire seinare gode løparar som Jan Sævig, Lars Fjellbirkeland, Stein Kåre Tytingvåg, Bjørn Barmen, Ann-Marie Olsen (seinare Westerheim) og Åge Hovden. Ei av årsakene til dette var det gode orienteringsmiljøet som rektor Gunnar Sævig bygde opp i området rundt Hystad skule. Dette var året innførte ein eiga nybyrjarløype. Bedriftsklassen fekk også god deltaking. Til saman 77 deltakarar vart registrerte i rankingresultata det året. I 1972 hadde deltakartalet passert 100, og aktiviteten auka vidare, t.d. med 143 deltakarar på første rankingløpet i 1979. Ein av grunnane til denne utviklinga var kanskje at Nordisk Meisterskap var arrangert på Stord i 1973, og at det då blei laga gode kart over store område på søre delen av øya. Desse karta, Leirvik Nord og Leirvik Sør, blei brukt av O-gruppa i mange år. Dessutan var det nok fleire som blei inspirert til å prøva sporten etter å ha sett tevlinga anten live eller på TV. I 1972 starta ein også med tur-orientering på Stord, noko som lokka familiane ut i terrenget – og som i neste omgang førte til at heile familiar stilte til start på tysdagsløpa. Med fleire vaksne involvert vart det også lettare å koma seg i veg på regionale og nasjonale løp.



Gunn Torill Vik og  
Arild Aasheim  
studerer kartet.

Neste milepæl for gruppa var NM-arrangementet i 1982, med samlingsplass på Rommetveit og mat på lærarskulen, nett som i 1947. Helge Lindeflaten var formann i arrangementskomiteen, og la saman med staben sin ned eit formidabelt arbeid for eit vellykka arrangement. Johnny Aasheim laga nytt kart og la løyper, og fekk vel fortent ros for begge delar.

## Glansåra

Framover i 1980-åra auka aktiviteten kraftig. Tiåret frå 1985 til 1995 må reknast som topp-perioden i O-gruppa si historie, både for kvalitet og kvantitet. I 1991 var det 421 namn på rankinglistene. Største deltakinga på eitt løp var 186. I september 1989 arrangerte O-gruppa Vestlandsmeisterskapen, med 505 løparar i det individuelle løpet og 448 i stafettane. Det er det største deltakartalet på noko løp som gruppa har hatt ansvaret for. Dette var og første gong ein tok i bruk edb-basert tidtaking. Ein konkluderte med at datasystem var nødvendig når ein skulle handtera løp med så mange deltakarar.

I oktober 1990 arrangerte gruppa NM i natt-orientering. Samlingsplass var på Vikahaugane sportssenter. Også denne gongen var Helge Lindeflaten løpsleiar og Jonny Aasheim løypeleggjar for eit vellukka arrangement med deltakarar frå heile landet.

Dei beste av løparane vart ei stund organisert i ei eiga gruppe, Team Stord, der Per Magne Kyvik var primus motor. Han hadde samstundes eit ope auga for breidde-satsinga, og ikkje minst for det sosiale og for naturgleda ved o-sporten. Ei rekkje løparar hevda seg jamt både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. I tillegg til ei rekkje andre gode resultat i denne perioden, som t.d. A. Aasheims 4. plass i NM jr (19 sek frå siger!), H. Huses 10. plass i VM jr, R. Vestres 5. plass i VM, O. Roaldkvams 5. plass i NM, stafettlagets 5. plass i NM osv, så nemner me følgjande meisterskapsmedaljar:



### **Gullmedaljar:**

- 1988: NM stafett junior  
Lars Inge Arnevik, Harald Huse og Helge Nysæter
- 1993: Rolv Vestre NM kortdistanse senior,
- 1993: Rolf Vestre Nordisk Meisterskap stafett  
(sprang 1 etappe for Noreg)

### **Sølvmedaljar:**

- 19?? Arild Aasheim NM natt junior
- 1992: Stafettlaget NM.  
Leiv Terje Arnevik, Harald Huse, Arild Aasheim, Rolv Vestre
- 1993: VM stafett: Norge med Rolv Vestre på 3. etappe
- 1993: Leiv Terje Arnevik NM normaldistanse
- 1993: Kjetil Bjørlo NM kortdistanse
- 1994: Stafettlaget NM  
Arild Aasheim, Leiv Terje Arnevik, Rolv Vestre, Kjetil Bjørlo

### **Bronsemedaljar:**

- 1988: Arild Aasheim nr 3 NM lang
- 1989: Lag o-cup finalen: Stord nr 3.  
Alle deltakarane fekk utdelt bronsemedalje
- 1990: Stafettlaget NM  
Leiv Terje og Lars Inge Arnevik, Arild Aasheim og Harald Huse
- 1991: Leiv Terje Arnevik nr 3 i NM Langdistanse, Haugesund
- 1993: Rolv Vestre NM langdistanse, Nordisk M. normal, Nordisk M. kort
- 1994: Kjetil Bjørlo NM Kort
- 1995: Arild Aasheim NM normal og i NM natt
- 1995: Stafettlaget  
Lars Inge og Leiv Terje Arnevik, Rolf Vestre, Arild Aasheim

Mange av dei sentrale løparane flytta frå Stord i løpet av 90-åra. Deltakinga på lokale løp utvikla seg også i feil retning, ned mot 50-60 løparar for eit par år sidan. Men no frå 2013 ser det ut til å gå rette vegen att. Dei positive signala skuldast m.a. unge o- familiar som etter å ha budd andre stader ei tid, har flytta tilbake til Stord og tek seg av rekrutteringsarbeidet på ein framifrå måte. I tevling med hall- og baneidrettane, må O-gruppa dra nytte av teknologiske og praktiske endringar.

## **Orientering før og no**

Største skilnaden mellom orientering før og no er på to område: kart av høg kvalitet og bruk av datateknologi. Frå dei primitive og grove gradteigskarta, via sjølvteikna kart ved Nils Hollekim, Svein Barmen o.a. i 1960-åra, og dei meir profesjonelle karta til NOM, NM osv. på 1970-talet, til dagens digitale kart sam kan justerast og korrigerast for kvart løp, er det ei imponerende utvikling. Tidtaking, utrekning og skriving av resultat vart tidlegare gjort manuelt. Mot slutten av 1980-talet tok ein i bruk dataprogram for generering av resultatlistar på grunnlag av manuell tidtaking. Det store gjennombrøtet kom 6-7 år seinare då ein tok i bruk elektroniske brikker til registrering og avlesing av tidene + elektronisk kvittering frå postane. Kvar løpar har no med seg ein slik «brikke» som inneheld



Klypp og spring.  
Ingen tid å miste.

ei klokke. Før løpet startar må klokka nullstillast. På kvar post er det plassert posteiningar som løparen legg brikken i ved passering. Når løparen kjem i mål blir informasjonen i brikkene overført til ei eining som les og lagrar data, og seinare kan koplatt til ei datamaskin. Dataprogrammet sjekkar så at løparen har vore innom dei rette postane, reknar ut sluttider og skriv resultatlistar. Samstundes får ein strekktider mellom postane, noko løparane set pris på til vurdering og diskusjonar i ettertid. På større løp har ein siste åra også teke i bruk GPS-teknologi for å gjera orienteringsløpa meir publikumsvennlege. Før såg ein gjerne løparen 2 gonger: ved start og mål. No spring dei beste løparane med kvar sin GPS-sendar festa til kroppen. Posisjonssignala frå desse vert fortløpande lagt ut på eit elektronisk kart over området. Då kan ein følgja løparen gjennom heile løpet og sjå kvar løpar sine vegval og bommar, anten ein sit heime i stova ved PC-en eller ein ser det på storskjerm på samlingsplassen.

Med dagens generelt aukande interessa for mosjon og friluftsliv i det norske samfunnet, skulle det vera mogleg å overtyda folk om at orientering er ein fin måte å kombinera familieaktivitet med både natur og mosjon. Ved å utnytta den nye teknologien til utvikling og vedlikehald av gode kart, saman med god tilrettelegging for både turorientering, lokale uhøgtidlege arrangement og høve til seriøs og profesjonell tevling, bør det vera mogleg å engasjera fleire deltakarar ute i skogen og fjellet.



Gunnhild og Øyvind  
Kyvik Skard,  
ein av etterkommarane  
etter Per Magne Kyvik.

# Skeisegruppa

Arnulf Agasøster,  
vinnar av Prinsloppet,  
10 mil, i Sverige.



På Stord har me lang tradisjon med ferdsel på is og konkurranse i skeiseløp, for her er det mange vatn å ferdast på. Blank is på vatna kunne det vera enkelte år. Det var i 1919 det byrja, under full musikk av Stord Hornmusikforening det var det fyrste skeiseløp me har registrert på Ådlandsvatnet. I 1922 var det og skeiseløp på Ådlandsvatnet, det byrja med hesteløp med slede og deretter skeiseløp for herrar, piker og damer.

Ein må heilt til 1946 for å sjå at det er arrangert treningsrenn på skeiser av Stord Turn- & Idrettslag på Ådlandsvatnet. Det var om lag 500 interesserte for å sjå på. På Tveitavatnet var det skeiserenn der det var deltakarar frå mange stader i Sunnhordland, det var i 1947 og Dagfinn Vatna vart bestemann.

Stord Turn- & Idrettslag og Idrettslaget Solid var tilskiparar til det fyrste Sunnhordlandsmeisterskapen på skeiser i 1947. Det var 30 påmelde til rennet.

Dagfinn Vatna vart Stord - meister på Storavatnet dette året og. Vinteren 1947 må ha vore ein fin og kald vinter med 5 skeiserenn arrangert rundt om i Sunnhordland.

Neste vinter ser ut til å vera 1951, då vart det halde skeiserenn på Ådlandsvatnet 2 ganger denne vinteren med Dagfinn Vatna som den beste Stordløparen. På Tveitavatnet vart det og skipa til skeiserenn under dårleg tilhøve med vind, duskregn og blaut is med andre ord dårlege tilhøve

I 1952 vart det skipa til eiga gruppe med ski, skeise og orientering.

I fin vinterkulde med sol og godver skipa S. T. & I. til treningsrenn og isen var av det beste slaget, der Johannes Belsvik var ein av dei beste laurdag 30 januar 1954. Søndag vart det skipa til skeiserenn for jenter og gutar og det var ungdomsgruppa



som var tilskippara. Det vart og skipa til Sunnhordlandsmesterskap på skeiser med S. T. & I. som tilskippara på Ådlandsvatnet, det var 19 startande, Johannes Belsvik vart Sunnhordlandsmester i junior.

Skeiserenn på Ådlandsvatnet 31. januar 1960 med om lag 40 deltakarar der Arnulf Agasøster var fyrst på 1500 m junior. På skeiserennet til S. T. & I. på Ådlandsvatnet 22. januar 1961 vart junioren Arnulf Agasøster beste deltakar.

Stordøymeisterskapen på skeiser vart avvikla på Kroktjødno 3.- 4. januar 1963 under gode tilhøve.

Tore Bjelland vart nr. 2 i Sunnhordlandsmeisterskapen på skeiser på Opsangervatnet. Sunde 3. - 4. februar 1963. Voss vann fyrste delen av pokalkampen på skeiser mot Stord 18.03.63, tilhøva var heller dårlege, Då isen vart sprøyta laurdag kveld, vart det ikkje vellukka og gjekk opp fleire stader. Arnulf Agasøster vann alle løp uansett klasse. Seinare vart det ikkje noko av andre del av pokalkampen, då Voss ikkje kunne stilla lag.

I 1964 vart det meir fart i treninga i skeisegruppa, og dei hevda seg godt i Sunnhordland og elles på Vestlandet der Arnulf Agasøster vann Stordmeisterskapen, Sunnhordlandsmeisterskapen og Vestlandsmeisterskapen. I 1966 vart skeisegruppa eiga gruppe i Idrettslaget og vart melde inn i Norges Skøyteforbund og Vestlandske skøytekrets. Arnulf Agasøster var fyrste leiaren i gruppa.

No var det fleire år med lite is på vatna, heilt fram til 1972, då Arnulf Agasøster vart nr. 3 på 5 mil i Ransfjordløpet på skeiser. I 1973 vart han nr. 1 på 7 milsløp. klasse 18-35 år. I 1975 vart han nr.2 i Prinseloppet Strøms Vattudal i Sverige, eit løp over 10 mil og i 1976 vart han nr. 1 og i 1977 nr.2. Merkbare og uvanleg, store prestasjonar. I 1978, -79 og -80 var det stor aktivitet i skeisegruppa der Henning og Geir Helge Nordfonn og John Kvarme synte stor framgang.



Grunnvassbane,  
Hustredalen



Her er Kjell Storelid fram frå v. i sin tidlege skeisekarriere, saman med Ben Ståle Henriksen, Ole Jakob Henriksen. Bak frå v. Roy Rolvsnes, Lan Kenneth Hensrikssen og Liv Valen




Stavanger kunstisbane vart klar til bruk i 1980, den første banen på Vestlandet. Det vart eit gode for oss å få komma ned der å trena og gå skeiserenn.

Historias første ”gruntvass-skeisebane” i Hustredalen på Litlabø, vart teken i bruk i desember 1981. Der vart det lagt ned over 1000 dugnadstimar og finansiert ved sal av mold. Ein tente så mykje at ein til slutt kunne kjøpa både traktor og isprepareringsmaskin, i tillegg å leggja opp vatn og straum til ljøs på banen.

Grete Valen var eit stort talent, og dominerte dameklassen på Vestlandet og tok medalje i NM for junior i 19. Henning Nordfonn har mange Vestlandsmeisterskap og har vore med i sprint NM med sterke resultat.

Grethe Valen



Kjell Storelid byrja som 8- åring å trene hos oss i skeisegruppa. Etter kvart viste han stor framgang med Geir Helge Nordfonn som trenar. Kjell oppnådde mykje i sin karriere på lands- og verdsbasis og nådde høgda av karrieren då han tok sølv på 5000 m og 10000 m i Olympiaden på Lillehammer i 1994. Av dei største bragder ein idrettsmann frå Stord har oppnådd til no.

I 2001 var Kunstisbanen på Vikahaugane klar til bruk etter mykje forarbeid av Henning Nordfonn og Magne Jostein Mikkelsen. Bjørn Dalen var primus



Innsbruck: F.v. Nils Magne Klippen, Arnulf Agasøster, Kjell Håvard Belsvik, Harald Westerheim, Grethe Valen og Henning Nordfonn.

motor i dugnadsgruppa der og John Kvarme var ein stor bidragsytar, i tillegg til Terje Stokken. Det vart lagt ned 10 000 dugnadstimar på anlegget, som no vert drive mykje på dugnad av gruppa.

Skøytegruppa har i dag stor aktivitet av unge og veteraner, ei god blanding som hevdar seg på landsplan. Onar Westerheim vart verdsmeister i sprint for veteranar i 2012.

Dei som har hovudansvaret for treninga i skeisegruppa i dag, er Henning Nordfonn og Kjell Storelid for dei eldre eliteløparane, John Kvarme og Kjell Håvard Belsvik tek seg av dei yngre.

# Drømmeturen til Alma Ata

## og litt skøytenostalgi

Si skøyteløper fra Stord, og du vil mest sannsynlig få til svar Kjell Storelid – dobbelt sølvvinner fra de fantastiske olympiske lekene på Lillehammer i 1994. Stordabuen vant sine sølvmedaljer på 5000 m og 10.000 m etter fenomenet Johan Olav Koss. Han vant like godt tre gullmedaljer i Vikingskipet i Hamar. Slik skrev Koss sitt navn inn i skøytehistorien med gullskrift, og kopierte også legenden Hjalmar ”Hjallis” Andersen fra OL i Oslo i 1952.

Jeg er redd Kjell Storelid ikke blir husket like godt av det store idrettspublikummet, men på Stord har han sikret seg et navn for evigheten. Siden vant også Storelid et NM i all round (1997) og står for alltid med perser som 38.86, 1.52.19, 6.30.05, 13.27.24.

### Arnulf Agasøster og vi andre

Vi som var unge på 1950-tallet, og ikke hadde noen større ønsker enn å få Ballangrud-skøyter og Hjallis-lue som julepresang, klarer ikke lenger helt å følge med på dagens rundetider og verdensrekorder. Men si 16.32.6 – og du er garantert å få Hjallis, Hamar 1952, som svar!

I likhet med mange, mange, andre (helt sikkert også Arnulf Agasøster) skrev jeg ned hver eneste rundetid; førte statistikk og regnet ut plassering på Adelskalenderen (poengsum etter 500, 1500, 5000 og 10.000 m). Hver ny pers ble notert med glødende interesse. Hadde noen spurt meg hva Edmund Lundsten fra Hamar, eller Rolf Trøen fra Trordhjem, hadde som perser på de klassiske distansene, hadde de fått svar på stående fot!

Skøyteløperne var datidens helter, med Hjallis som den aller største. Da han la opp etter sine tre olympiske gullmedaljer i Oslo i 1952 (han lot seg overtale til et comeback foran 1954-sesongen, men da var russerne på plass!), sleit vi litt. Men så kom Knut ”Kuppern” Johannessen.

### Du tullet ikke med skøytesporten

Jeg glemmer aldri da jeg som ung dekksgutt på M.S ”Northern Lights”, var vakt om bord på skipet som lå ved kai i Kingston, Jamaica. Like før vaktavløsningen fikk jeg inn Kupperns 10.000 m på kortbølgesendingene fra OL i Squav Valley i 1960. Jeg trodde knapt det jeg hørte av rundetider og passeringer. Stadig var det 16.32.6 som var verdensrekord, og her gikk Kuppern på 15.46.6!

Straks vaktskiftet var over løp jeg opp på stambaren vår. Førstemann jeg så var skipets elektriker, en storvokst, hyggelig kar.



Kuppern vant gull på 10.000 og gikk på 15.46....

PANG! sa det. Før jeg hadde fått avlevert hele tiden hadde ”trikkeren” tatt meg i brystet, løftet meg opp fra gulvet (jeg er 1.84 høy) og smelte meg i veggen.

”F..., ”dekket”. Slik spøker du ikke med!!!!

Først da jeg på tro og ære hadde forsikret om at det var sant slapp han tak i meg. Til gjengjeld ble gullmedaljen og rekorden til Kuppern feiret med en rom-og-cola, påspandert av den samme elektrikerer, på baren ”Captain’s Saloon”, under stor jubel blant skøyteinteresserte norske sjøfolk.

## Legendariske Boris Sjilkov

Men før Kuppern og Squav Valley var det russisk skøyterevolusjon og fantomtider fra Alma Ata som preget skøytesporten. Strålende løpere som Boris Sjilkov, Evgenij Grisjin, Oleg Gontsjarenko, Robert Merkulov og Dimitri Sakunenکو m.fl overtok skøytetronen da Hjallis gav seg.

I 1955 kom meldingen fra Alma Ata at Boris Sjilkov, den sovjetiske stilløperen, hadde knust verdensrekorden til Hjallis på 5000 m og prestert den fenomenale tiden 7.45.6. En rekord som sto i åtte år.

Og den ene fantomtiden etter den andre kom fra denne berømte banen som var forbeholdt de sovjetiske og øst-tyske løperne på den tiden. Høyfjellsbanen og oljeisen i Alma Ata, hovedstaden i den sovjetiske republikken Kazakstahn, ble et begrep. Men det hører med til historien at norske skøytepatrioter hadde vondt for å svelge tidene som kom fra Alma Ata.

”Russiske klokker (underforstått: ikke å stole på!) og korte runder”, ble det skumlet om. Det satt langt inne for den norske skøytepatrioten å godta at det var andre enn nordmenn som kunne gå fort på skøyter. Jeg var 13 år på den tiden, og helt enig med skeptikerne.

## Skøytegruppen på Stord Startet i 1968

Selv om de klimatiske forholdene ikke alltid gjorde det mulig å planlegge vinteraktiviteter, så ble det drevet seriøst med ski og skøyter også på våre kanter.

På Stord var det også mange som likte å drive skøytesport, og i 1968 ble skøytegruppen i Stord Idrettslag opprettet. Primus motor var Arnulf Agasøster som både var en dyktig skøyteløper og inspirerende leder for de unge skøyteinteresserte på Stord. Belønningen for Arnulf er utmerkelsen som æresmedlem i Idrettslaget, samt gleden av å se hva karer som Kjell Storelid og Henning Nordfonn, samt dagens unge har fått til på skøytebanen. I dag er det den gamle storsprinteren, Henning Nordfonn, som er trener og drivkraft i skøytegruppen. Henning hadde for øvrig klubbrekorden på 500 m, satt i 1987 i Alma Ata med 38.2, i hele 25 år. Da den endelig ble slått, var det sønnen Espen Brask Nordfonn som overtok rekorden. Han gikk på 37.87 i Calgary i 2012. Bare så det er nevnt.

På Fitjar var det også stor skøyteaktivitet. Her var det Odd Larsen, egentlig nordlending, som var drivkraften. Knut Harld Nesse fra Stegaberget i Tysvær var også et navn skøyteinteresserte vestlendinger hadde merket seg.

Selv var jeg blitt sportsjournalist i Haugesunds Avis i 1971, og tok med glede i mot resultatlister fra lokale skøytestevner, eller når noen av avisdistriktets løpere hadde deltatt i stevner rundt om.



**Skeisetur til Alma Ata (Medeobanen).** Frå venstre framme: Nessa, Henning Nordfonn, Westerheim, Odd Larsen, Brynjulf Måkestad, ukjend, Kjell Håvard Belsvik. 2. rekke f.v.: Vespestad, ukjend, Birger Nordfonn, Arnulf Agasøser, Onar Westerheim, ukjend, Harald Sæbø.

## Drømmeturen til Alam Ata

Slik ble jeg også kjent med Brynjulf Måkestad fra Tørrvikbygd, som sto bak drømmeturen til selveste Alma Ata!

– Har du lyst til å bli med, spurte plutselig Måkeberg da han i januar 1986 kom innom sportsredaksjonen og fortalte at en gruppe lokale skøyteløpere, skulle til den berømte høyfjellsbanen i Alma Ata. Flere av deltakerne skulle også ha med seg koner og kjærester.

– Hele turen på ti dager, inkludert overnattinger i Moskva og Alma Ata på gode hoteller med full forpleining, samt diverse utflukter og sightseeing både i Moskva og Alma Ata, koster i underkant av 6.000 kroner, forsikret Måkestad.

Om jeg hadde lyst til å bli med på en slik drømmetur? Raskt fikk jeg avklart med daværende sjefredaktør, Bjarne Aagaard Strøm, at det kunne jeg.

– Vi har leid banen en liten uke, og sovjeterne har lovet å arrangere terminfestede stevner slik at resultatene våre blir godkjente tider, sa en stolt Måkestad.

Reisen gikk altså via Moskva, og deretter ventet en fem timers flytur med en av Aeroflots store Tupolev-maskiner fra Moskva til Alma Ata – bare ca 30 kilometer fra den kinesiske grensen.

Med oss fra Norge hadde vi finsk/norske Anne Sikanen som tolk. Men da vi landet i Moskva var det russiske Galina fra Intourist som overtok kommandoen. En

ferm, men hyggelig, russisk tolk med gode norsk kunnskaper. Så vidt jeg husker var vi et par og tyve stykker med på turen.

Troppen fra Stord bestod av Arnulf og Marie Agasøster, Henning Nordfonn, Evelyn Brask, Kristian og Birger Nordfonn, Kjell Håvard Belsvik og Harald Oddvar Sæbø. Fra Fitjar reiste Odd Larsen, Onar Westerheim, Elise Aarbø, Harald Westerheim, Geir Engum og Jorfrid Nesbø

## Det første møtet med Sovjet-kulturen

Vi snakker altså om 1986 og den ”kalde krigen”, flere år før Berlin-muren falt og Mikhail Gorbatsjovs ”Glasnost og Perestojka”-periode.

Den første følingen med den kommunistiske verden fikk vi ved ankomsten til Moskva og passkontrollen på flyplassen. Det myldret av politi- og sikkerhetsvakter med bryskt oppsyn og maskinpistoler. En grundig sjekk av pass og visum hørte med. Høflighetsfraser og et lite smil som ønsket deg velkommen var absolutt fraværende. Politimannen som satt i passkontrollen så på hver og en av oss med et stirrende blikk, tydelig ute etter å markere at her ble det ikke tålt noen svinger i valsen. De fleste av oss var glad da passet ble stemplet og man kom seg på rett side av passkontrollen. Unntaket var Henning Nordfonn som ikke hadde til hensikt å la seg psyke ut av den sovjetiske politimannen. Vi andre sto og så på ”duellen” mellom Hennimng og russeren. Det endte med at sistnevnte først slo blikket ned. – Det kom ikke på tale å vike unna, lo Henning etterpå.

Et nytt møte med sovjetisk kommuniststyre fikk vi på det kjempestore hotellet vi bodde på i Moskva. Hver gang heisen stoppet i en ny etasje var det KGB-vakter som noterte hvem som kom og gikk. Det samme opplegget var det også i Alma Ata. Ikke akkurat hva vi var vant til, men slik var det.

## Millonby

Etter en natt i Moskva fløy vi til Alma Ata – millionbyen som altså er hovedstaden i Kazakstahn. I dag heter for øvrig byen Almaty. Alma Ata betyr ”eplenes by” og er en meget populær turistby under epleblomstringen om våren. Særlig var det mange japanske turister som likte å besøke byen på den tiden, ble vi fortalt av den nye tolken som overtok da vi ankom Alma Ata. Med oss hadde vi stadig Anna og Galina, men nå var det vår kazakhstanse tolk, vakre Natasja, som overtok. Byen besto av en blanding av trehusbebyggelse, og de klassiske høyblokkene som var vanlig i hele Øst-Europa på den tiden. For å si det forsiktig: Ikke alt var like vakkert.

Men naturen og de enorme fjellformasjonene var mektig. Det samme var mange av de flotte kulturopplevelsene vi fikk med oss. Det var lagt opp til besøk hos de mongolske nomadenet; vi besøkte en skole der interesserte elever gjerne ville lære om Norge og norske forhold. Flotte opplevelser var også opera- og ballettforestillinger med strålende dyktige kunstnere i aksjon. Besøk på lokale matmarkeder og butikker hørte også med, og flere med meg vil sikkert huske hesteskrottene som hang som slakt i kjøttmarkedet. Hestekjøtt var helt vanlig blant de mongolske nomadene som både lever av, og med hestene sine. Gjæret hoppemelk, Kumiss, var også en viktig ingrediens i kostholdet. Det gav mannen kraft til å ta seg av sine fire koner, som var vanlig blant mongolerne.



Om kvelden var høydepunktet middagen og sammenkomstene på hotellet. Latte-  
ren satt løst og det var en ren fryd å være med i denne gjengen. Møte med lokalbe-  
folkningen, i den grad det var mulig, gav også interessante, tankevekkende blikk  
inn i det sovjetiske samfunnet.

## Medeo-banen

Selve skøytebanen lå en liten times kjøretur fra selve Alma Ata. Husker jeg ikke  
helt feil lå banen på ca 1700 m. Den gamle Alma Ata-banen, der Sjilkov, Grisjin,  
Gontsjareko, Sergejev osv herjet på 1950-tallet var ikke mer. Den var tatt av et jor-  
dras. I stedet var det bygd en ny flott kunstisbane – Medeobanen. Banen var et syn  
der den lå i majestiske omgivelser, omkranset av høye fjell og med en fantastisk  
utsikt. Og i tillegg bød banen stadig på rekordis når forholdene var på sitt beste.  
Men stadig var det utendørsbane (i dag er banen så vidt i bruk, så vidt jeg vet), og  
man var prisgitt værforholdene.

Vi besøkte banen i mars måned. Noen av dagene var det rene påskeværet med  
strålende sol og topp forhold. Smilene på de ivrige skøyteløperne stoppet ved øre-  
ne der de seilte av gårde på ”oljeisen”, mens vi som var med som turister og repor-  
ter storkoste oss på tribunene. Hotellet vårt hadde sørget for å sende med ”Misja”  
, til daglig barkeeper på hotellet. Nå hadde han en eske ”med noe godt i” med opp  
til Medeobanen, som også var et yndet utfartssted for lokalbefolkningen. Mange  
brudepar bl.a. brukte å besøke banen som en del av bryllupsfeiringen.

Vår gruppe tiltrakk seg stor oppmerksomhet og mange lokale ville både veksle va-  
luta og bytte til seg dongeribukser og treningstøy. Kjenter merker sto høyt i kurs!

## Topptider

Det første stevnet ble arrangert tirsdag 4. mars, før løperne var skikkelig akklima-  
tisert. Henning Nordfonn gjorde unna 500 meteren på 39.7, mens Kjell Håvarad  
Belsvik noterte 41.4. Arnulf Agassøster gjorde sin 500 m unna på 44.3, mens Omar  
Westrheim ble beste Fitjar-løper med 42.9. For initiativtakeren, Brynjulf Måkestad  
ble det pene 41.8 på dette første stevnet der det også stilte flere lokale løpere opp.

Men det ble bedre tider senere i uken, med klimaks fredag 7. og søndag 9. mars. Det  
sterke resultatet sto Henning Nordfonn for da han løp en glimrende 500 m på  
38.7. Harald Westerheim (Fitjar) presterte tider som 7.42.1 og 16.27.1. Kjell H. Bels-  
vik noterte 40.9 på 500 m, Arnulf Agasøster leverte 43.1 som sin beste prestasjon.  
Måkestad gjorde unna 1500 m på 2.08.8, mens Omar Westerheim fikk 2.09.0.

Gladeste av alle var kanskje Odd Larsen som hadde som mål å se syv-tallet på  
5000 m og komme under 17 min på 10.000 m. Det ble 7.59.9 og 16.57.7 på Larsen  
som kronet suksessen med å bytte til seg en gammel russisk landslagsdrakt med  
CCCP på ryggen.

## Rekordtavlen

Og mens løperne boltret seg på oljeisen på Medeobanen kunne en gammel skøy-  
teentusiast kose seg med å rusle rundt på det flotte anlegget; snakke med banesjef  
Aleksander Sohn (en meget trivelig kar som selv hadde vært eliteløper) om stevner

som hadde vært, og beundre lystavlen der banerekordene og verdensrekorder oppnådd i Alma Ata sto. Og her sto det:

1955: 5000 m Boris Sjilkov 7.45.6

1963. 500 m Egenij Grisjin 39.5

1976: 10.000 m Sten Stensen 14.38.8

1977: Kay A. Stenshemmet 6.56.9

## Minner for livet

Jeg tror alle vi som var med på turen til Rekordløpene i Alma Ata (det offisielle navnet på turen) kom hjem med minner for livet. På veien hjem hadde vi en ekstra dag i Moskva som ble benyttet til sightseeing til alle de kjente landemerkene i storbyen, Den Røde plass og Kreml inklusiv.

For mange av løperne ble dette også innledningen til flere turer. Allerede året etter var flesteparten med på en ny tur til Medeobanen. Men for undertegnede ble det med den ene turen til Kazakhstan. Men jeg glemmer den aldri. Den ble et høydepunkt i en lang sportsjournalistkarriere.

# Skigruppa

Opning av Ijosløypa  
på fjellet, F.v. Audvald  
Kvamme, Kirsten  
Røsgjorde, Magne  
Løvtangen, Kobbeltveit,  
fremst t. h.  
Magne Bratseth



Soga om skiidretten på Stord er vel dokumentert i boka som kom ut hausten 2013 under tittelen ”Skisport i havgapet”. Det vil føra for langt å ta med alt her, så me referer til Atle Bjørn Mæhle si innleiing om sogaa.

Allsidig idrettsmenn,  
Leif ”Boy” Steensohn  
ivrig på ski.  
God i fotball, oriente-  
ring og tennis.



I Noreg vart vinteridrett viktig for nasjonsbygging før og etter 1905, men det var helst på Austlandet og i dei indre stroka på Vestlandet og i Trøndelag. Stord låg ute ved kysten med ustabile vintrar og varierende snøtilhøve. På Stord var det friidrett, turn og fotball som dominerte frå Stord T.&I. starta i 1914 og frametter. Først i 1933 vart det første langrennet skipa til på Stord. Stord T. & I. var arrangør denne første gongen og dei første åra etterpå. I 1937 vart Stord Skilag etablert. Stord Skilag skipa til renn dei siste åra før krigen. Då var det fleire klubbar på Stord som dreiv med skiidrett. Stord T. & I., Stors Skilag, AIK (Arbeideridrettslaget på Litlabø), Bondestudenten( seinare Råmund, Idrettslaget på Stord lærarskule). Etter krigen då idrettslaget SOLID var skipa, arrangerte dei også skirenn.





Preparering av alpinbakken i Lundekollen.

I 1945 vart ski og orientering ei felles gruppe i Stord T.& I. Skipingsmøte var 28.09. 1945, og første formann var Dagfinn Vatne. Bjarne Kannelønning vart vald til nestformann og sekretær, Ove Sagenes til kasserar og Magne Mugaas til løype- og hoppsejef. Stord Skilag gjekk inn skigruppa til Stord T.& I.

I 1952 vart vinteridrettane organisert i ei kombinert ski- og skeisegruppe med Dagfinn Vatne som første leiar. På ulike måtar har me fått inn ein god del materiale som har hjelpt oss med å setja saman historia. Takk til alle som har gjeve oss protokollar, permar, bilete. Ei stor takk til Bladet Sunnhordland som har teke in stoff, omtale og resultatlistar frå 1933 til i dag.

Me har etterlyst stoff om skiidretten på Stord på ulike måtar, m.a. i Bladet Sunnhordland og på heimesida til Skigruppa ([stordski.no](http://stordski.no)). Me har også snakka med folk som kanskje hugsar noko. Me har fått inn ein god del. Men det er likevel periodar og tidbolkar me har lite stoff om. Det kan også bera feil i dette stoffet me har fått. Difor må du tenkja på dette når du les "Skisport i havgapet" at ho er skriven ut frå det materialet me har hatt tilgang på. I første delen av forteljinga om skiidretten på Stord, ver kvart år relativt kortfatta kommentert. Eg har teke for meg litt grundigare eitt år av kvart av tiåra 1970, 1980, 1990 og 2000. Dette representerer då tiåret og fortel om aktiviteten, både dette året, men er også døme på korleis situasjonen må ha vore dei andre åra. Eg nemner snøtilhøva, sidan dei i stor grad avgjorde kor mange renn som kunne arrangerast.

Det vert mykje om langrenn sidan dette har vore den største aktiviteten. Men eg har dekkja både skiskyting, alpint og hopp når det har vore omtalt i bladet Sunnhordland. Eg har også skriva eigne temainnlegg om alpint og om hopp. Me oppmodar alle interesserte til å kjøpa boka Mæhle har skriva.



Fellesstart av ungdomsskirenn.

Me vil til slutt gje att namna på dei som representerte Stord Skilag, for alle desse personane spela også ei viktig rolle i andre idrettsgreiner innan Stord T.& I. i grupper som turn, fotball, friidrett, skeising og orientering. Det er Wilhelm Lie, Ragnar Lien, Ove Sagenes, Dagfinn Vatne, Johannes Lillebø, Leif Lillebø, Olaf Gjæsdal, Charles Holmqvist, Finn A. Hystad, Finn Botnen, Dagfinn Sagenes, Paul Stautland, Arvid Olsen, Otto Horneland, Eyvind Haugland, Harald Nordenborg, Edvin Fjeldtvedt, Sten Arnholt, Per Kyvik, Per Tyse, Magne S. Hystad, Gunnar Jansen, Per Sørheim, Hans Dahl, Artur Fervik, Ingolf Larsen, Bjarne S. Hystad, Erik Underhaug, Arne Rongved, Ragnar Lillebø, Hans Dahl, Lars Dahle, Reidar Johannesen og Henry Kattetvedt.



# Symjegruppa

Symjegruppa er ei ung gruppe i Stord idrettslag, skipa i 1970. Frå årsmeldinga i 1971 skriv Isak Grov som vart første leiaren i gruppa, følgjande:

Symjegruppa vart som kjent skipa 27. 01.70 og er såleis berre 1 år. Når det liksom vart aktuelt å starta ei eiga symjegruppe i fjor, var det fordi gymnastikklærer Andersen dreiv med ei gruppe symjarar som syntest å vera nokså aktive, og ville gå inn for eit såkalla ”moderne treningsprinsipp”. Det tyktest å vera trong for å skipa ei eiga symjegruppe, dette med tanke på at dei skulle delta i stemne kringom og såleis var knytt til eit lag. No viste det seg snart at ”stall Andersen” vart mindre og mindre, og Andersen gleid ut av biletet som trenar etter ei tid. Kva har me så gjort i året som gjekk? Me har hatt trening to dagar i veka. Trenarar har vore Ole Theodor Onarheim og Kari Kjellsby Grov. 17 – 18 møter opp til treninga kvar gong. Det er i grunnen for mange om ein tenkjer på å få ei effektiv trening, sidan bassenget berre er 12,5 m langt. Ein kan heller ikkje arrangera stemne anna enn på lokalplanet, for ein får ikkje approbert stemne i eit så lite basseng.

Gruppa har hatt med deltakarar på to stemne i Bergen og to i Haugesund.

Det vart 1. plassar til:

Rune Rommeteveit	100 m bryst
William Ingebrigtsen	100 m fri
Tor Foseid	100 m bryst
Geir Hildal	100 m bryst
Madel Grov	100 m bryst




Magne Klementsens les av tida på Ronny Onarheim



Eit av måla våre er å halda liv i gruppa og oppe interessa for symjesporten til 25-metersbassenget kjem i det nye Kulturhuset. Sitat slutt.

Isak Grov hadde og sett seg som mål å sitja som leiari for gruppa til dei kunne ta bassenget i Kulturhuset i bruk, og som me har nemnt tidlegare, vart Kulturhuset offisielt opna i 1978. Dette var ein viktig oppbyggingsperiode av ei ny gruppe. Isak hadde følgt symjesporten på nært hald i Oslo i fleire år. Kona hans, Kari Kjellsby Grov, har 32 norske meisterskap i symjing, og difor var det naturleg at ho også var med i denne oppbyggingsfasen. Symjing er ein svært krevjande idrett. Her har ein det våte elementet rundt kroppen og nærast over hovudet mest heile tida. Motstanden i vatnet er der konstant heile tida. Lange, krevjande treningsøktar berre i vatn, gjer også noko med kroppen.

Asbjørn Grov Framnes



Symjegruppa vart nærast frå starten delt inn i tre grupper: Nybyrjargruppe, mellom-, og elitegruppe. I nybyrjargruppa dreiv ein med grunnleggjande teknikkar og grunntrening for å få symjarane opp på eit brukande nivå. Mykje av utfordringa var og å få dei aktive til å skjønna at ein skulle driva trening og ikkje bading. Når symjarane vart betre, og ønskte meir trening, vart dei flytta oppover i systemet. Nybyrjargruppa hadde trening to gongar i veka, mellomgruppa 3 gonger og elitegruppa 3 – 5 gonger, alt etter kven som var trenar og kva ressursar dei kunne bidra med. Det var eit godt miljø i symjegruppa og stort sett heilt fullt på alle gruppene. Ein var med på symjestemner fleire stadar på Vestlandet. Vossastemnet var svært populært og vart avvikla i juni månad. Det vart også arrangert fleire stemne på Stord. Fleire av Stord sine symjarar hevda seg i toppen. Gode og kvalifiserte trenar var alltid ei utfordring. Mange lokale trenarar var inne og gjorde ein god innsats : Her kan nemnast: Anita Eriksen, Holger Dahl, Erling Kjellsby Grov, Olav Anderssen, Siri Matre, Anita Kristiansen, Anne Gro Nygård, Madel Kjellsby Grov, Einar Matre, Tone Nygård, og Anita Monsrud. Men særleg Per Jostein Matre vart viktig for gruppa i denne perioden før bassenget i Kulturhuset opna. Han var hovudtrenar i ein 4-5 års periode, og løfta nivået i heile gruppa. Han innførte mange nye treningsformer i tillegg til trening i vatn, og i ein periode engasjerte han ein engelskmann som arbeidde ein på Stord Verft ei tid. Han hadde vore trenar på høgt nivå i England og tilførte gruppa mykje kompetanse og var ein



F.v. bak: Petter Aarbø Thorsen, Asbjørn Grov Framnes, Torbjørn Visnes og Adrian Etterlid Jensen  
F.v. framme: Lene Gjørøather, Sunniva Grov Framnes, Anna Teetzmann, Alida Etterlid Jensen og Marte Gjørøather.

positiv person. Når bassenget i Kulturhuset kom, var det naturleg at mellomgruppa og elitegruppa starta treningane sine her, medan rekrutteringa held fram i 12,5-metersbassenget i Idrettshallen. Leiurarar etter Isak Grov var bl.a. Per Grønbekk, Inge Dahl, Johannes Mælen, Randi Kannelønning og Lars Hollund..

Magne Klementsén kom frå Sauda til Stord i 1983 og var då aktiv symjar i Haugesund svømmeklubb. Han blei raskt spurt om å overta som hovudtreinar i symjegruppa, som på den tida var nede i ein «bølgedal» med tanke på aktivitet. Han starta opp som trenar 1. august dette året, og kombinerte trenarjobben dei første tre åra med å vera aktiv symjar på landslagsnivå sjølv. Det blei, heilt frå starten, lagt opp til trening 6 dagar i veka og resultatata let ikkje venta på seg. I løpet av dei to første åra utvikla fleire symjarar seg til å oppnå gode tider på krinsnivå og deltok i NM for junior. Gruppa fekk etter to år den første norske årsklasserekorden på 400 m fri ved Knut Erling Røsjorde. Sidan gjekk det slag i slag framover med meir trening og endå betre resultat. I løpet av åra fram til 2002 blei det i symjegruppa utvikla symjarar som tok medaljar av alle valørar i norske juniormeisterskap både på jente- og gutesida.

Odd Arne Lillebø blei klubbens første Noregsmeister på gutesida i 1995, og Katrine Havn Nordnes oppnådde det same på jentesida i 2002. Fra 2002 til 2007 hadde gruppa ulike trenarar og eit tett samarbeid med Haugesund svømmeklubb. Magne hadde en «pause fra symjinga etter i alt 19 år som trenar. I denne perioden opplevde gruppa ein stagnasjon i utviklinga. Hausten 2007 ble Magne igjen spurt om å engasjere seg som hovudtrener. Det gjorde han og starta straks jobben med å byggja opp ei ny gruppe med elitesymjarar. Viktigast, i arbeidet, har også vore å skape miljø og trivsel i alle aldersgrupper. Hovudmålet har vore «bredde i toppen» og utvikla gode stafettlag både på jente- og gutesida, i tillegg til å rekruttera barn frå symjedyktig alder.

Halvor Landmark etter  
sigeren i Veteran NM på  
Stord 2013



Grappa tel i dag ca 120 symjarar fordelt på ulike treningsparti. Elitegruppa som Magne har hovudansvar for, tel i alt 24 symjarar i alderen 13 til 18 år. I dag presterer desse symjarane på nasjonalt toppnivå i juniorklassen både på jente- og gutesida, noko resultat frå jr NM i haust viste. Måletjinga for 2014 er å oppnå finaleplass i NM for junior i fire ulike stafettar, både for jenter og gutar.

For 2015 er planen å ta steget opp i medaljekampen med dei same symjarane. Det tar tid å byggja opp gode symjarar både med omsyn til svært mykje fysisk og teknisk trening. Magne har dei siste åra hatt god hjelp av fleire dyktige trenarar på alle nivå, og får god hjelp av fleire av «tidlegare elevar.» Grappa driv godt, og er kjende for å ha eit svært godt, sosialt miljø og det er stor etterspurnad for å vera med i symjing.

Trivsel og lagbygging har i alle år vore viktig og ei drivande kraft for gode resultat. Det har gjennom desse 30 åra vore ulike samansetjingar av styre og komitear. Det har blitt lagt ned eit solid arbeid av alle leiarar, styremedlemmer og dugnadspersonar. Leiarar som sit lenge med ansvaret har kanskje sett mest spor etter seg Isak Grov sat i 9 år frå starten av gruppa, og Lars Hollund ein 10-årsperiode på åtti og nittitallet ,og var en og organisator.




# Turngruppa

## Sagt om turn:

### **Avdøde journalist i Dagbladet og forfatter Odd Winger har sagt om turn:**

*"Turn er blant de mest fornemme idretter, rytmisk, stillferdig, men med massevis av styrke som er kamuflert bak den kultur som dens ærverdige tradisjoner har nedfelt. I dens omgivelser er det ikke plass for skrål, lørkefyll og gladiatorstemning.*


*Turn er idrett for skjønnere, for folk som kan bruke kroppen sin like virtuost som Paganini brukte fela."*



Turnstemne 1920 på Ås.  
Ein del turnar skranke,  
ein del er i svingstong.

**Turn var den første idretten som kom i aktivitet i 1914 då Stord Idrettslag vart skipa. Såleis er turnsporten på Stord like gammal som idrettslaget. Som Magnus Jansen fortel annan stad i heftet, var det gymnastikk og turn alt i 1898. Det er ganske utruleg at ein så vanskeleg idrett som turn er, slo rot, og fekk sidan rike tradisjonar på ei øy langt mot vest i Noreg.**

Først var det mannlege troppar, men kvinnene kom ganske raskt etter. Som me har skrive annan stad i heftet, kan me lesa i protokollar som syner at damene var sterkt komne med alt i 1919, truleg før den tid og. Troppane deltok på både Krins- og Vestlandsstemne, og det første Landsturnstemne dei var med på, var i Oslo i 1938. Då stilte dei med fullt mannskap i troppskonkurransane på Bislett og gjorde det svært godt. Eit morosamt innslag derfrå var under trening. Dei testa ut ulike trampolinar dei brukte når dei skulle hoppa over hest på langs. Johannes Eikelend var svært god i hopp. Han skulle gjera overslag med hendene ned i hesten langt framme. Trampolinen skulle visa seg å ha uvanleg god svikt, så han nådde ikkje ned i hesten med hendene, men slo strak salto over hesten og stod stempla i matta. Journalistar med fotoapparat sprang til og ville ha han til å gjera spranget oppatt. "Har `kje tid," svara Johannes. Han hadde ikkje gjort denne øvinga korkje før eller seinare.



Lars Mugaas i favnhegande i ringar, NM 1964 i Idrettshallen. Det var mest berre råbygget som var ferdig. Stord Musikklag i bakgrunn.

Første Krinsturnstemnet som ble arrangert på Stord for heile Hordaland, var i 1920. Eit stort løft for ei ung foreining. Frå starten av og fram til om lag 1940, gjekk all trening for seg i Ungdomshallen, men pågangen til å vera med i gymnastikk og turn var så stor at dei måtte setja inntaksstopp.

Den nye Turnhallen i Leirvik sette enno større fart i turnsporten. Svært mange, som ville dri-va idrett, var innom turngruppa, også som en treningsplass i vinterhalvåret. Fleire av dei ungdommane som dreiv konkurranseturn før krigen nådde forholdsvis langt. Dei hadde ein god målestokk, for Salhus Turn var i same krinsen som Stord, og Salhus var eit tyngdepunkta innan turn på Vestlandet og i landsmålestokk på den tida. Nokre av de turnarane frå Stord som var med på Bislett i 1938, var også med i troppskonkurransane på Lillehammer i 1950. Den eldste i troppen hadde passert 50 år, ein prestasjon å konkurrera i så høg alder. Men då såg dei at ein måtte starta med rekruttering. Med John Fadnes, Tor Haugland, Martin Tvedt, Bertinius (Tinus) Larsen og Magne Mugaas som instruktørar, sette dei konkurranseturn for gutar i eit skikkelig treningsregime. Tor Haugland var administrator. Han var

innom treningane svært ofte, nær sagt kvar trening og såg. Tren matte var parolen hans. Det er grunnlaget for å bli god i andre apparat og.

Etter berre få år var Stord den leiande klubben i Hordaland på gute- og juniorsida, og seinare på herresida. Første gong me gutane skulle ut i den store verda, var då me skulle reise til Turnforbundet sin treningsleir i Horten i 1952. Då møtte

Frå siste juleoppvisninga i gamle Turnhallen i Leirvik





formann Tor opp før båten skulle gå og sa til oss 6 som skulle dra: ”Eg gir f... i om de lærer å turna, berre de oppfører dykk skikkeleg”. Det var klar tale og ein god leveregele på vegen, både der og då, og vidare i livet.

Me kjem ikkje utanom nokre namn når det gjeld turnsporten på Stord. Me har nemnt nokre før, men dei som kom til å setja særlege merke etter seg på instruksjons- og administrasjonssida i turngruppa i fleire tiår var Magne Mugaas, opprinneleg fra Voss, og brørne Tor og Eyvind Haugland.

I 1964 og 1966 dreiv Mugaas fram tre gutetroppar til siger i kl II, i det som gjekk under namnet uoffisielt Norgesmeisterskap. I 1967 vart troppen leia av Kristian Lunde. Dette


var imponerande, for kvar klubb måtte stilla med 8-mannstropp. Det seier noko om både breidde og kvalitet på treningsarbeidet og på gutane som var med.

Paul Skjønberg, Jarle Gundersen og Henning Nielsen var også svært langt framme og henta heim fleire krinsmeisterskap og Vestlandsmeisterskap. Asle Kjetil Nilsen var eit funn og eit av dei store turntalenta i landsmåletokk. Han vart krinsmeister og Vestlandsmeister fleire gonger, men han hadde fleire talent å spela på. Musikken tok han, og han gav seg tidleg med idrett. Finn Kannelønning gjorde mange sterke konkurransar både i NM og i krinsmeisterskap i Hordaland. Seinare var han lenge med i gruppestyret både som formann, kasserar og styremedlem. Det første norske meisterskapet som vart vunne for Idrettslaget, kom i 1960 i lagturn ved brørene Leif og Kristian Lunde og Lars Mugaas.

I perioden 1956 til 1966 var Lars Mugaas det store namnet både på Stord og i Hordaland innan turnsporten. Han blei den første idrettsutøveren frå Stord som kom med på eit norsk landslag. Det var i 1963, og han var reserve på VM-laget i Dortmund i 1966. Han var også instruktør for konkurranseturnarane i klubben, og samstundes frå 1966 -1970 hadde han ansvaret for det norske juniorlandslaget i turn som i 1970 tok sølvmedalje i Nordisk meisterskap.

I 1965 vart Jarle Nilsen norsk meister i klasse C. Denne tida var ei stordomstid for både turngruppa og heile Idrettslaget. Stord var sett på idrettskartet. Men austlendiane var ikkje så gode i geografi. Når Paal Clasen, ifjernsynet, skulle plassera Stord, hørdest det ut som me var nærare Færøyane enn Noreg. I ei tid då det var vanskeleg å få ein til å ta styringa i gruppa, melde unge Tor Atle Haugland seg og gjorde eit framifrå godt arbeid.

Jarle Nilsen hadde ei lang styringstid som formann i gruppa, og i denne perioden vaks medlemstalet til over 500. Han sat også som nestformann i Hordaland Gymnastikk- og Turnkrets i fleire år. Me har hatt dyktige dommarar også i gruppa. Magne Mugaas vart forbundsdommar, og Erik Skar vart internasjonal dommar og har dømt i fleire internasjonale meisterskap. Son til Erik, Jørgen Collet Skar, er også internasjonal dommar, og var så seint som i 2012 dommar i VM i Moskva.



Jarle Nilsen, Norsk meister Kl C. 1965. Juniorlandslagsturnar. Mangeårig, driftig formann i turngruppa.





Paul Skjønberg, ein mest uerstattelig instruktør. Har vore instruktør i over 40 år. 5 gonger i veka. Her er det Lukas Skjønberg som får rettleiing i korrekt handstånande.

I 1995 kom spesialhallen for turn med groper i golvet og frittståendegolv som ligg permanent, og der alle apparata står oppmontert i hallen til ei kvar tid. Ei fantastisk nyvinning og ei lette for både utøvarar og instruktørar, som til denne tid hadde drege apparata fram og på lagerplassen etter kvar trening. Mykje treningstid gjekk med til å setja opp og ta ned apparata. Gruppa fekk æra av å innvia den nye storhallen på Vikahaugane med NM for damer og herrar, eit svært vellukka arrangement.

Ved hjelp av iherdige instruktørar som Kristian Lunde, Lars Mugaas, Paul Skjønberg, Erik Skar, og Henning Nielsen og Bjørn Tømmervik, som har fleire titals år med instruksjonsarbeid, og dei driv framleis som instruktørar no Me har og fått tilbake Jarle Mortensen som instruktør ein driv veldig godt på gutesida med nokre av landets beste rekruttar og guteturnarar. Her må me nemna stortalentet Lars Eik Breirem (16år) som alt har debutert på gutelandslaget i Nordisk meisterskap. Vidare kjem Tobias (11år), eit uvanleg stort talent, og er no med i Turnforbundet si treningsgruppe i hans aldersklasse. John Olav Michelsen og Anne Otterå har gjort mykje for framgangen i gruppa. Nye, unge spesialiserer seg som instruktørar i ein teknisk, vanskeleg idrett. Her kan me nemna Andreas Aas, Magnus Mugaas Hegland, og Lars Mugaas Hegland. Når ein trekkjer fram alle desse instruktørane, er dette personar som går trufast i hallen 3-4 kveldar i veka med opp til tre timar kvar treningskveld ved sida av å vera reiseleiarar til konkurransar. Å vera apparatinstruktør i turn er inga lett oppgåve. Ein må samstundes kunne sjå feil og gje presise arbeidsoppgåver, og vera klar til å ta imot (sikra) utøveren i eit vanskeleg moment. Det er få om ingen idrettsgreiner der instruktøren må vera så tett på utøveren som i turn. Her kan ein ikkje berre stå på sidelinja å bruka munnen.

Den nye drettshallen som kom i 1964-65 gav gruppa rom til å ta på seg større arrangement. Gruppa hadde arrangert eit NM for junior og kl. C i Turnhallen i Leirvik i 1956. Hausten 1964 arrangerte me NM kl A og B for herrar i ein langt frå ferdig innreia idrettshall. Publikum strøymde til hallen. Det møtte 1500 menneske kvar dag. Aldri, korkje før eller seinare, har det vore så mange til stades på eit norsk meisterskap i turn i landet. Rekorden trur me neppe blir slått. Meisterskapen vart en suksess både arrangementmessig, og på det idrettslege planet, særleg sidan ein av våre eigne frå Stord plasserte seg som nr. 3 i 12-kampen etter Åge Storhaug og Harald Wigaard.

I 1969 vart Nordisk meisterskap for herrar for første gong lagt til ein stad utanom ein by, eit arrangement som gruppa og laget kunne vera stolte av. I 1971 tok me på oss NM for damer. I 1994 fekk me på ny meistarar. Då vart Andre Skjønberg, Jon Anders Gjerstad og Jørgen Skar norgesmeistarar i lagtturn for jr.



Jenter i balansetrening på bom.

Konkurranseturn for jenter har me aldri hatt instruktørar til, dessverre. Me har mange andre, fine tilbod til jenter innan tumbling og trampett.

Det har kanskje blitt slik at turn har vore knytt opp mot konkurranseturn, gruppa har heilt frå om lag 1918-1919 hatt tilbod til dame og jenteparti. Me veit ikkje kven som dreiv desse partia, men så langt tilbake som til 1920 har det vore kvinner med i turngruppa. Referat frå tidleg i 1930-talet viser at dei heldt turnframsyningar både i Folkets Hus på Litlabø og i Ungdomshallen. Dei hadde også ofte fram-syningar på marknadskveldar Idrettslaget skipa til. Såleis har vår tradisjonsrike Juleoppvisning svært lang tradisjon.

Barnepartia har alltid hatt stor oppslutnad. Det var stas å ”gå på turn”. Her sette ein heller ikkje krav til noko form for konkurranse. Innan gymnastikkinstruksjon og mosjon har det alltid vore ein stor tilslutnad til partia. Frå 1950 og i om lag 20 år, hadde Åshild Nitter instruksjon på både jente- og damepartia. På Landsturnstemnet på Gjøvik i 1966 vart dametroppen nr 2 i landskonkurransen, berre slått av Oslo Turn.

På 1970-1980- hadde me instruktørar som Heidi Baugstø, Anne Karin Lunde og Anne Sissel Mugaas som tok på seg å laga oppvisningsprogram til fellesstemna i Hordaland



Lars Eik Breirem ein av landets beste gute- og juniorturnarar i 2014.



Flott dametropp,  
leiar av Åshild Nitter.  
Første juleoppvisning i  
Idrettshallen 1965.



I fleire år har Bjørg Bjelland Grov vore instruktør for Krins-, Landsturnstemne- og Gymnastradaprogramma. Også ho har teke på seg oppgåver med å setja saman oppvisningsprogram for damer. På slutten av 1960-talet kom Sheila Resser inn på damesida med jazzgymnastikk. Dette var noko nytt med øvingsutval i høgt tempo i utføringane, som sette større krav til utføringane. Fleire yngre damer slutta seg til partiet. Ho dreiv med stor kraft og energi i fleire år. Me skal heller ikkje gløyma Sidsel Arnesen. Ho kom frå Drammen og hadde idrettsutdanning frå Statens Gymnastikkskole. Ei svært dyktig og energisk dame. Ho tilførte gruppa mykje i den tida me fekk ha henne. Ho gjekk dessverre alt for tidleg bort.

I dag konkurrerer gruppa med fleire treningssenter om å gi gode tilbod, særleg til vaksne mosjonistar/trimmarar. På damesida tel ein i dag nærare 70 deltakarar. På herresida om lag 60 personar. Damene blir leia av Aslaug Grov Almås, Eva Hansen Grov og Anne Sissel Mugaas. Fleire, unge jenteinstruktørar er flinke til å fanga opp dei nye trendane som dukkar opp innan i vår idrett.

Herre mosjon har hatt to parti med Kristian Lunde og Lars Mugaas som faste instruktører over fleire tiår, og tilstrøyminga har vore stor og aukande. Med eit stabilt trenarkorps, er tilgangen til partia, og responsen frå foreldre og utøvarar veldig god. Men instruktørar veks ikkje på tre, så det vil alltid vera ei oppgåve for styret å finna fram til nye krefter som vil engasjera seg i å ta instruksjonskurs og ta på seg oppgåver i gruppa.

Med to års mellomrom har turngruppa arrangert eit nystarta arrangement i Hordaland. "Gymfest i Vest" med over 800 deltakarar. Her er blanding med konkurransar i trampett(trampoline) og fellesprogram. Det er fint å ha tilgang til alle hallane på Vikahaugane når eit slikt arrangement skal avviklast, difor er det få lag som kan ta på seg eit så stort arrangement.

Turnsporten har utvikla seg enormt dei siste tiåra. Mange nye aktivitetar og konkurranseretningar har komme til som fengjer dei unge. Framleis trekkjer mange unge både jenter og gutar til turnhallen på Stord, og fleire og fleire ser nok verdien av, at turn er eit svært godt basisgrunnlag for all annan idrett.



# Volleyballgruppa



Øvst frå venstre:  
Reidar Årskog, Jostein  
Tvedte, Bjørn Steinbakk,  
ukjend, Arve Nyham-  
mer, Ole Holm, Trond  
Nyhammer

## Oppstartsåra 1976-1981

Volleyballsporten sin spede start på Stord var gjennom eit aktivt lærarmiljø. Lorentz Kannelønning flytta tilbake til Stord i 1976, etter studiar i Trondheim. Han hadde då med seg erfaring frå volleyballmiljøet der. Som lærar på ungdomsskulen møtte han her på eit aktivt ballspelmiljø. I 1971 vart bedriftsfotballaget "Teachers United" etablert, med Arve Blokhus som pådrivar og leiar. Rundt Arve Blokhus hadde det også i fleire år vore spela bordtennis, og det var Arve, Lorentz og Gunnar Sævig som organiserte trening og administrerte volleyballen i startfasen. Første namnet på dette laget var "Stordlærarane". Etter kvart deltok dei i ulike turneringar rundt i regionen. Treningane den gang gjekk føre seg i gymnastikksalen på Hystad skule, der Gunnar var rektor. Enkelte treningar vart også gjennomført i Turnhallen på Leirvik. Utvikling av både spelarar og lag skjedde raskt, og deltaking i seriespel blei meir og meir aktuelt. "Stord volleyballklubb" blei difor registrert som eigen klubb 20. oktober 1976. Arve, Lorentz og Gunnar utgjorde det første interimstyret. Etter kvart vart det fleire treningar og aktiviteten flytta til Idrettshallen på Vikahaugane.

Laget starta i 5. divisjon, som var det lågaste nivået i Hordaland Volleyballkrets den gongen. Gode spelarar og eit stort engasjement gav opprykk umiddelbart, og i sesongen 1980/1981 spelte laget i 2. divisjon, som var nest høgaste divisjon den gong. Sentrale spelarar dette året var Reidar Årskog (spelande trenar), brørne Arve

og Trond Nyhammer, Bjørn Steinbakk, Jostein Tvedte, Ole Sigurd Holm, Lorentz Kannelønning, Håvard Vikene og Håvard Dahl. Etter kvart kom det fleire og fleire ungdommar til, og kvaliteten på spelet var i god utvikling.

Sportsleg utvikling ga og større krav om organisering rundt klubb og kampar. Dommarar måtte utdannast, ein måtte ta seg av formell styring og rekruttering. Dette gav nye utfordringar for karane som først og fremst ville trenast og spela kampar. På det meste var det t.d. tre herrelag, i 2., 4. og 5. divisjon. Det ”gamle” herrelaget hadde nok sin toppsesong i 1980-81. Deretter vart det ein nedgang i aktiviteten, før neste generasjon spelarar og leiarar tok over.

På slutten av 1970-talet starta jentene og med volleyball. I dei første åra var treninga lagd til Hystad skule med trenarar frå herrelaget. Utviklinga skjedde fort og her, og jentelaget spelte etter kvart i krinsserien. Marit Sævig, Anne-Marie Nilsen, Anne Fjellbirkeland, Lisa Leseth og søstrene Veslemøy og Gyri Tveit var blant pionerane innan damevolleyball på Stord.

## 1983 - 1991

I denne perioden stod klubben føre ein overgang der ei ny gruppe ungdommar gjorde sitt inntog. Spelarar som Tony Låte, Ove Wilhelmsen, Geir Berg, og etter kvart Kurt Molland, Kjetil Djuve, Are Akselsen, Otte Bjelland, Odd Breirem, Magne Hårde, Kjetil Roaldkvam m.fl. kom til på herresida. På jentesida bidrog Nina Sørli, Ann Gunn Tofte, Brita og Kjersti Knutsen og mange andre både sportsleg, med organisering og styrearbeid, og ikkje minst med å organisera trening og rekruttering blant yngre spelarar.

Gutar U17 jublar for sølvmedaljar i serien, sesongen 2012/13.



Bak frå venstre: Svein Eldøy Sandvold, Håvard Utbjøe Andersland, Anders Kalleklev Voreland, Karl Fredrik Balchen. Framme frå venstre: Torbjørn Nedrebø Søreide, Ole Sæbø Sævareid, Simon Aadland, Torbjørn Enoksen

Eit meir aktivt rekrutteringsarbeid var i gang med tydelege resultat. Bak det heile var sjølv sagt Lorentz Kannelønning som trekte i trådane og gjennom sitt virke som lærar kom i kontakt med nye aktørar til volleyballgruppa. Lorentz var svært flink til å sleppa dei yngre til, og motiverte dei til å bidra i styre og stell, og ikkje minst i å få ungdommane til å organisera trening for dei yngste. Spesielt var det mange jenter som var aktive på 80-talet. Ei tid hadde klubben to til tre treningsøkter i Gamlehallen kvar kveld i veka der ulike lag fekk boltra seg og øva på smashing, serving, mottak og å ha reine slag utan å føra ballen.

Mange aktivitetar vart dregne i gang og "Påskebrunturneringa" vart etablert som ei årvisst turnering første helga etter påske. Turneringa drog lag frå fleire fylke, frå Bergen, Os, Fusa, Bømlo, Haugalandet og ikkje minst frå Kvinnherad der Trio med Sigbjørn Malmin i spissen oftast gjorde kraftige innhogg i medaljeforrådet. Medan herrelaget spelte mykje i 3. og 4. divisjon, vart det fleire yngre lag med. Organiseringa av seriespelet med «seriehelger» i juniorseriane blei etablert av kretsen. Med mange kampar på ein dag vart det svært stimulerande for miljøet når ein fekk bryna seg mot andre klubbar i eit stort og aktivt miljø. Stord Volleyballklubb deltok med jente- og gutelag på mange andre ulike turneringar i denne tida. Det var deltaking på turneringar i Åmli Cup, Ekeberg cup, Danmark Open osv., samt lokale turneringar i Hordaland og Rogaland. Dette gjorde det motiverande å vera med i klubben, og det vart bra med påfyll av nye spelarar.

I perioden var det og stadig diskutert om ein skulle melda seg inn i dåverande Stord Turn & Idrettslag, men førebels var motstandarane sterkare enn tilhengarane. Det var tvil om gevinsten for ressursar til gruppa, då fotball og etter kvart handball var dominerande blant ballidrettane.

I tida 1985 og fram mot nittitalet var det på ny ei sportsleg blomstringstid på herresida. Spelarar med erfaring som Odd Breirem og Karl Henrik Gjerde kom til utanfrå. Disse skulle vise seg å bli veldig sentrale for klubben i åra som kom. Karl Henrik Gjerde blei raskt engasjert som spelande trenar, og det vaks fram ein god gjeng som likte å trenar i lag og som raskt fekk gode resultat. Eit nytt generasjonsskifte var for alvor i gang.

Denne perioden ga gode sportslege resultat og opprykk i divisjonane for herrelaget, med spel i 1.divisjon som topp. Nokre av spelarane gjekk etter kvart over til lag i Eliteserien som eit resultat av dette. Otte Bjelland nådde lengst med mange kampar for Nyborg i Eliteserien. Han har i si karriere oppnådd norsk seriemeisterskap og spelt landskampar. Også Bjørn Harald Hansen (ein landskamp) og Kjetil Djuve fekk med seg spel i toppdivisjonen gjennom spel i Nyborg. Are Akselsen har og gått vidare som spelar og trenar. I tillegg til spel for Nyborg i 1.divisjon var han trenar for eliteserielaga Fyllingen og BSI. På damesida vart det i perioden stadig auka aktivitet, og seniorlaget var godt etablert rundt 2. og 3. divisjon. Generelt fungerte rekrutteringsarbeidet bra, og ga tilgang på nye spelarar til seniorlaga.

## 1992 - 2000

Milepæl for denne perioden er markert med innmelding i Stord IL, eliteserieturnering på Vikahaugane, 1. divisjonsspel for herrelaget og bygging av sandvolleyballbanen. Leiarar i denne perioden var bla. Tørres Bjelland, Lars Eide og Are Akselsen.



I samband med opninga av Nyehallen i 1995 inviterte Stord Volleyball fire eliteserielag til turnering. Arrangementsmessig vart det ein suksess, med gode tilbakemeldingar frå dei beste volleyballaga i Norge. Nok ei kvalitetsturnering var gjennomført av Stord Volleyball, og sette Stord på kartet også nasjonalt. Nyehallen ga Stord Volleyball fleire muligheter for å ta på seg større arrangement som yngre seriehelg over fredag-laurdag-søndag. Til vanleg seriespel for herre- og damelaget så egna likevel Gamlehallen seg vel så godt på grunn av parkett som underlag. Herrelaget var desse åra i toppen av 2.divisjon, og rykka igjen opp til 1. divisjonsspel sesongen 97-98. Dette året var det og eit herrelag i 3. divisjon. Sportsleg vart året i 1. divisjon ei blanda oppleving, og med plassering 7 av 8 lag vart det diverre nedrykk.



## Sandvolleyball

Den aller første tida vart det spela sandvolleyball på Saneset ved Ådlandsvatnet. I 1996 blei det bygd sandvolleyballbane på Vikahaugane bak turnkassen. Store krav til type sand gjorde at sanden måtte spesialbestillast. Denne blei levert med båt til Leirvik hamn, lasta over i lastebilar og frakta opp til bana. Med stor dugnadsånd i klubben og godt samarbeid med Magne Jostein Mikkelson, dagleg leiar på Vikahaugane, ga det ein flott bane som er godt nytta kvart sommarhalvår. Denne ga grunnlag for fleire aktivitetar, meir rekruttering og meir deltaking i turneringar (sandvolley).

Deltakarar frå Stord Volleyballklubb var altså tidleg ute med sandvolleyball. Det var deltaking på strender rundt om i landet (mellom anna Hamresanden, Ula-Larvik, Sjøsand, Sola mfl.), med heiderlige resultat. Først var det tremannslag, seinare tomannslag.

## 2000 - 2014

2000-talet kan vise til ein godt variert volleyballmeny med nye turneringar, NM for vidaregåande skule på heimebane, NM-deltaking for yngre lag og oppstart av minivolleyball. Leiarar i denne perioden har vore Svein Andersland leiar (3 år i første del av perioden, 3 år i noverande periode – framleis leiar i 2014), Arne Tillung (2 år), Åsmund Storebø (4 år), Endre Bjørn Ladehaug (1 år) og Nina Sørli leiar (3 år).

Av seniorlaga er det i denne perioden damelaget som har vore mest stabilt med meir eller mindre samanhengande spel i 2. divisjon. Gry Tuset har vore drivkraft for laget gjennom både denne og tidligare periodar. Som spelande trenar i fleire periodar. Herrelaget har mot slutten av perioden hatt utfordringar med nytt generasjonsskifte, men etter eit par sesongar i dvale er herrene i 2013/14 igjen tilbake i trening og seriespel i 3. divisjon. Herresida har i denne perioden og avla spelarar som har tatt steget oppover i divisjonane, representert ved brørne Øyvind og Ørjan Storebø. Øyvind har spelt i eliteserien med både Nyborg og NTNUI, medan Ørjan har spelt 1. divisjon for Nyborg. I 2012 fekk Stord og sin første elev på TopVolley Norge (TVN) i Sand ved Håvard Utbjoe Andersland. TVN er nasjonalt senter for volleyball, og samlar elevar frå heile landet. Gjennom dette har det og blitt god kontakt med TVN som ressurscenter for stordvolleyballen.



Damekamp 2. divisjon mellom Stord og Rossvoll, sesongen 2012/13.

## HobbyVolley - ein stor suksess!

Hausten 2000 vart det første HobbyVolley arrangert som eit tilbod først og fremst til vaksne mosjonistar med påmelding i dame, mix og herre. Turneringa kom i stand som eit dugnadstiltak, og var opprinneleg tenkt som ei årleg turnering. Sentrale personar bak dette har vore Gry Tuset (som kom med idèen), Svein Andersland og ikkje minst Odd Breirem som har laga kampoppsett til alle turneringane fram til no. Etter ønske frå laga vart det allereie andre året innført å arrangere to årlege turneringar, vår og haust. I den første turneringa hausten 2000 deltok 18 lokale lag kun frå Stord kommune, og i dei 27 turneringane som har vore til no har i snitt 30 lag delteke kvar gong. Hausten 2013 vart det satt ny deltakarrekord med 43 lag frå Rogaland og Hordaland.

## NM for vidaregåande skular på Stord

NM for vidaregåande skular vart i 2003 lagt til Stord Idrettspark, med deltaking frå heile landet. Dette var eit stort løft for gruppa, der ein og samarbeidde med Kåre Mol på den sportslege sida og handballgruppa på innkvarteringssida. I





Bak frå venstre: Tonje Pedersen, Frida Lunde, Ingvild Handeland, Lillian Brakstad Holmedal, Emma Ersland, Rebekka Kvamme Kristensen. Foran frå venstre: Christine Faraas, Frida Thorkildsen Solhaug, Goda Martinkute, Magni Engevik, Karoline Eldøy, Kristin Fadnes Volden

samband med NM fatta ein større gjeng med ungdommar lokalt interesse for volleyball, og med Kjetil Djuve som inspirator og trenar på gutesida fekk ein fram fleire dyktige gutespelarar som igjen drog med seg jenter inn i volleyballen. Laga deltok i kretsserien, nokre KM og NM.

## Yngre seriehelger på Stord

Den positive organiseringa av seriespelet kring fire seriehelger heldt fram for dei aldersbestemte laga. Med denne auka interessa for volleyball vaks Stord IL si volleyballgruppe slik at me kunne ta på oss å arrangera ei av desse seriehelgane i sesongen. Ei seriehelg samla på den tida 5-600 volleyballspelarar frå om lag 25 klubbar i Hordaland. Over to dagar vart det avvikla om lag 200 kampar i Gamle- og Nyehallen. Dette arrangementet kravde stor innsats frå spelarar og støtteapparatet i gruppa. I tillegg til sjølve turneringa skulle tilreisande spelarar og trenarar ha overnatting, frukost, middag, kveldsmat og sosiale aktivitetar på kvelden. Seriehelgene på Stord vart populære og fekk mange gode tilbakemeldingar. Det kom fram fleire gode spelarar på Stord sine lag og ein oppnådde mange gode resultat, spesielt på gutesida.

## NM-deltaking

I tillegg til å ha aldersbestemte lag med i hordalandserien, deltok Stord fleire gonger i krinsmeisterskapen som også er kvalifiseringsturnering til NM. I 2004 kvalifiserte G19-laget seg til NM i Ålesund der dei vart nr 9. Dette året deltok Stord vidaregåande skule med både gute- og jentelag i skule-NM i Førde der gutelaget vart nr 5 og jentelaget nr 16. I april 2012 deltek Stord for andre gong i





Første serierunde med U13 minivolleyball i Gamlehallen, januar 2014. Tre langnett og ni banar.

NM, denne gong NM U16 i Oslo med Koll som arrangør. Gutane vart nr 15, men hadde likevel ei svært positiv oppleving med eit stilfullt arrangement i tillegg til det å kjenna på nivået til dei beste laga i Norge.

## Minivolleyball

Februar 2013 starta gruppa med trening for jenter U13. Gjennom den nasjonale nysatsinga på minivolleyball kunne volleyballgruppa for første gong gje tilbod til spelarar under 13 år. Hausten 2013 deltok Stord med to lag, for første gang i serierunde for U13. Arrangementet var på Sotra. Seinare arrangerte Stord serierunde nr 3 same sesong, med deltaking av tre eigne lag. I Gamlehallen på Vikahaugane var det denne dagen ei deltaking på 46 lag frå heile Hordaland. Med tre langnett og rigging av ni banar var det eit fantastisk skue og «styrt» kaos!



Vinnarar av Åpningsturneringen i Bergen 1994.

Bak frå venstre: Knut Arve Nordfonn, Helge Førland, Svein Kobbeltvedt, Rune Tittersnes, Odd Breirem. Foran frå venstre: Lars Eide, Kurt Molland, Ove Vedøy

## Etterord

Oppsummert så ser me at «livet» til Stord Volleyball har gått i bølgedalar. Dels avhengig av nokre sentrale personar som har drege lasset gjennom sine periodar, og dels av ytre påverknad som hallkapasitet og innmelding i Stord Idrettslag. Sportsleg viser historia at herrelaget tre gonger i ulike periodar har vore oppe på nest høgaste nivå i Norge. I tillegg har dette generert både spelarar og trenarar på øvste elitenivå. Alle toppsesongane har vore til dels brutale møte med eit nivå som nok har vore for høgt, både for klubb og spelarar. Her ligg ei utfordring med å byggje klubb med eit breiare grunnlag i botn, for å vere betre førebudd om ein igjen skulle gå mot høgare nivå.

# Barneidretten

Det er overraskande for oss som vart med i idrettslaget rett etter krigen som gjerne trudde at det ikkje hadde vore organisert trening for barn før siste verdskrigen. Av dei få protokollane som finst, er det ein som syner at det var ”pikeparti” med instruktør så tidleg som i 1924. Som me har fortalt annan stad, fortel Magnus Jansen at det var organisert turn- og gymnastikktrening så tidleg som i 1898 både for barn og vaksne. Det var to brør, søner av ein advokat Riis, som budde på Stord på den tid.

Det vanlegaste var nok at ungane styrde leiken sin sjølv. Ulike leikar som å kasta på stikka, slå ball, sprette jeppe, leika gøymsele og klatring i tre og fjellskrentar. Aktivitetane endra seg med årstidene. Om vinteren var det ski og aking, men ingen ting var organsiert i form av trening eller konkurranse. Målet for ungane var å komma saman i nærområdet der dei budde å ha det triveleg saman.

Alt i september 1945 starta turngruppa opp med gymnastikkparti for jenter og gutar i tillegg til gymnastikkparti for damer og gymnastikk- og turnparti for herrar som hadde lege nede i krigsåra. Det var trening to gonger i veka, tysdag og torsdag. Barnepartia og damepartiet trente ein time kvar gong, herrane to timar kvar gong. Dei skulle ha apparatturn etter gymnastikken.

Det er vel ikkje å ta for sterkt i når ein seier at det er få born som i 8 – 10-årsalderen og oppover frå 1945 og til langt opp i 1950 talet, som ikkje på eit eller anna tidspunkt var innom turn før dei fann fram til andre idrettsaktivitetar.

På turntreningane var øvingsutvalet prega av disiplin med oppstilling på rekkjer der øvingane gjennomarbeidde kroppen frå tær til hovud. Alt gjekk på teljing eller etter musikk og i takt. Det var lite vekt på styrketrening som i dag. Etter gymnastikken var det dei mest elementære grunnøvingane på matte- og hoppøvingar over kasse som var øvingsutvalet. Ingen andre apparat vart presenterte. Øvingane om hausten førte til juleoppvisning med to sprengfulle hus der foreldre og besteforeldre og mange fleire ville sjå sine håpefulle i aksjon, ein tradisjon turngruppa har halde på, heilt fram til no.

Men denne tradisjonen var sterk også på slutten av 30-talet. Av referata frå den gongen kan me lesa at dei hadde juleoppvisning i førstninga av desember i Folkets hus på Litlabø, fullt hus med 4 troppar, og i Ungdomshallen på Leirvik tett opp under jul. Nokre dagsett til 17. og 18. desember 200 menneske tilstades i den vesle Ungdomshallen. Barneparti var med..

I 1950-åra kom fotballen i gong med gute- og juniorlag. Desse var gjerne rekrutterte frå gymnastikkpartia, for det var ikkje annan vintertrening for fotballspelarar eller friidrettfolket. Dei som vart fanga av desse idrettane, vart meir og meir spesialiserte. Friidretten tok til å arrangera konkurransar for born. Her var det talenta som gjorde det best for det var lite og ingen systematisk instruksjon i førstninga. Det kom faktisk først i 1960-åra.



I førstninga av 1980 gjorde Norges Idrettsforbund vedtak om all barneidrett skul-  
le organiserast i særlege barneidrettsskular:

Målparagrafen lydde slik:

**En idrettsskole er et variert aktivitetstilbud hvor barn til og med det året de fyller 12 år får prøve seg i flere idretter og i flere miljøer, for eksempel i sal, på løkka, i skog og mark, på snø og is eller i vann. Det legges vekt på å utvikle en god grunnmotorikk, gjennom leik og aktiviteter tilpasset barnas utviklingsnivå.**

**Stord Idrettslag vedtok å oppretta ei slik gruppe. Turngruppa slutta med barnepartia for dei skulle no inn i Barneidrettsgruppa for barn under 12 år. Leiarar vart utpeika. Det vart gjeve tilbod i gymnastikksalen ved Lange-land skule, Leirvik skule og på Hystad skule som hovudbasar. Målet var å leva opp til den målsetjinga Idrettsforbundet hadde sett opp. Barna skulle bli presentert alle dei ulike idrettane idrettslaget hadde tilbod om. Såleis vart treningsåret delt i ulike bolkar, der kvar gruppe fekk eit visst tal med timar der dei viste fram sin idrett og at barna fekk delta i desse aktivitetane. Så langt var alt såre vel, men dessverre var det grupper som ikkje ville gje slepp på ungane i den aldersgruppa som oppsøkte deira gruppe. Dei var redde for å missa rekrutteringa til sin idrett. ”Me må ha dei for å finna fram til talenta som kan skulerast vidare.” Det var tonen.**

Det vart ikkje mange åra før heile opplegget til Stord fall saman på grunn av manglande entusiasme og vilje til å endra tankegangen om barneidrett slik Idrettsforbundet hadde skissert. All erfaring syner at allsidig aktivitet og utvikling av koordinasjonsevne og motorisk læring i barneåra, gjev større gevinst når ein seinare skal spesialisera seg.

I dag er det som før. Ungane strøymer til dei ulike gruppene sine tilbod, søker og ser. Er dette noko som er gøy. Dei vandrar vidare i nye grupper. Dei er på leit. Dei fleste finn ein aktivitet. Laget arrangerer Puttefestilval i fotball, ei turnering som samlar ei mengd med ungar i kampen om ballen. Det er HAFO-cup i handball og fotball, Hanballfestival, Stordleikar i friidrett, skeisestemne for born, skirenn, o-løp og turntevlingar og turnleik for både jenter og gutar(1. og 2. klassesteg). Det er utruleg triveleg og sosialt, alvor og skjemt.

Men så kjem ungdomsåra og pubertet der svært mange fell frå, andre lyster og interessefelt dukkar opp. Mange vil bort frå konkurransar. Turnidretten t.d. har ”skapt” mange tilbod med trampolinehopping, tumbelingsbane, ein oppblåsbar 12 m lang bane med utruleg sprett i. Her melder fleire seg på der dei vil læra triks som dei tek med seg t.d. på spretthopp på ski. Elles møter dei eit utal av ulike, spennande utfordringar innan det me kallar ekstremспорт og andre idretts liknande aktivitetar som t.d. breakdans, skatebord for å nemna nokre øvingar. Desse har ikkje same krav til konkurranseprestering. **Det er eigenprestasjonen som får mest å seia. Likevel, idretten har ei stor utfordring, der dei bør prøva å ta vare på mange av dei unge som er i ferd med å falla i får. Er me t.d flinke nok til å ta tak i dei, og gje dei tilbod om leiar-, trenar- og dommarkurs slik at me held dei i vår organisasjon. Dei er ein sær viktig og stor ressurs me må ta vare på.**

# Samfunnsrekneskap

## Tillitsmannsarbeid – frivillig arbeid

Idretten har alltid vore tufta på frivillig arbeid. Det er den frivillige innsatsen som har bore fram idrettsrørsla til å bli den store samfunnsnyttige organisasjonen i Noreg. Ut over heile landet går det kvar dag personar som møter fram til instruksjon, tidtaking, dømning, kjøring til og frå stemne og kampar. Dugnadsånda lever enno, men i store grupper, og med mange påfølgjande arrangement, kan det røyna på å få folk til å stilla opp.

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003, for første gong, ein samfunnsrekneskap for å synleggjera den frivillige innsatsen som idretten innan vårt idrettslag legg ned av arbeid for å skapa ei meiningsfull fritid og gode opplevingar born og ungdom.

I ettertid har styret halde fram med å synleggjera denne samla innsatsen som våre leiarar, trenarar, oppmenn, og ikkje minst alle dugnadsarbeidande medlemmer gjer. Alle legg ned eit uvurderleg stort arbeid som er rekna til ein verdi av 70 mill. kr.

Styret har ved ulike høve presentert denne innsatsen for både lokale og sentrale politikarar, presse og sentrale deler av Norges Idrettsforbund, utan at dette tilsynelatande resulterer i anna enn eit klapp på skuldra. Å møta ei slik haldning til det arbeidet som vert lagt ned for å skapa aktivitet for born og unge, er lite tilfredsstillande. Når ein i tillegg til dette også ser for seg at ein må rekna med å betala stadig større eigendeler for å få til anleggsutbygging, vert bilete endå meir krevjande for oss. Ein frivilligpris rettar heller ikkje opp dette.

**Stord Idrettslag har som målsetjing å vera med og skapa eit levedyktig og triveleg lokalsamfunn, og vil vera med å leggja til rette for gode oppvekstvilkår og ei meiningsfull fritid for alle i vår kommune, men me trur at dette vil krevja innsats og ressursar frå fleire hald enn Idrettslaget åleine.**

# Anleggsutvikling

Stord idrettslag, som så svært mange andre idrettslag, har slite med å skaffa gode nok anlegg til sine utøvarar. Alt kring 1919 – 1920 skaffa idrettslaget seg eigen bane på Ås. Ola Høyland skriv i Stord Bygdebok, band III. ”Åssletta låg som ho hadde lege i alle år, naturleg og fin frå skaparen si hand. Ungdomane frå Leirvik hadde drive leik og sport der so langt attende ein veit. Alt i 1918 tok laget opp arbeidet med å få heimel til eit høveleg stort stykke der,. Ved drøftingar med Leirvik Vel vart heimelen ordna.” Så langt Høyland. Arbeidet med planering og opparbeiding av banen vart planert, og fekk ein storleik på 45 x 80 m. Sidan vart han utvida til 60 x 100 m, men det var ein heller dårleg grusbane. Mange stader stakk fjellknausar opp, fotballen spratt gjerne ein annan veg ein spelaren rekna med. Det var ikkje lett å spela god fotball under slike tilhøve. Friidrettsbanen, som vart laga kring fotballbanen, var og av dårleg kvalitet. I førstninga sprang ein 100 m diagonalt på banen for å få lengda nok. Lass på lass med sand vart køyrt på. Banen vart slodda og raka. Ei mengd med dugnadstimar har gått med for å få best muleg bane til dei ulike arrangementa. Eit lite klubbhus kom opp i søre enden av banen i 1938, ferdigstilt i 1939, men ingen dusj og anna høve til å vaska seg. Ein måtte nok dra sveitten med seg heim.

Ved sida av Turnhallsaka var det ny idrettsplass som opptok styret i laget så tidleg som på 1930 –talet. Ein leitte etter høveleg stad, og det kom til å ta lang tid før ein ny bane kunne innviast. Kommunen hadde straks før 1960-talet sikra seg areal på Vikahaugane som skulle nyttast til skulebygg og idrettsanlegg. Til skulestart hausten 1965 stod Stord Idretthall ferdig til bruk. Først i 1967 kom ny grasbane på Vikahaugane, Stord stadion, den første på Stord. Banen hadde i tillegg 6 løpebanar, kastringar til kule, diskos og slegge, vassgrav til hinderløp og plass til stav- og høgdehopp og publikumstribune. I 1983 vart det lagt kunstdekke på løpebanane, og eit nytt dekke blei lagt så seint som i 2012. Grasbanen tålte ikkje mykje slitasje. Dreneringa var heller dårleg. Det måtte gjerast store utbetringar for å få vatnet unna. Det var ein kamp for å få trenar på banen. Lett var det slett ikkje for dei som skulle ta støyten å seia nei til bruk av banen utanom kampane. Ved sida av grasbanen hadde det vorte opparbeid ein grusbane som både skule og idrett skulle bruka. Åsbanen var framleis sterkt i bruk både til trening og mange kampar for aldersbestemte klassar, lågare divisjonskampar og bedriftsfotballen. Banetilhøva var framleis vanskelege for dei tre idrettslaga i kommunen.

## Stordhuset

### Harald Karlsson fortel:

”På midten av 1980-talet var me mange som snakka om at idrettslaget burde ha sitt eige lagshus –ikkje slik det var den gongen at aktivitetane var spreidde på mange lokalitetar rundt om i kommunen.

Til store forsamlinger, som til dømes årsmøte, lagsmøte og gruppemøte, måtte me ofte leige lokale på Grand Hotell og det vart både dyrt og lite ”Heimekoseleg”



I tillegg sleit fotballen med dårlege garderobetilhøve på Åsbanen , som vart mykje brukt heile veka og i helgene med. Til slutt samla me oss om området nord for Åsbanen som var i kommunal eige og starta planlegginga. Etter kvart, som me diskuterte og planla, kom me fram til at me ville utvikla området vidare nordover ned mot Ådlandselva også. Planen var då at me først skulle byggja eit lagshus med storstove, kjøkken og peisestive oppe og med store garderobar/styrkerom/kontor og reiskapsrom i kjellaren for deretter å utvikla området vidare med eigen spesialhall for turn og to grasbaner for fotball. Den eine banen skulle me varma opp med vatnet som Krækjen Settefiskeanlegg sleppte ut i Ådlandsvatnet for det heldt om lag 5 plussgrader. Desse planane stranda då eigaren av Åsskogen ikkje var villeg til å selja "ein einaste m2 til oss" uansett kor mykje me prøvde.

Lagshuset, som me tidleg døypte til STORDHUSET, vart det sett fart i. Det vart sett ned ein byggjekomite med arkitekt Knut Eide som leiar, og han saman med gode hjelparar både planla, teikna og var byggjeleiar for prosjektet frå dag ein til det stod ferdig. Det vart jobba iherdig med å setja opp huset, og i tillegg til Knut, var det mange som gjorde ein fantastisk innsats. Eg hugsar godt Hans Aas, Per Kåre Halleraker, Finn Åsheim og Rolf Jansen som kvar la ned mange tusen dugnadstimar. For dei og mange av oss andre vart det ein livsstil å tilbringa kveldane og laurdagen på huset.

Me organiserte oss med ulike ansvarsområde, og underteikna hadde ansvar for finansiering, sponsorar og innkjøp, og eg kan i den samanhengen nemna at i tillegg til store, lokale bidrag, vart heile ventilasjonsanlegget inkl. montasje gitt oss av eit Oslofirma. Når alt treverket, som vart kjøpt hos Vinje Sag i Åmot (Telemark), var det heilt naturleg at Frugård transport tok leveransane med som returlast når han likevel hadde vore på Austlandet med last og returnerte med tom bil heim.

Stord Yrkesskule, med lærar Rolf Hystad, gjorde og ein formidabel innsats over minst eit skuleår og trufaste medlemmer som Lars Mugaas, Kristian Lunde og Erling Laukhammer m/fleire var svært delaktige for å få huset ferdig. Me greidde og å få midlar både frå STUI og såkalla Kulturhusmidlar frå Kulturdepartementet, og når huset stod ferdig, var det så og seia gjeldfritt når det vart offisielt opna i 1988. Mange av oss fekk sjølvstilt eit spesielt forhold til huset som vart flittig brukt både som lagshus og for utleige til både firma og privatpersonar før det vart selt til barnehage i 2005. Etter kvart som dei ulike gruppene i laget hadde treningane sine i Idrettshallen , på banane der oppe og i Landåsenområdet, vart gjerne huset mindre og mindre brukt av idrettslagsmedlemmane. Tanken var at det skulle vera ein samlingsstad også etter trening til samtale og sosialt samvær.

## Stord Idrettspark, Vikahaugane

Me kan lesa annan stad i heftet om Stordhuset som vart bygt på Ås, og korleis idrettslaget prøvde å få regulert eit nytt område i Åsskogen til idrettshall og fotballbanar. Etter mykje om og men måtte me gje opp dette. Det var uråd og koma til semje med grunneigaren. Som konsekvens av dette, gjekk idrettslaget i dialog med Stord kommune og Aker om å få til ei vidare utvikling på Vikahaugane. I 1990 vart Stiftinga Stord Idrettshall skipa. Med i stiftinga var Stord Idrettslag, representert med Harald Karlsson og Magne Jostein Mikkelsen, Stord kommune,

Reisingsverk og sperr  
av stål blir løfta på plass.



representert med Tore Bjelland og Jakob Gullberg , og Akerverksemdene på Stord, representert med Håkon Belsvik og Malvin Handeland. Bygging var endeleg vedteke i Stord kommunestyre 26 nov. 1992 med 23 stemmer mot 22 stemmer. Byggestart i januar 1994 og ferdige hallar 30. juni 1995. Ei storstilt opning med kulturminister Åse Kleveland og frå Akerverkesemdene, med Gerhard Heiberg i spissen. Anlegget inneheldt ein handballbane der ein kunne spela landskampar , friidrettsdel med 60m løpebane, hoppegrop, uttrekkbar tribune og ein spesialhall for turn. Turnhallen vart også godkjent som fylkesanlegg for turn. Første store arrangementet i storhallen var Noregsmeisterskapen i turn for kvinner og menn i 1995.

Hallen hadde ein verdi på om lag 34 millionar kroner, men kostnad i reine pengar var på 21 millionar. Akerverksemdene gav om lag 5 millionar kroner i tilskot, og hjelpte til med mykje dugnadsarbeid. Stord Idrettslag utførte om lag 30 000 dug-

Paul Skjønberg, ein tru ”slitar” og utruleg entusiast som dugnadsarbeidar. La ned om lag 1500 timar på anlegget. Laga eit biletoversyn frå skogen vart hoggen, til anlegget stod ferdig.



nadstimar, der Magne Jostein Mikkelson var dugnadskoordinator, og for ikkje å gjera nokon urett, for mange lagsmedlemmer gjorde ein formidabel dugnadsinnsats, må ein likevel nemna Paul Skjønberg som hadde 1500 timar på anlegget, og tek me med alt han har laga og gjort i den nye turnhallen, vil nok timetalet stiga til over 2000 timar. Verdien av dugnadsinnsatsen vart gjort om til fritimar på anlegget. Saman med arbeidskontoret vart det kjørt 10 AMO- kurs i sveis. Dei laga all stålkonstruksjonen til hallane. Fleire tømmerkurs vart også gjennomført av arbeidskontoret for å få innreia garderober.

I sluttfasen på bygginga vart det skipa eit aksjeselskap som fekk i oppdrag og drifta anlegget på Vikahaugane når det stod ferdig. Eigarar her vart Stord kommune med 60% og Stord Idrettslag med 40%. Magne Jostein Mikkelson vart tilsett som dagleg leiar. I perioden frå 95 og fram til 2006 gjekk drifta godt og det vart gjort ei rekkje ny investeringar på anlegget. Her kan nemnast: Klatrevegg, sandvolleyballbane, kurs- og konferanseavdeling med Squashhall, ny administrasjonsavdeling, diverse lager, areal for cateringbedrift, klasserom for vidaregåande skule, idrettlina, 2 styrkerom, Idrettstove og kontor for Idrettslaget.

På uteområdet er friidrettsdelen av Stord stadion rehabilitert med nytt, blått bandedekke. Ferdig i 2012. Det er lagt moderne kunstgras på den gamle grusbanen og laga høvelege, nye tribunar. For å greia å realisera desse nye tiltaka, er det også her utført uvanleg mykje dugnad frå Idrettslaget si side, særleg frå fotballgruppa.

## Isanlegget- Skeisebanen

18. april 2001 stod Regionanlegg for vinteridrett på is ferdig på Vikahaugane. Dette var eit utruleg prosjekt, med vanvittig stor dugnadsinnsats frå skeisegruppa i idrettslaget. Det blei utført om lag 10 000 dugnadstimar, i hovudsak av ei gruppe på ti personar. Anlegget har ei isflate på 5000 m<sup>2</sup>, klubbhus og varmesentral. Ved produksjon av is leverer anlegget vassboren varme til Leirvik skule, Stord ungdomsskule, Stord vidaregåande skule og idrettshallane på Vikahaugane. Om sommaren vert anlegget nytta til rullskeising og handball under handballfestivalen. Ønske frå brukarane er å få bygd tak over banen.

## Banetilhøva

### **Henning Iversen, mangeårig formann i Idrettslaget fortel:**

«Da årsmøtet i 2003 vedtok å avhende lagetts eiendommer på Ås, var det åpenbart at fotballgruppen ville få en stor utfordring på banesiden, med kun en liten grusbane på Vikahaugane, samt at Åsbanen kunne brukes i en overgangsperioden. Stord Kommune på sin side, vedtok å overføre 12 mill. kr. til et fond hvor idrettslagene kunne søke om lån til investeringer, med en lav rente. Med denne muligheten tilgjengelig, besluttet hovedstyret å sette i gang utvidelse av grusbanen på Vikahaugane, samt å legge kunstgress på denne banen.

I samarbeid med kommunen ble prosjektet igangsatt og en ny bane med en spilleflate på 105 x 68 meter sto klar våren 2004. Samtidig ble det bygget tribune, noe fotballgruppen gjorde på dugnad. I tillegg valgte vi å flytte det kunstgresset vi hadde tilgjengelig om sommeren på skøytebanen, til grusbanen på Hystad, hvor det også ble gjort en del utbedringer.



Vi hadde også planer om å fortsette med å bygge en ny kunstgressbane i klokkesvingen på Vikahaugane, hvor reguleringsplanen åpnet for en bane på 65 x 40 meter. Forhandlinger om tilkomst til området ble i gang, uten at vi kom særlig langt, med unntak av den ene halvdel som eies av Bjellandfamilien.

Her fikk vi tilgang etter egen avtale, mens Stord Kommune sa nei til å frigjøre sin halvdel. Vi brukte i realiteten lang tid på dette arbeidet, og burde ha skiftet til andre prosjekter tidligere enn det vi gjorde.

Neste prosjekt ble da Langelandsbanen, en liten grusbane, hvor vi så muligheter til å anlegge en større bane. Første utgave av prosjektet var en grusbane på 90 x 45 meter, men da vi endelig lykkes med å selge Åsbanen for en langt høyere sum en forventet, endret vi konseptet på Langeland til en kunstgressbane på 98 x 60 m.

Høsten 2011 sto banen ferdig og på åpningsdagen opplevde prosjektgruppen fra Stord Fotball, med Hans Jacob Skard og Atle Heggøy i spissen at halve Kårevik var tilstede på banen, noe som frembrakte flere tårer i øyekroken. I forbindelse med omreguleringen av arealet på Ås til boliger, ble vi som en del av planen pålagt å skaffe en erstatningsbane i området, og det ble igangsatt et prosjekt med en grusbane på 60 x 40 meter, samt en ballbinge i området nord for Stordhuset. Med de økte inntektene vi fikk fra salget av Åsbanen, valgte hovedstyret, i samarbeid med Stord Fotball å legge kunstgress også på denne banen. Sommeren 2012 sto også denne banen ferdig.

I tillegg til det som er nevnt ovenfor, disponerte Stord Fotball også en kunstgressbane ved Nordbygdo ungdomsskule, hvor laget etter hvert har investert i lys på denne banen, slik at man etter hvert er rimelig godt dekket med baner. Stord Fotball har også tatt opp igjen arbeidet med å realisere den kunstgressbanen som vi begynte på i 2005, men mye arbeid gjenstår før denne kan realiseres, så langt en vet i skrivende stund”.

# Intervju med gruppleiarar



## Fotballgruppa

Leiar: Nina Sleen

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til di gruppe?**

Stord Fotball hadde sesongen 2013 – 719 aktive fotballspelarar og ca. 200 aktive vaksne rundt laga. Tal på spelarar har gått litt ned dei siste åra. Dette har si naturlige forklaring etter at Nordbygdo Ungdomskule stod klar og Trott har flott anlegg liggjande rett ned i vegen og ikkje minst har me diverre ein Hystadbane som ikkje er av flottaste kvalitet. Det gledelege er at me har dei siste åra klart å stansa det store fråfallet i 14-16 års alderen. Klubben har hatt to og tre lag i denne aldersklassen og det er med på å hjelpe oss å kunna ha eit variert tilbod til våre medlemmer med tanke på mottoet vårt bredde og topp.

### **Korleis er aktiviteten i di gruppe no?**

Aktiviteten er stor i gruppa vår, målet er å tilby alle 5- års- og 7-årslag to treningar i veka, og så aukar treningsmengda etter kvart opp til fem treningar for dei eldste. Våren er ei travel tid for oss med mykje treningskampar og oppkjøring til sesongen. Det er mange år sidan me har hatt så mange spelarar med på sonesamlingar. Har dei siste åra også hatt spelarar som har vore innom landslagsamlingar for aldersbestemte lag. Dette er oppløftande for oss, og me tar det som eit teikn på at me jobbar godt med sporten i klubben.

Klubben er så heldige å ha eit godt samarbeid med Sunnhordland Toppfotball, og samla sett har me eit godt ekstratilbod til dei som vil trenar meir. Me kan tilby våre medlemmer aktivitet uta nom lagstrening gjennom ”Jenteløftet”, LMT Talentskule og ikkje minst gjennom ”Akademiet”, vårt siste tilbod etter skuletid for dei minste. Utanom dette arrangerer me Fotballskule når skulane har haust- og vinterferie, og fyrste veka etter skulane sluttar på sommaren.

Siste helga i august er det tradisjonen tru Putte Festival. 2014 er det 25 års jubileum, og me jobbar med å få til noko ”ekstra” denne gongen. Dei siste åra har me fått tilstrøyming av lag frå klubbar utanom øya og nærmaste kommunane. Dette er kjekt, og me håpar at fleire lag kjem med, då denne festivalen har stort potensiale. Sett av siste helga i august, ta med heile slekta og kom opp og sjå ekte fotballglede hos dei yngste. Ta middagen på Vikahaugane denne helga eller kaffien og kaka der.

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**

Herre A-laget spelte seg opp til 2. divisjon. i 2013 sesongen, så det vert ekstra spennande å følgja med dei kommande sesong. Målet er å etablera oss i øvste del av tabellen. Spesielt kjekt er det at me har mange spelarar som er "oppfostra" i klubben, og ein ung og spennande generasjon som bankar på døra.

Sesongen 2013 var første gong på ti år at Stord Fotball stilte med eige damelag. Me har ein svært ung, men ivrig gjeng som har mål om å rykka opp til 3. divisjon denne sesongen. Spennande å følgja med dei ivrige spelarane våre i år.

For aldersbestemte lag har me mål om å ha eit høgt stabilt sportsleg nivå som toppklubb og talentutviklar i Sunnhordland, som vil bli synleggjort ved at spelarar jamleg vert teke ut til krinslag, regionslag og landslag. Målet er å vera blant dei beste 40 laga på landsbasis innan ein fem - års periode. Høge mål, men det må me ha. Samtidig må me ha i tankane at me er ein klubb som har mål om å vera til både for dei fleste, men også dei beste. Dette er i seg sjølv ein stor jobb. Fokus på å kunna ha eit tilbod til alle er svært viktig, og me er godt nøgde med å ha registrert, dei siste åra, at me klarer å halda på fleire spelarar enn før i aldersgruppa 14 -19 år. Dermed får me for det meste to lag på kvart trinn, og tilbod til alle.

### **Spesielle aktivitetar for 100 – års jubileum.**

Klubben er i planleggingsfasen når det gjeld å arrangera noko "ekstra" for 100 – års jubileet til Stord Idrettslag. Dette er stort og må feirast. Klubben har ikkje alt på plass enno, då me ventar på nokre avklaringar, og me vil difor ikkje røpa planane. Men feiring vert det, det er jo trass alt 100 år til neste gong, og det får ikkje me vera med på !!!!

### **Kva for mål har de vidare framover, og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?**

Som nemnt tidlegare har klubben som mål å vera til for dei fleste, men også dei beste. Det ligg eit stort ansvar i den målsetjinga. Me har fokus på kursing og utdanning på trenar-, leiar- og dommarnivå. Gledeleg er det at me no har fått med oss fleire unge, ivrige støttespelarar som vil vera med å bidra.

Som klubb prøver me å tilby gode aktivitetar med dyktige medarbeidarar. Tanken er også at me må skaffa arbeid til dei som kjem til klubben, dette er me i gong med gjennom LMT Talentskulen, Jenteløftet, Akademiet og eit godt samarbeid med bedrifter på øya. Skal gode fotballspelarar velja Stord Fotball, må me ta godt vare på kvar og ein som kjem. Samtidig har me fokus på å få inntening og ikkje berre basera inntektene våre på sponsorar, loddsal, mm. , som er noko meir usikre inntekter frå år til år.

Reint sportsleg har me sett oss nokre "hårete" mål for dei eldste, det må vera lov. Etter ein fem – årsplan, er målet for Herre A-laget å nå Adecco ligaen og for damelaget er målet 2. divisjon.

Når det gjeld anlegg, er det til ei kvar tid ting å ta tak i. Stord Fotball held på med å byggja garderobebygg på Vikahaugane og på Langeland i 2014. Så har me eit kunstgras som må bytast ut på Vikahaugane, og ikkje minst ein bane på Hystad som ikkje held god nok standard. Det er mykje arbeid som ligg bak kvar oppgradering, og me er takknemlege for at me har så mange engasjerte eldsjeler i klubben som jobbar kontinuerleg med oppgradering og vedlikehald av eksisterande anlegg.

Klubben ønskjer å leggja til rette for sosialt samhald, og Fotballstova ved Stadion stod klar for nokre år sidan. Her kan medlemmer kosa seg når det måtte passa. Me har TV- kanalane for å sjå fotballkampar, spelekonsollar, kjøkken til å laga mat, mm. Heldigvis er den ofte i bruk av einskilde lag og vennegjengar.





## Friidrettsgruppa

Leiar: Runar Øvrebø

Me møter ein engasjert friidrettsleiar og vil gjerne stilla han nokre spørsmål i eit hektisk jubileumsår.

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til di gruppe?**

I jubileumsåret 2014 har Stord friidrett 130 aktive medlemmar. Me opplever at mange barn i alderen 7-13 år har lyst til begynne med friidrett. Om lag 50 barn er med i denne aldersgruppa. I dei siste sesongane har me og opplevd å få inn ungdommar som har satsa på anna idrett opp til 16 år. For så å satse for fullt på friidrett. Løparane Thomas Heggøy og Lars Føyen er gode døme på det. Dei har hatt kometkarrierar og har gått rett inn i nasjonalklasse i sine aldersgruppe. Blant våre eldste i gruppa 17-23 år har me mange lovande ”typar” som gjer det skarpt og som bit godt frå seg i nasjonal meisterskap. Stord blir lagt merke for sine flotte ambassadørar for friidrett. Dette har slått ut i blomst etter mange år med hardt arbeid.

### **Korleis er aktiviteten i di gruppe no?**

Me har høg aktivitet i gruppa året rundt. Gruppa vår har mange arrangement som trekk folk. For å nemne nokre av dei så har me hallstemne i februar, i mars er det sesongstart ute med terrengløp rundt Vikastemmo, i mai er det Fredsstafettar, Sentrumsstafettar og Tinstafett. I mai har me og motbakkeløpet Stord Rett Opp. I juni er det Bruløpa der halvmaraton er lagt inn. I august er me inne med vårt største arrangement, Stordleikane, med rundt 400 deltakarar er me ein av dei største ungdomsstemna på Vestlandet. Utesesongen blir avslutta med trimløpet som har lang tradisjon. Stordløpet som går i naturskjønne omgiversar rundt om i Landåsen. I tillegg til dette arrangere me mange banestemner oppe på Stord, så me har tilbod både til bredde og topp og for ein kvar smak året rundt. Me er og ute på dei største stemnene både i inn og utland.

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**

Me har store og mange forventningar for 2014. Vår største satsing blir inn mot NM i terrengløp kort løype, helga 5. og 6. april. Me håpar å tilby våre gjester flotte forhold inne på Golfbanen, og at me har løparar som kan vere med å kjempe om medaljar på heimebane. Me håper å lage til ei festleg ramme der ”Barneløpet” blir familiefest og oppvarming til NM. Me ønskjer sterkt at lokalsamfunnet stiller opp og lager ei festleg ramme rundt dette arrangementet. Me har ”våte draumar” om at brørene Tom Erling og Harald Kårbø kan vere med å kjempa om ein plass i den norske troppen på 3000 meter hinder under EM i Zurich i august. Me har og godt håp om å vera representerte under junior- VM i Eugene i USA i juli.

**Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

Vårt hovudsatsingsområde blir klart terreng-NM i april. Men me håpar også å lage ekstra blest rundt Stordleikane sidan idrettslaget markerer sitt 100-årsjubileum.

**Kva for mål har de vidare framover, og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?**

På lengre sikt har me visjonar om å ha Stordutøvarar med under dei olympiske leikane i Rio 2016. Vegen fram er både lang og bratt, men me i Stord-friidrett vil stå på for å nå målet. I åra framover vil me arbeida hardt for å ta vare på anlegga våre, slik at friidretten får gode tilhøve og at me kan rekruttera og få fleire til å drive med friidrett. Stord har og som mål å vera "spydspissen" innan friidretten i Sunnhordland, og vil leggje opp til eit tett og godt samarbeid med naboklubbane i Bremnes og Fitjar.



## Handball Bredde

Leiar: Asbjørn Tverdal

### «Dei yngste strøymer til handballen»

Tilveksten blant de yngste i gruppa har hatt ei fantastisk positiv utvikling. Det blei i 2013 starta opp G6-lag for første gang i Stord Handballs historie, og me har pr. i dag heile 185 aktive gutar og jenter under 10 år. Minihandballen vert også prega av «unge» engasjerte foreldre som driv dei minste talenta våre i starten av ei håpefull lang handballkarriere.

### Korleis er aktiviteten i di gruppe no?

Handballgruppa berer preg av høg aktivitet og stadig aukande tilslutnad.

### Kor mange lag er det i gruppa?

Me har 53 påmelde lag til årets seriar. To seniorlag på damesida og eitt lag i Gullserien.

### Kva forventningar har de til sesongen 2014?

Me har som mål å ha lag i A-puljene i Hordalandsseriane i alle årsklassar. I tillegg har me forventningar om å ha gode arrangement for barneidretten, og i tillegg halda fram med den gode rekrutteringa blant de yngste. Me ønskjer å halda fram med gode tiltak for å halda på spelarane gjennom årsklassane i form av ulike utviklingstiltak lokalt og regionalt. Me håpar også at damelaget er med og kjempar i toppen av 2. divisjon. Det er også ei klar målsetjing å stilla eit lag til den nasjonale BRING-serien for 16-åringar i godt samarbeid med Tysnes og Kvinnherad. Stord skal framleis vera flaggskipet for Sunnhordlandshandballen.

### Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?

Handballfestivalen feirer 25-årsjubileum i 2014, og blir naturleg nok vår arena for å feira jubilaranten. Me satsar på historiens beste festival med rekordoppslutning og som alltid fantastisk, fint pinsever

### Kva for mål har de vidare framover, og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?

Handballgruppa skal festa sin posisjon som Sunnhordlandshandballens ubestridte einer, og skal driva målretta arbeid i alle årsklassar frå 1. klassingar til seniornivå. Me skal ivareta de yngste spelarane gjennom alle årsklassar, og følgja dei opp heile vegen fram til vårt damelag, og levera framtidige elitespelarar på herresida til Stord HK. Den nåverande trenden på tilstrøyming av spelarar i dei yngste årsklassane, gjer også at me må tilby ressursar i aukande grad til spelarane – både i form av kompetente leiarar, tilpassa treningstilbod og gode fasilitetar. Ei utfordring og eit hovudmål vil vera å halda flest moglege ungdommar lengst mogleg oppover i årsklassane og på den måten bidra til eit positivt miljø blant barn og unge i lokalsamfunnet.





## Handball Elite

Leiar: Bjarte Salomonsen

Stord Handball, Elite er inne i ein hektisk kampperiode med trening og reising. Me har fått ein prat med leiaren for elitegruppa, Bjarte Salomonsen

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til di gruppe?**

Tilstrøyminga av nye medlemmer styrer me sjølv, og er avhengig av dei behov me har rundt elitegruppa. Medlemsmassen er slik rimeleg konstant. Omtrentlege tall er som følger:

A-lag: 16 spelarar. Aktivitet i eliteserien.

B-lag: 20 spelarar. Aktivitet i 2. og 4. divisjon, og G18-lag.

Tilstrøyminga er en funksjon av sportslege behov og budsjett. Det er, som du sikkert forstår, svært varierende kor mange nye medlemmer me får i gjennomsnitt per investerte krone. Erfaringa så langt er at investeringar i eigen rekruttering gir best avkastning i det lange løp, men det er også viktig å forstå at tilføring av spelarar utanfrå, er en viktig del av dette, både når det kjem til utvikling, og til ei kvar tid å halda oppe eit topp sportsleg tilbod.

### **Korleis er aktiviteten i di gruppe no?**

Aktiviteten i Stord Handball Elite er alltid stor og krevjande. Det er to årsverk tilsatt fast, og minimum ytterlegare fire årsverk på frivillig basis rundt spelargruppa og arrangement. Det daglege fokuset ligg i gjennomføring av aktivitetar i samband med sportsleg aktivitet gjennom sesongen og ikkje minst vidareutvikling av dette. Å stille lag i Postenligaen medfører fleire overordna og felles krav for klubbane når det kjem til organisasjon, marknadsføring og utvikling. I praksis inneber dette alt frå pålagt sal av produkt frå felles samarbeidspartnarar (f.eks. TV2 Sumo-abonnement) til meir høgtsvevande målsetjingar og verdisett. Deler av aktiviteten i klubben er slik styrt frå sentralt hald.

Ved sida av elitelaget har me lag i 2. divisjon og 4. divisjon, og et G-20 lag som var i NM-finalen så seint som i 2012. Utenom A-laget har me lykkast i å laga ei flott treningsgruppe rundt rekrutt-laga, der spillarar som ikkje er med i A-stallen, trenar saman med dei eldste spillarane frå Stord Handball (dvs. G16 og oppover i tillegg til enkelte Old-boys).

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**

Me har ambisjonar om å utfordra toppen i norsk handball. Dette er ei målsetjing som speglar tilrettelegginga rundt det sportslege og dermed i budsjetta.

Me var svært, svært nær å komme oss til NM-finalen 2013 då me tapte semifinalen etter fire ekstraomgangar og staffekastkonkurranse mot Fyllingen, Bergen. Me ser fram til å bita godt frå oss i årets sluttspel som startar i april.

Me meiner sjølv at me ikkje har lykkast i å ta ut heile vårt potensiale så langt denne sesongen, og føler framleis me har meir å by på, og me har noko å bevisa både sportsleg og på styreplan.

### **Legg de opp til spesielle aktiviteter/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

Ja, i samband med at noverande hovudtrener, Vidar Gjesdal, har meldt overgang til hovudrival Fyllingen Bergen, har han lova oss ein avkjedspresang i form av siger i sluttspelet. Det set me sjølv sagt pris på, og ser på det som eit fint sportsleg innslag i jubileumsåret.

### **Kva for mål har de vidare framover, og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?**

Me har mål om å etablera klubben i toppen av norsk håndball, både på det sportslege, organisasjonsmessige og det økonomiske område. Me ønskjer å stå fram som eit attraktivt alternativ for spillarar spesielt i forhold til gode utviklings- og treningstilhøve. Me skal vera ein god og attraktiv samarbeidspartnar for idrettslaget, sponsorar og Stordsamfunnet generelt. Me arbeider for å bli et samlingspunkt, der alle kjem for å sjå kampane våre. Me skal levera eit produkt som alle diskuterer på godt og vondt. Dette skal gjerast i samarbeid med Stord Idrettslag og skal ha sin base i lokale spillarar.



## Orienteringsgruppa

Leiar: Henrik Ottesen

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til di gruppe?**

Me har opplevd ein nedgang i både medlemstall og antall deltakarar på dei lokale løpa heilt sidan i midten av -90 tallet. Men dei 3 siste åra har trenden snudd, og me har hatt ein auke i medlemstalet og aktiviteten i gruppa. Norges Orienteringsforbund har starta ein kampanje og sett eit mål om at 1 prosent av Noregs befolkning skal vere medlem i eit orienteringslag innan 2020. Dette skal me prøva å bidra til her på Stord, det betyr at me må dobla talet på medlemmer frå dagens 96.

### **Korleis er aktiviteten i di gruppe no?**

Dei siste åra har me starta opp igjen treningar for born og ungdom. På tysdagar har me trening på Leirvik skule. Dette er trening for born og unge frå 7 til 16 år og foregår frå september til ut mars. På torsdagar er det trening med o-teknisk for alle frå ca. 11 års alderen, denne treninga foregår heile året rundt. I tillegg har me gjennom sesongen eit godt løpstilbod i samarbeid med dei andre klubbane i Sunnhordland. Kvar tysdag har me løp der det er løyper og klassar for alle nivå og aldrar, så her er det berre og prøva seg for dei som ynskjer.

Mange har også prøvd seg på tur-orienteringa vår. Det er to ulike opplegg. ”Storatraven”, vårt klassiske tur-orienteringsopplegg der me har 60 postar spreidde rundt om i skogane våre. I tillegg starta med i fjor opp ”Litlatraven” som blei ein stor suksess. Dette er 30 postar som ligg i nærområda og er lett tilgjengelige og ypparlege å ta for born og familiar. Postane for begge opplegga ligg fast i skogen frå ca midten av mars til ut august slik at ein kan ta dei når det passar.

For dei som føler dei ikkje får nok med tilbodet lokalt så er det løp kvar helg gjennom heile sesongen både på krets- og nasjonaltplan.

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**

I år håpar me på og senda ein gjeng på 6-7 ungdommar til Hovedløpet/O-landsleir. Dette er eit uoffisielt NM for 14-16 åringar. I tillegg er det mykje god trening, ulike konkurransar og sosialt opplegg. Me håpar at dette vil gi dei unge inspirasjon til og trenar vidare. Elles så håpar me å gjennomføra dei store løpa me skal arrangera på ein god måte.

### **Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

I 100-årsjubileumsesongen skal me i tillegg til vårt årlege storarrangement, Kristtornløpa, også arrangera Vestlandsmeisterskap. Dette skal leggjast til skogsområdet rundt Fjellstova 23.-24. august med individuelt løp på laurdagen og stafett på søndagen. Me håpar på over 300 deltakarar på den individuelle delen og borti 70 lag til stafetten.



Fredagen same helga vil me også arrangera eit løp på den måten det vart gjort i 1950-åra. Dette inneber kart i målestokk 1:50 000, ekvidistanse på 30m og karttoppslag på kvar post som viser kvar den neste posten ligg og så vidare til ein er i mål. Her håpar me både ”gamle” og nye o-løparar vil prøva seg på ei skikkeleg utfordring.

**Kva for mål har de vidare framover ? Tankar om din idrett i framtida i SIL.**

Hovedmålet til Stord Orientering i åra framover er å byggja opp ein god gjeng av born og unge og halda på desse også når dei blir eldre. Klarar me det så vil det også bli løparar som vil kunne hevda seg på nasjonalt nivå.

Me har plass til mange fleire i løypene så det er berre å møte opp eller ta kontakt. Meir informasjon er å finna på heimesida vår [www.stordo.no](http://www.stordo.no), seier den nyvalde leiaren i O-gruppa, Henrik Ottesen.



## Skeisegruppa

Leiar: Henning Nordfonn

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til di gruppe?**

Skeisegruppa har i dag ca. 70 medlemmer. Medlemstalet har auka jamt og trutt sidan kunstisbanen på Vikahaugane kom.

### **Korleis er aktiviteten i di gruppe no?**

Aktiviteten i gruppa er veldig stor, noko som årssomsetninga i sesongen 2012/13 viser. Omsetninga var då i størrelsesorden kr. 700.000,-. Mesteparten av desse utgiftene gjekk til å dekkja reiseutgifter, startlisensar og startkontingentar. Me har ei elitegruppe som deltar både i inn og utland, og dette krev mykje. Me har og ei rekrutt- og talentgruppe som deltar på løp rundt om i landet.

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**


Me er no midt i sesongen 2013/14 og ambisjonane er høge i dei forskjellige gruppene. Elitegruppa tel 6 løparar og er ei av dei største gruppene frå en og same klubb i Norgescupen. Me har og som målsetjing å kvalifisera alle løparane i denne gruppa til Norgesmeisterskapa. Talentgruppa tel 10 – 12 løparar og målsetjinga her har vore å lage god treningskultur og dermed betra dei sportslege prestasjonane. Denne gruppa har hatt enorm og framgang så langt i sesongen. Medaljar i årets Landsmeisterskap i Tønsberg er innan rekkevidde.

### **Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

Me har hatt eit svært vellukka opningsarrangement i høve 100-årsjubileet på skeisbanen. Det var den, Der var det show, intervju med Ådne Søndreål, og vår eigen Kjell Storeli. Ungane som var møtte fram hadde det kjekt på isen. Mange hadde teke oppfordringa om å kle seg slik dei gjorde til OL på Lillehammer i 94.

### **Kva for mål har de vidare framover, og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?**

Skeisesporten på Stord fekk fast fotfeste etter at kunstisbanen blei realisert. For å kunna utvikle sporten vidare, og gi talenta våre gode og stabile treningsforhold (og kanskje kunna på nytt få oppleva ein OL 94-stemming her på Stord), har me som målsetjing å få denne arenaen under tak. Me har som alle veit eit klima som i lange periodar gjer det vanskeleg å halde ei konstant isflate. Det teknisk fryseanlegget får hard medfart, og til tider er det vanskelege treningsforhold. Prosjektgruppa som jobbar med planar om tak over banen, er godt i gang med dette arbeidet, og eg håpar inderleg det, vert ein realitet i nær framtid.



## Skigruppa

Leiar: Odd Stuve Rommetveit

Me har lagt turen innom til leiaren av skigruppa Odd Stuve Rommetveit for å stilla han nokre spørsmål. Han fortel først:

Soga om skiidretten på Stord kan førast attende til 1933. Det året vart det første skirennet på Stord skipa til. I alle år seinare har det vore ein eller annan lokal skiaktivitet. Frå gode vintrar, med yrande skileik, renn og konkurransar til år med snøause bakkar og vidder. I boka ”Skisport i havgapet”, som kom ut i 2013, og ført i pennen av Atle Bjørn Mæhle, har me ein sær s god historisk dokumentasjon på korleis skisporten har svinga med ver og klima, anlegg og arrangement, leiarar og løparar. Dei 80 åra frå 1933 til 2013 er dokumentert år for år. Sameleis er ymse skitema omtala, som t.d. dei ulike skigreinene, arrangement, skiarenaer, løypemaskin og nyare trendar med stor nasjonal og internasjonal Stord-deltaking. Stord har naturgjevne føresetnader for stor skiinteresse. Mange stader er det godt høveleg å gå på ski. Beste staden er nok Lysløypa ved Fjellstova og løypenettet oppover mot Heio og Steinen, tilsaman omlag 2 mil med oppkjørte løyper på det beste. Omfanget av rulleskibruk har auka mykje dei siste 10 åra. Helseportløypa og fleire andre stader gi gode treningstilhøve heile året.

Me vil gjerne vita litt om dagens situasjon og spør:

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til skigruppa?**

Me har merka ei sterkt aukande interesse dei to siste åra. Nokre år med gode snøtilhøve, gode løyper, ny løypemaskin og aktive og gode leiarar og trenarar har auka medlemsmassen til over 60 betalande skigruppe-medlemmer, varierende frå 8 til 80 år, for 2013. Spesielt har det vore ein svært gledeleg auke på ungdomssida. Nokre svært dugande foreldre er ivrige trenarar for ei gruppe som nærmar seg 20 ungdommar. Mange veteranar er med år etter år. Gledeleg er det også at stadig nye, unge veteranar, og andre føresette vert med oss i skigruppa. Tilstrøyminga elles til skigruppa viser seg når me har barneskirenn på gode skidagar. Då stiller det gjerne over hundre håpefulle på startstrekken, godt hjelpne av føresette og besteforeldre.

### **Korleis er aktiviteten i skigruppa no?**

Aktiviteten blant dei unge, frå 9 år og oppover, er aukande. Fem-seks føresette deler på trenar- og leiaroppgåvene, slik at tilboda om trening, leirar, konkurransar og anna vert attraktive. Rulleskitreninga føregår for det meste i Prestagardsskogen, nokre gonger andre høvande stader. Skitreninga vert flytta til lysløypa så snart det er spor. Skisamlingar på Voss og elles saman med kretsen har vorte svært populære. I sesongen deltar dei fleste på renn i Hordaland, fleirtalet av dei i Vossaområdet. Me kan skilta med kretsmeister, både i 2013 og i 2014.



Blant eldre ungdommar er det førebels tynt i rekkene ettersom mange år utan rekruttering ikkje fanga opp elles gode kondisjonssterke løparar.

På veteransida i det svært bra. Fleire unge veteranar, frå 35 og oppover, er komne for fullt dei siste åra. Når så dei eldre veteranane framleis er med, må me sei at veteranmiljøet er stort og godt. 15 Stord-veteranar i Helterennet på Rauland i februar er god dokumentasjon på det. Veteranane trenar mykje individuelt, men har også nokre fellestreningar og årleg treningsleir. Medlemslistene viser flest på herresida, men talet på kvinnesida aukar sakte, men sikkert.

Eigne arrangement er avhengig av snøtilhøva. Så snart det let seg gjera arrangerer me barneskirenn, helst fleire i kvar sesong. Då er tilstrøyminga og stemninga stor i Lysløypa. I 2013 arrangerte me to rulleskirenn i Prestagardsskogen. Der kjem nok fleire renn i 2014!

Me må også nemna at dagnadsaktiviteten er stor i skigruppa. Løyper og traséar vert rydda før kvar sesong, for at dei skal kunna nyttast snarast mogleg etter ein snødett. Denne aktiviteten kjem sjølv sagt også ålmenta til nytte. Kven som helst kan gå gratis i løypene som skigruppa ordnar til.

For informasjon og spreiking av skinytt nyttar me stordski.no aktivt. I tillegg vert det jamleg sendt ut direkteinformasjon til medlemmene, med tilvisingar til aktuelle termin- og resultatlistar.

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**

Etter gode treningstilhøve på rulleski i Prestagardsskogen og fleire andre stader, blant anna utover langs E39 over bruene, reknar me med å ha eit godt grunnlag for sesongen 2013/14. Dette gjeld både for ungdomsgjengen og alle andre. Deltaking på lokale Hordalandsrenn og nokre renn lenger vekke vil nok visa at Stordutøvarane kan skigåing. Fleire dokumentasjonar på det har me alt. I skrivande stund (3.2.14) kan me visa til gull og sølv i kretsmeisterskap, fleire klassesigrar og elles mange gode resultat og plasseringar. Turar til større langløp, t.d Birkebeineren og tilsvarande renn i utlandet står stadig på reiseplanen til mange veteranar.


### **Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

Skigruppa vil bli jubileumpresentert i Sunnhordland i mars. Me har også planar om eit jubileumsskirenn ved Fjellstova i mars. Det er sjølv sagt avhengig av snø for å bli gjennomført. Alternativt, eller aller helst uansett, vil eit rulleskirenn på forsommaren, i den nye traséen i Prestagardsskogen, med deltaking av OL-medaljører frå Hordaland i spissen, vera eit flott jubileumsarrangement. Planane er der! Elles har me gitt ut skiboka «Skispor i havgapet» som ein del av 100-årsjubileumet.

### **Kva for mål har de vidare framover, og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?**

Skigruppa har vedtatt eit plan- og målstyringsdokument. Der går det fram at dei idrettslege aktivitetane som no føregår skal vidareførast. Me har planar om rehabilitering og vidareutvikling av løypenettet ved foten av Stordafjellet. Det skjer i samspel med grunneigarlaget og Stord kommune. Lysløypa treng sårt ei oppgradering, og løypenettet på Heio skal utvidast og gjerast endå meir attraktivt. Noko av det arbeidet vil finna stad i 2014. I Prestagardsskogen er det no høve til å arrangera rulleskirenn, gjerne med deltaking på kretsnivå. Arbeidet er i gang for å få dette til. Blant anna må me har nytt tidtakingsutstyr.

Som me høyrer er planane og måla de, men snøen må komma, for det er grunnlaget for mest all aktivitet i skigruppa.



## Symjegruppa

Leiar: Anne Gjørseth

Me har møtt Vanja Gjørseth, mellombels leiar i symjegruppa, og spør:

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til symjegruppa?**

Tilstrøyminga til gruppa er god. Vi har i dag 120 aktive svømmere og en venteliste på 30 barn som vil inn i gruppa. I løpet av høsten vil ca 10 av disse bli tatt inn i våre rekruttgrupper. Vi annonserer ikke i media etter nye svømmere, men bygger vår rekruttering på naturlig tilstrømming og interesse. Begrensende faktor for å øke volum svømmere, er trenerkapasitet.

### **Korleis er aktiviteten i di gruppe no?**

Det er svært stor aktivitet i gruppa med bruk av bassenget syv dager pr uke. Svømmerene trener fra en til seks dager i uka, avhengig av alder og nivå. På det meste er det mellom 50 og 60 barn og ungdom i bassenget samtidig. Vi satser både på god bredde i gruppa og topp juniornivå i Norge.

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**

For sesongen 2014 satser vi på å videreføre arbeidet fra de foregående år. Hovedmålet er å bygge et godt miljø med gode holdninger, deretter vil vi utvikle flinke svømmere. Vi satser både i bredde og topp. I fjor var vi blant de ti beste juniorlag i Norge i lagsvømming. I år er målsettingen å klatre opp blant de seks beste og svømme i finaler i junior NM i november.

### **Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

Pr. i dag har vi ikke planlagt noen egen markering av jubileet, men deltar på hovedlagets aktiviteter. Vi vil legge opp til en god månedsprofilering i media, som for vår del er planlagt til november.

### **Kva for mål har de vidare framover, og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?**

Vår målsetting fremover er å bygge en gruppe toppsvømmere basert på en god breddebasis i gruppa som vil bestå av 120-130 svømmere på ulike ferdighetsnivå. Vi har også ambisjoner om å nå topp nivå i Norsk juniorsvømming. I første rekke gjelder dette lagsvømming, med finaleplass i jr NM i år og videre kjempe om medaljer i samme mesterskap i 2015. Vår hovedfilosofi innen toppsvømmingen går på å avle gode stafettlag, som igjen genererer gode individuelle svømmere. Vi vil ikke kunne bli særlig større enn det vi er i dag, men satser sterkt på god kvalitet i den gruppa vi har.



## Turngruppa

Leiar: Kjartan Bjelland Grov

Kjartan Bjelland Grov er ein travel herremann innan idretten, men me prøver å få stilla han nokre spørsmål om korleis den eldste gruppa i laget lever.

### **Korleis er tilstrøyminga til turngruppa i jubileumsåret?**

Tilgangen på medlemmer til Stord IL, turngruppa, er ganske stor. Utfordringa for oss er å få nok treningstid kombinert med dyktige trenarar. I jubileumsåret er me svært heldige og har nær 40 aktive trenarar som er frå 13 år og opp mot 80 år! Det er dei som er «limen» i gruppa vår og sørger for våre 500 medlemmer alltid kjem til ein godt planlagd og kjekke treningstimar.

Medlemstala våre har vore ganske stabile siste åra, men noko aukande. Fordelinga mellom vaksne og barn er ca 150 vaksne og ca 350 barn. Dette ser me på som særst positivt at så mange vaksne medlemmer kjem til oss og ikkje til treningssentera, dette har nok samanheng med dyktige trenarar, kvalitet på tilbod og pris. Får barn/ungdom veit me at dei har mange aktivitetar å velja. Nokre parti har litt sirkulasjon, medan andre har same medlemstalet heile tida. Dette veit me er normalt for ungdommane og me ser ikkje på dette med bekymring.

### **Korleis er aktiviteten i gruppa no?**

Stord IL turn er eit av 4 lag i Hordaland som driv med konkuranseturn for gutar. Dette er ein krevande idrett både får utøvarane og trenarane. Me har eit team av trenarar som har vore trufaste mot denne gruppa i mange tiår. Desse er i hallen 4-5 dagar i veka og trener svært mykje. Me har ungdommar som kan nå langt, men det krev 100% av alle rundt dei og ikkje minst utøvarane sjølv. Diverre er det mange av desse som sluttar i ungdomsåra – men heldigvis trivest dei i hallen og i miljøet at mange av dei stiller opp som trenarar, og det set me stor pris på.

I jubileumsåret har me fylgjande grupper:

Seks foreldre og barn grupper som trener på skulane

Fem «turnleik» grupper (6-9 år) som trener i turnhallen på Stord Idrettspark

Grunnkurs turn gutar (8-9 år). Konkuranseturn gutar (10-17 år). To «matte/tubling» grupper (10-12 år). Trampett 13-16 år. Aerobic/step/salsa for damer. Herre mosjon («Gubbetrim») for menn.

### **Kva forventningar har du til sesongen 2014?**

Det er ei spennande år me er starta på. Det er 100 år sidan vår gruppe vart starta på Stord. Me veit at det ligg mykje god grunntrening i den aktiviteten me organiserer, så me vonar at me framleis kan vera ei stor og sterk gruppe mange år framover. Skal me få dette til, er me avhengig av eit godt og dyktig instruktør- og



trenarkorps, for me ser på tilstrøyminga til partia at turn, i ulike variantar, har appell til både barn, ungdom og vaksne. Vidare er samarbeidet med halleigar Stord Kommune og driftsselskapet Stord Idrettspark veldig viktig å utvikla til beste for alle som driv idrett der.

**Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

I jubileumsåret har me eit viktig arrangement som skal gå av stabelen i september. Det er Noregsmeisterskapen i turn for damer og herrar. Dette gleder me oss svært mykje til og det er ein komite med mange dyktige medlemmer som jobbar med dette. Me håper å kunna laga eit arrangement som er ein 100-åring verdig, og det ønskjer mest av alt, er å sjå mange lokale tilskodarar i ein nyoppussa Stord Idrettspark i midten av september. Me lover mange spektakulære turnøvingar som ikkje har vore vist på Stord før, så her vert det idrett på høgt nivå.



## Volleyballgruppa

Leiar: Svein Andersland

### **Korleis er tilstrøyminga av medlemmer til di gruppe?**

Volleyballgruppa er ei gruppe i vekst, og har i år om lag 100 medlemmar. Dette er ein fin auke på om lag 30 frå sist sesong. Me opplever særleg god tilstrøyming på jentesida, der me i år har fått 18 nye jenter U15-spelarar. På gutesida er det vanskeleg å konkurrere med fotball som har blitt ein heilårsidrett. Likevel jobbar me med å vere eit attraktivt tilbod òg på gutesida, gjerne i kombinasjon med fotball og andre idrettar. Eg har mest tru på det å trene allsidig, og der har volleyball mykje å bidra med, både i forhold til balltrening, rørslemønster, eksplosivitet og taktisk tenking.

### **Korleis er aktiviteten i di gruppe no?**

Aktiviteten i gruppa er god, med god tilvekst i yngre lag, som nemnt særleg på jentesida. Ei nyskaping for oss er minivolleyball med jenter U13. Med langnett, mindre bane og tilpassa reglar kan me tilby volleyball i yngre årsklassar enn tidlegare. I minivolleyball er det fokus på balleik og mykje ballkontakt. Dette vil gje eit godt grunnlag for å bli ein god volleyballspelar. Me har og fått i gang herrelaget etter eit par års pause. Dette er viktig for rekrutteringa på gutesida. Damelaget har vore i 2. divisjon i fleire år, og har ein stabil spelargruppe.

På arrangementssida har me god rutine på å arrangere HobbyVolley to gonger i året. I år har me òg fått Kværner med som hovudsponsor. Me arrangerer i tillegg ei yngre seriehelg på vegne av regionen. Da er det 50-60 lag som vitjar Stord Idrettspark. Generelt har me tradisjon for å vere gode på å organisere turneringar og seriehelger. På utstyrssida har me investert i mykje nytt utstyr som klart hevar kvaliteten på treningane våre. Vil òg trekke fram sandvolleyballbanen som gruppa no har tatt dugnadsansvar for. Skin sola, så er det alltid full aktivitet på banen, gjerne med folk utanfor gruppa.

### **Kor mange lag/grupper har de?**

I år har me damelag i 2. divisjon, herrelag i 3. divisjon, jenter U13 (minivolleyball), jenter U15, jenter U17, jenter U19 og gutar U17. Gutar U15 har hatt noko fråfall, og er i år slått saman med U17-laget. I jenter U13 stiller det tre lag i seriespelet.

### **Kva forventningar har de til sesongen 2014?**

Forventningane til 2014 er å halde oppe aktiviteten og ha eit tilbod i alle aldersklassar. Særleg ønskjer vi å jobbe meir systematisk på rekrutteringssida. Det er òg viktig å tilretteleggje for seniorlaga på dame- og herresida. Me vil jobbe meir systematisk på trenarsida og auke kompetansen og tilfanget her. Eit tiltak er mellom anna etablering av eit trenarforum.

**Legg de opp til spesielle aktivitetar/ konkurransar i høve 100-årsjubileet?**

Me har fleire alternative aktivitetar. Eit mål er å få på plass ein eliteseriekamp i volleyball med Nyborg på herresida, gjerne i samband med HobbyVolley til hausten. Nyborg er landets beste lag, og vart nordisk meister seinast i fjor. ToppVolley Norge i Sand er òg positive til å bidra til jubileet, og kan passe inn i eit breiddearrangement med fokus på barn og ungdom.

**Kva for mål har de vidare framover og kva tankar har du om din idrett i framtida i SIL?**

Volleyball er ein populær sport med lange tradisjonar på Stord. Det ser me mellom anna i tilstrøyminga til HobbyVolley frå lokale og regionale lag. Det er ein aktivitet ein kan halde på med lenge, og er eit godt mosjonstilbod for vaksne. For yngre spelarar ser me at volleyball er eit godt alternativ til andre ballidrettar der me mellom anna legg vekt på breidde der alle som er med på laget får spele. Det skal vere ein låg terskel for å kome på våre treningar. Eit volleyballtilbod ser me òg som viktig å halde oppe for å kunne fange opp ungdom som anten, som nemnt, sluttar på fotball, eller av andre grunnar ikkje har funne eit aktivitetstilbod i idretten. Den sosiale profilen er viktig, samstundes som det å spele volleyball skal gje positive og intense opplevingar! For å styrke rekrutteringa ønskjer me òg å tilby volleyballkurs for kroppsøvingslærarar på skulane, mellom anna med fokus på bruk av langnett og balleik.

Til slutt vil eg òg lufte tanken om at gruppene kanskje i større grad kan samarbeide og lære av kvarandre. Me har fleire fellesnemnarar knytte til mellom anna treningslære og måtar å organisere aktivitetar på. Kvar gruppe sit med mykje verdfull erfaring og kunnskap som andre grupper kunne hatt nytte av å få del i. Kva kan me t.d. gjere saman for å redusere fråfallet frå idretten i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule? Tettare samarbeid og betre kunnskap om kvarandre vil kunne styrke samhaldet og respekten mellom gruppene, og dermed bidra til å stå sterkare samla som hovudlag.



# Prolog til 100-årsjubileet til Stord Idrettslag

I tida før me skriv året 1914, låg sagaøya vår i djup svevn, og vannkunne om det som sidan vart nemnt som lekamleg utfalding, eller det me i dag nemner som idrott. Nei, det ”stål som var i bein og armar”, vart soleis brukt til å ro fiskje og arbeida på åker og eng for å halda liv i familie, og dei som fylgde etter.

No vender me sogebladet til året 1914, og det seiast i saga at ein del yngre trælar hadde vakna, og svevnen broten, og dei hadde fengje godhug for å bruka lekamen til anna enn berre arbeid, utan å ha noko som helst formeining om kva dei soleis kunne taka til med, og kven som kunne då vera leiar for denne flokken? Me skriv no den tredje månaden i dette året, og høvet ville det soleis at ein træl, kalla Kaptein Holager, sa seg viljug til å leia denne flokken, der namn som Kattetvedt, Frugård, Tonning, Lillebø, W. Engelsens, m.fl. vart

Frå gode kjelder seier no saga at på den femte dagen i den fjerde månaden dette året, vart det kalla saman til rundebord. Det gjekk soleis til at ein træl i skrivaren si teneste, kalla Leif frå Tonning, sa seg viljug til å leia flokken som den fyrste storhovding, for det som i dag ber namnet Stord Idrettslag. No ville høvet det soleis at ein annan krigsmann, kapteinen frå Lekven, som hadde røynsle frå armeen, han var det no som sådde det fyrste frøet i idrottens jord, som sidan vart kalla gymnastikk og turn.

Trælen, kalla Ragnar frå Lien, var og ein som hadde godhug for dette, men ikkje før ein vossatræl, Magne frå Mugaasen, kom til sagaøya, vart det fart i turninga. Denne trælen frå Voss hadde og stor vitskap og røynsle frå skilauping. Med stor fare for liv og lemer, vart denne edle kroppsutfaldinga dyrka i Ungdomshallen der Tor frå Haugland, og John frå Fadneset fekk sin elddåp, og dei hadde nok i lange tider mange minne om ringar og bukkehopp, då dei som aldri menn såg denne hallen. Denne trælen, Tor frå Haugland, styrde sidan denne flokken, og var ein dugande leiar. Han sa soleis til nokre unge, spirande turntrælar som skulle ut å tevla: Ikkje legg eg det tungt på mine aksler om de ikkje kjem heim med gull og heider, om de berre kan visa ei god, fin framferd som høver seg for idrottsungdomen.

Nokre trælar var det og i denne tida som ville freista seg i nevekamp, der Wilhelm, den lange, frå Lie, var med, men saga fortel at ålmugen ikkje hadde godhug for dette, so levetida vart stutt for nevekjemparane.

Ein træl, som heitte Magnus Jansen, som hadde freista lukka i Amerika, vende no attende til sin gamle heimstad. Han vart no hovding for flokken etter Leif. Etter Magnus vart det no ei tid der trælen Bjarne frå Dahl vart hovding for flokken.

Då året 1920 vart skriva, kom ein træl frå Nidaros, kalla Harald frå Nordenborg, til sagaøya, og denne trælen vart no den nye hovdingen.

I denne tidbolken kom det siglande langskip frå Vest. Soleis synt det seg å vera fredsame vikingar frå England, som no gjorde strandhogg på sagaøya. Det synt seg då at desse trælane frå øyriket i Vest, kunne syna noko våre trælar ikkje tidlegare hadde sett. Det var balleik, der dei føtene bruka i leiken med ballen. Trælane våre vart no mykje nyfikne på denne balleiken, so, hovding, Harald, Ludvig frå Yttredalen, Tor frå Haugland, vossatrælen frå Mugaas med fleire, snørte no beksaum fast på føtene, og med overlag stor fare for knoklane, vart det no kappestrid på grasvollen til Torgeir frå Tvedten på Døso.

Tida gjekk, og det vart etter kvart nokre trælar som fekk godhug for laup, spjotkast og byks. Soga seier no at kramkaren Ole frå Vik, var ein framifrå lettføtt træl, som hausta stor fagnad for si lauping. Det vart ymta om at hårprydningen åt Ole, la seg baketter hovudet som fylgje av all laupinga. Mange unge trælar var det no som ville ha hårprydning lik Ole. Etter kvart vart det no fleire trælar som fekk sitja i hovdingsetet. Det var vossatrælen, Ludvig frå Yttredalen, Tor frå Haugland, og året 1934 vart no ført i soga.

Halvdan, baldstyrar, vart no leiar for flokken, og i hans leiarbolk vart det no freista med symjetevling. Vikafle vart arena for tevlinga, og her må nemnast tre glupe symjarar, Jakob frå Baugstø, Søren frå Myro, også kalla Grov, og Magne Sigurdson Hystad. Det vart tevla om eit staup, gjeve av symjelaugget frå Bjørgvin.

No fylgde John frå Fadneset som hovding. Det hende seg no ein vinterdag at trælen Dagfinn frå Vatna, sjølv ein dugande skeiselaupar, skipa skeisetevling på Ådlandsvatnet. Det seiast frå gode kjelder at halvt anna tusen kvender og trælar var møtt fram denne dagen, men helvta av dei frammøtte var til stades for å bisna på skeisene åt Harald frå Nidaros, då desse hadde sko på. Ingen frå sagaøya hadde sette noko slikt før.

Bladmann, Reidar frå Hystad, sat i hovdingsetet då myrke skyer la seg over landet vårt. Me fører året 1940 i soga. Då vart me heimsøkte av germanske hærmenn som kverrsatte øya vår, og desse germanane hadde lite godhug for fri idrottsleg utfalding. Men i denne myrke bolken av vår soga, var det ihuga trælar som med høg røyst tala om ei ny storstove. Denne vart bygd, og fekk namnet Turnhallen. .No skriv me det uforgløyemelege året 1945. Germanarane laut røma, og ”ljøs over landet strøymde”. John frå Fadneset vart hovding i sin andre bolk, og nye flokkar vart skipa. Kvender kom no saman i den nye storstova, og ei dugande kvende, kalla Åshild Severinsdotter, leia med stor innleving og vitskap fleire kvendeflokkar, og vitskapen henta ho frå framande land.

I desse ljøse tider som no fylgde, fekk nye trælar prøva seg som hovdingar. Me nemner John Wilhelmson Engelsen, ein dugande idrottstræl. Trygve frå Grøsvik, han vigde seg for fotball. Amund, bror åt før nemnde John, Svein frå Barmen fylgde so til året 1962. Då vart Johann frå Belsvik den nye hovdingen. I Johann si styringstid hende det heilt store. Ein storslegen ny Vallhall, kalla Idrottshallen, vart innvigd på Vikahaugane. I denne bolken hende det seg soleis at ein træl frå Bjørgvin, kalla Gudmund Søreson, tala med godhug for det som vart kalla handball. Dette hende i 1965. Då Johan la ned styringsklubba, skriv me året 1967. No vart Eyvind, skarptunga, den nye hovdingen. Han hadde mykje godhug for all idrott, men han tala særleg varmt for dei unge i flokken. Eyvind hadde ei lang

styringstid, og då året 1980 vart skriva, vart det trælen Gudmund frå Bjørgvin som vart den nye hovdingen. Gudmund sat i hovdingsete til året 1983. Dette året vart Eyvind skarptunge, hovding i sin andre bolk og han styrde flokkane med kraft og dugleik.

No vil mange minnast at Harald, framfuse, Karlsson fekk sitja som den store hovdingen, og mange flokkar fekk han å leia. Det kan nemnast træljar som var skrale på lekamen. Dei fekk no øva lekamen på ymis vis. Det var og træljar som dengde ball over not. I Harald si styringstid fekk me Stordstova på Ås, og den nye Vallhall reiste seg på Vikahaugane.

Etter kvart fekk me nye hovdingar. Me nemner Hans frå Åserud, Jarle frå Myklebust, Marit frå Sætre, einaste kvenda som heve vore hovding, og i med- og motstraum, styrde Henning Ivarson Stordskuta med stor vitskap og tolmod.

Når no Magne Jostein frå Myro er vår nye storhovding, vonar me at flokkane vert styrde med stø hand mot nye mål. Når desse vyrde hovdingar no er nemnde, skal det soleis seiast, at gull og stor heider, har dei ikkje hausta for sitt strev, men det er å vona at kjelda til kraft for å stemna fram, er vel eit ordtak som har vore og vonaleg vil vara:

**Mens sana in corpore sano. – Ei sunn sjel i ein sunn lekam.**

**”Krilu”**  
**Kristian Lunde**  
mars 2014



# Heidersmerkekvinner og –menn i Stord Idrettslag

Tek ein for seg lista over alle som har fått tildelt heidersmerke, så ligg det mange tusen dugnadstimar bak desse personane og alle andre som har vore inne med hjelpande hender. Studer lista med stor respekt for det arbeidet dei har lagt ned til beste for idretten i Stord Idrettslag og for stordsamfunnet.

## Heidersmerke i bronse

---

Magnus Jansen	1964	Hans Hauan	1981
Sture Gustavson	1964	Harald Haugen	1981
Borghild Yttredal	1964	Tor Vik	1981
Halvdan Hystad	1964	Ann-Marie Westerheim	1981
Reidar Hystad	1964	Paul Skjønberg	1982
John Engelsen	1964	Lars Ove Strømø	1982
Fritz Aas	1964	Erik Skar	1984
Ove Sagenes	1964	Ernst Arne Sælevik	1984
Sverre Vallestad	1964	Einar Kjærland	1984
Johan Vallestad	1964	Oddmund Roalkvam	1986
Odd Resser sen.	1964	Arne Lillebø	1987
Agnes Kyvik	1964	Kåre Løkhammer	1987
Svein Barmen	1964	Gunnar Sævig	1988
Sten Arnholt	1964	Knut Eide	1988
Trygve Berger	1964	Hans Aas	1988
Arne Berger	1964	Per Kåre Halleraker	1988
Asbjørn Lunde	1964	Finn Aasheim	1988
Johannes Belsvik	1964	Rolf Jansen	1988
Martin Tvedt	1964	Harald Huse	1988
Oddvin Grindevik	1969	Helge Nysæter	1988
Karl Ingvald Westerheim	1969	Leiv Terje Arnevik	1988
Arne Haukanes	1970	Leif D. Steensohn	1989
Harald Haukanes	1974	Aud Lunde	1990
Otto Ulriksen	1974	Berit Øvrebø Wiersen	1991
Gunnar Kannelønning	1974	Torger Tvedten	1991
Leif Sæterdal	1974	Magne Jostein Mikkelson	1991
Leif Nilsen	1974	Johnny Aasheim	1992
Isak Grov	1978	Stein Sele	1992
Øystein Eide Eskeland	1978	Målfrid Nøstbakken	1992
Magne Grov	1978	Kjellfrid Lie Økland	1992
Arne Aas Haugland	1978	Arild Aasheim	1994
Haldis Onarheim	1980	Rolf Vestre	1994
Berit Hystad	1980	Gisle Tjong	1994
Hans Robert Stokka	1980	Magnar Aaland	1995
Tor Atle Haugland	1980	Bjørn A. Njøs	1995
Jan Inge Bådsvik	1981	Lars Hollund	1995
Åge Aadland	1981	Marit Cruickshanks	1995

Eivind Steenstrup	1995	Nils Hetleflåt	2002
Kjell Arne Halleraker	1995	Øyvind Epland	2003
Andrè Skjønberg	1996	Johannes Blom	2003
Jon Anders Gjerstad	1996	Jorunn Bekkenes	2003
Jørgen Collett Skar	1996	Terje Stokken	2004
Odd Arne Lillebø	1996	Bjørn Dalen	2004
Elin Skjønberg	1996	John Kvarme	2004
Audun Baardsen	1996	Åge Hovden	2004
Tor Atle Sørheim	1996	Børge Presthaug	2004
Atle Amble	1996	Øyvind Havn	2004
Reidar Holsen	1997	Finn Christiansen	2004
Johannes Landmark	1997	Henning Johansen	2004
Kjell Håvard Belsvik	1997	Torunn Hammersland	2004
Hans O. Aaserud	1997	Cathrine Havn Nordnes	2004
Magne Klemetsen	1998	Laila Spratt	2004
Runar Øvrebø	1998	Roy Danielsen	2004
Jostein Bolset	1998	Trond Haga	2004
Kåre Tverborgvik	1998	Roald Almås	2004
Anne Marie Nyhammer	1998	Terje Tvedten	2004
Peder Stensletten	1999	Thomas Nøkling	2004
Vebjørn Lien	1999	Bjørge Bjelland Grov	2004
Øyvind H. Ingebrigtsen	1999	John Olav Michelsen	2004
Odd Stuve Rommetveit	1999	Roger Stokka	2005
Frank E. Pedersen	1999	Jarle Myklebust	2005
Åge Bjelland	1999	Hilde Marie Sæverud	2005
Jostein Tvedte	1999	Benedicte Øvrebø	2005
Atle Amble	1999	Henning R. Iversen	2006
Lars Eide	1999	Svein Hatlevik	2006
Jens Rune Kyvik	1999	Rune Waage	2006
Laila Kyvik	1999	Anders Titland	2006
Magne Spissøy	1999	Hallgeir Matre	2006
Gjert Helland	1999	Heine Nysæter	2006
Henning Nielsen	1999	Victoria Nordnes	2006
Dagfinn Hillestad	2000	Malene Vinsnesbakk	2006
Henning Nordfonn	2000	Grethe K. Brask	2006
Torunn Litlabø	2001	Lars Harald Frugård	2006
Anders Eldøy	2001	Jarle Halland	2006
Per Grønbekk	2001	Arne Bergsvåg	2006
Jan Brady	2001	Morten Danmo	2006
Reidun Myklebust	2001	Roald Nordtveit	2006
Lorenz "Lolle" Dahl	2001	Egil Hystad	2007
Borgny Fatland	2001	Randi Huglen	2007
Hans O. Gravdal	2001	Øyvind Rønhovde	2008
Sveinung Havn	2001	Nina Sleen	2008
Ove Kvalnes	2001	Tom Erling Kårbø	2008
Anne Otterå	2002	Kjetil Skulstad	2008
Kjartan Bjelland Grov	2002	Kristin Sundsteigen	2008
Edel Slettemark	2002	Oddmund Aase	2008
Steinar Slettemark	2002	Aslaug Grov Almås	2009
Jonny Huse	2002	Bjarne Børtveit	2009

Kenneth Westerheim	2009	Kjell Petter Neset	2011
Bjarne Westerheim	2009	Sigurd Kalleklev	2011
Per Steinar Lunde	2009	Leif Erik Laukhammar	2011
Ole Arthur Vaage	2010	Tjerand Espeland	2011
Anne Sissel Mugaas	2010	Harald Kårbo	2011
Joar Losnegård	2011	Harald Engevik	2011
Arve Havnerås	2011	Jan Kåre Pedersen	2012
Hans Jakob Skard	2011	Einar Balle	2012
Oddvar Skard	2011	Aud M.Litlabø	2012
Atle Heggøy	2011	Dag Foseid	2012
Atle Ersland	2011	Onar Westerheim	2012

## Heidersmerke i sølv

Bertinius Larsen	1964	Henning Nordfonn	2004
Per Sørheim	1964	Kjartan B. Grov	2005
Ludvig Yttredal	1964	Nils Hetleflåt	2005
Gerhard Haugland	1964	Jens Rune Kyvik	2005
Dagfinn Vatne	1964	Runar Øvrebø	2007
Johann Belsvik	1969	Kåre Tverborgvik	2007
Finn Kannelønning	1987	Per Grønbekk	2007
Jarle Nilsen	1987	Anne Otterå	2008
Harald Karlsson	1988	John Olav Michelsen	2008
Helge Lindeflaten	1991	Henning Nielsen	2008
Gudmund Sørensen	1991	Björg Bjelland Grov	2008
Per Magne Kyvik	1994	Åge Bjelland	2008
Per Steinar Lunde	1994	Øyvind Epland	2008
Arne Steinsvåg	1994	Henning R. Iversen	2008
Magne Jostein Mikkelsen	1995	Peder Stensletten	2009
Paul Skjønberg	1996	Åge Hovden	2010
Kjell Storelid	1997	Arne Bergsvåg	2010
Torger Tvedten	1997	Jarle Halland	2010
Hans O. Aaserud	1999	Lars Harald Frugård	2010
Magnar Aaland	2000	Grethe Brask	2010
Audun Baardsen	2000	Oddmund Aase	2010
Tor Atle Sørheim	2000	Kjetil Skulstad	2011
Erik Skar	2000	Hallgeir Matre	2011
Marit Cruickshanks	2000	Nina H. Sleen	2011
Åge Aadland	2001	Dagfinn Hillestad	2011
Magne Spissøy	2001	Bjørn Dalen	2012
Ann-Marie Westerheim	2002	Jon Kvarme	2012
Magne Klemetsen	2002		

## Heidersmerke i gull

---

John Fadnes	1964	Hans Aaserud	2004
Trygve Grøsvik	1964	Erik Skar	2005
Åshild Nitter	1964	Åge Aadland	2008
Arnulf Agasøster	1989	Ann Marie Westerheim	2009
Lars Mugaas	1989	Henning Nordfonn	2009
Erling Jensen	1991	Henning R. Iversen	2009
Erling Laukhammer	1992	Nils Hetleflåt	2010
Kristian Lunde	1994	Kjartan Grov	2011
Harald Karlsson	1995	Runar Øvrebø	2011
Paul Skjønberg	2004	Arne Steinsvåg	2012
Magne Jostein Mikkelsen	2004		

## Kongens fortjenestemedalje

---

Tor Eik Haugland, Sølv	1964
Øyvind Berger, Sølv	2007